

en hepa up lialim. hapa þr opt eigi sidr bruggu en
vð kþar þr. Yl et en haryra þræri rad þm S. h.
Sandax in nu raba gðrn er þv viltu eigi sariar
z eigi þnar. þox v þa noði. t. þrandh e þr uegi
e. rest þ os tocom hð þ allo v leid e v þam. can
þa va av þm elþar ginv læiþr ar rokar ept off
kso. Etki vil eo þlyra þ þ e veltu ilom z rad in
betrar id. þa stob. S. vþ oo bioz þv av gga. z mli
to sear þa raba þ þ er et se av þv vltv hapa z þm
gengo man vþa. Sio hibiogyn þ. t. e har cor
m; muga hl z mono þa þer hv vþa þola bana eþ

Hammn. z v. S. ecku leugr apo tali.
ar k þr aultan mylbi. oc hapdi allmik
h. v þv eor calladr muga vetr. har
comr. biozmar ula apran z lagdi tidino v elo
ro yaga. oc vltu eigi þiaz v iohu þyr helgi sdi
En of k ler þvax v ibynð hler velta vallfango
v r iohu z h let gatarvrekende z hvnt ap
vidv z legia v þvan vagn þ þ k. t. l.

Dar k hev ahny helga ot k
ar lara ga ot k kio þ ibyn
nt costnadi. of k seti þylkang. l. v
gþi. En har v þ ar noð neli. En þ
þr m þvyn z m vagt born. Eþ e
stretu þa hopo marg byrar in m
z r. heimhl. l. En þr e v gengo a
po ahsporana. þa sa þr of. ar har
ollo hino v þ heg vic z gengo þ v
opan þvyn. þa sin of k v ept
þa hð þra hð lvt vfallv vþ. hvnt vþ v tvo

ve alerp. l. En þm v eigi colte bvor ar þam
þar ar iarmrekende gæto þvian þylgi oo
þar manja k. v þr þ. t. enleat þr rir. S. l. em
sevla. l. had. drapo. Ivoe vag vico y colte þ
brynt biozymar hv halsvto.

Ditio þpar como in har k v r akup
in v þa handtekn of k. en h þr apcr þv rvm
ahæstis ksto z v; hð þær madoi. k h hvv nlti
m z calladr eigi vtr z var av ror ar. l. vng ad
vni k v þa handtekn en hvn þeg dæpn.

Iar k av þa steþu v rado v r yta. l. z beiddi
þa raba gðar nu; ser. Oc at ly eto þra þe
þuo þengor þr okvæð. ar taca of s þ r.
at h mæri eigi callar k þadan v. v þ þa setta the
de k þradom. en þr væto hð meylar stungo v r
avgo h z hogo ap ayan þor. En litar h v h gelldr.
Jvax av ror ar. l. v blindadr. har þær v drepn þ
þra lagdi h altr vnd riku har k. Gerþe þa m

AM 39 fol.:
**Paleografi, ortografi
og transkripsjon**
Frøydis Marie Ruud
Hovudfagsoppgåve i norrøn filologi
Institutt for lingvistiske og nordiske studier
Universitetet i Oslo
Hausten 2005

hvnt met mado vica þe hvndor h z
ar eg v r sim
þar k
o lamna
hð har vny of k. z þr of þ licker. ar
gangm r vavðvæulo hv þe rdyr gþ
v þa hem
rinabende hð en h hvniadi. z bnd serl
har vltu ecki þ. hlogdi av þ av gvalda
mkt gult. Hvkop hv ar h vll eigi s
vlla
ergdi
ne h
z lar
hv v r
hvnt vþ v tvo

AM 39 fol.:
Paleografi, ortografi
og transkripsjon

Frøydis Marie Ruud

Hovudfagsoppgåve i norrøn filologi

Institutt for lingvistiske og nordiske studier
Universitetet i Oslo

Hausten 2005

Føreord

Professor Kjartan Ottosson har vore rettleiaren min, og han fortener stor takk for grundig og tålmodig rettleiing, gode råd og inspirasjon.

Eg vil også takke professor Jon Gunnar Jørgensen for stønad, hjelp og gode råd.

Eg har hatt mange hjelparar undervegs og vil takke:

- Professor Odd Einar Haugen, Universitetet i Bergen, har sendt meg FacsNordic-fontane.
- Birgit Nyborg, Elise Kleivane og Børge Nordbø, tidlegare medstudentar frå det norrøne fagmiljøet. Dei har lese og kommentert delar av oppgåva. Ei særskild takk til Birgit. Det er ikkje få kaffekoppar vi har drukke på Kaffebrenneriet på Majorstua medan vi har diskutert prosjekta våre.
- Andrea Gasparini har løyst problemstillingar knytta til fontar og lagring av dokumentet i pdf-format.
- Liv Stidahl og Annikken Seip har gjeve teknisk stønad i Word.
- Inger Oppedal har lese korrektur.
- Den Armagnæanske samling i København der eg fikk høve til å lese korrektur mot originalhandskriftet av *AM 39 fol.*
- Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved Universitetet i Oslo som lånte meg fotografia av *AM 39 fol.*
- Ellen Røer Ellefsen og Zsuzsanna Kiss, kollegaer ved Studentbiblioteket Sophus Bugge, for stønad og godvilje gjennom heile prosessen.
- Mannen min, Bjørn Tore Larsen. Han har skanna inn alt som er av bilete i oppgåva. Eg har også vore glad for all moralsk og datateknisk stønad på heimebane.

Oslo, oktober 2005

Frøydis Marie Ruud

Innholdsforfeikning

Føreord	i
Innholdsforfeikning	ii
Teikn og forkortingar	v
Datateknisk informasjon	vii
Samandrag	viii
1 Innleiing: Problemstilling og disposisjon	1
2 Om 39	4
2.1 Utsjånad	4
2.2 Skrivar	5
2.3 Innhald, historie og proveniens	6
2.4 Tidlegare drøftingar av 39	10
2.4.1 <i>Gustav Storm 1873</i>	10
2.4.2 <i>Finnur Jónsson 1893-1901</i>	11
2.4.3 <i>Bjarni Aðalbjarnarson 1941-51</i>	12
2.4.4 <i>Jonna Louis-Jensen 1977</i>	13
2.4.5 <i>Ólafur Halldórsson 1976</i>	13
2.4.6 <i>Jonna Louis-Jensen 1997</i>	14
2.4.7 <i>Jon Gunnar Jørgensen 2000</i>	15
2.4.8 <i>Jo Rune Ugulen 2002</i>	15
3 Paleografi	17
3.1 Terminologi	18
3.2 Skrifthistorie	19
3.3 Grafemoversyn	21
3.3.1 <i>Minusklar</i>	21
3.3.2 <i>Majusklar</i>	44
3.3.3 <i>Forstørra initialar</i>	51
3.3.4 <i>Kapitelar</i>	58

3.4	Samanskrijving av grafem	61
3.4.1	<i>Ligaturar</i>	61
3.4.2	<i>Andre samanskrivne grafem</i>	64
3.5	Abbreviaturar	66
3.5.1	<i>Systematisering av abbreviaturane</i>	67
3.5.2	<i>Abbreviaturar i 39</i>	74
3.6	Andre teikn	86
3.6.1	<i>Aksent</i>	86
3.6.2	<i>Punkt</i>	86
3.6.3	<i>Tal</i>	88
3.7	Oppsummering av paleografien	89
4	Ortografi	92
4.1	Vokalismen	93
4.1.1	<i>Aksentbruk</i>	94
4.1.2	<i>Vokalismen i trykk tung stilling - monoftongar</i>	98
4.1.3	<i>Samanfall av fonem</i>	103
4.1.4	<i>Vokalismen i trykk tung stilling - diftongar</i>	106
4.1.5	<i>Endingsvokalismen</i>	107
4.1.6	<i>U-omlyd</i>	109
4.1.7	<i>Runding e > ø i former av pronomenet engi</i>	110
4.1.8	<i>Det ubestemde pronomenet nokkur</i>	111
4.2	Konsonantismen	112
4.2.1	<i>Korte konsonantar</i>	113
4.2.2	<i>Lange konsonanter</i>	115
4.2.3	<i>Palatalregelen</i>	117
4.2.4	<i><þ> brukt for <ð></i>	119
4.2.5	<i><ð> brukt for <d></i>	119
4.2.6	<i><z> brukt for <s></i>	120
4.3	Norvagismar i 39	123
4.3.1	<i>Nektingsprefiks</i>	123
4.3.2	<i>Konsonantsambanda hl-, hn-, og hr-</i>	124
4.4	Bøyingsverket	129
4.4.1	<i>R-bortfall i nominativ</i>	129

4.5	Oppsummering av ortografien	131
5	Konklusjon	133
6	Prinsipp for transkripsjonen	135
6.1	Hovudteksten	136
6.2	Graftypar	137
6.2.1	<i>Følgjande graftypar er nytta i transkripsjonen</i>	<i>137</i>
6.2.2	<i>Følgjande graftypar er ikkje nytta i transkripsjonen</i>	<i>137</i>
6.2.3	<i>Ligaturar som er nytta i transkripsjonen</i>	<i>138</i>
6.3	Oppløysingar	138
6.4	Samskriving versus særskrivning	140
6.5	Bestemd/ubestemd form av substantiv	140
6.6	Historisk presens	141
6.7	Noteapparatet	141
6.8	Teiknforklaringar	141
7	Bibliografi	142
Vedlegg 1 :	Transkripsjon på eit strengt diplomatarisk nivå av blada 36v – 43r av <i>AM 39 fol.</i>	T1-T35
Vedlegg 2 :	Skanna bilete av fotografa av originalhandskriftet <i>AM 39 fol.</i>	36v-43r
CD rom		

Teikn og forkortingar

	Teikn for lineslut, t.d. for eit ord som går over 2 liner utan bindestrek
[...]	Uleseleg i handskriftet
<u>konvngf</u>	Understreking tyder at bokstavane i ordet er samanskrivne
AM	Den Arnamagnæanske Samling
39	<i>AM 39 fol.</i>
akk.	akkusativ
b.	band
dvs.	det vil seie
et al	(i bibliografien) et alii (= og andre)
E	<i>Eirspennill</i>
fem.	femininum
fol.	folio
F	<i>Fríssbók</i>
G	<i>Gullinskinna</i>
gen.	genitiv
Hkr	<i>Heimskringla</i>
Hkr I	<i>Heimskringla I</i> , første del av <i>Heimskringla</i> om den norske kongeslekta frå dei eldste tidene fram til saga om Olav den Heilage
Hkr II	<i>Heimskringla II</i> , andre del av <i>Heimskringla</i> med det som tradisjonelt vore rekna som saga om Olav den heilage
Hkr III	<i>Heimskringla III</i> , tredje del av <i>Heimskringla</i> med sogene om kongane etter Olav den heilage og fram til slaget ved Re i 1177
HkrBA I-III	<i>Heimskringla</i> i Bjarni Aðalbjarnarsons utgåve. Romertala viser til band
HkrFJ I-IV	<i>Heimskringla</i> i Finnur Jónssons utgåve. Romartala viser til band

J	<i>Jøfraskinna</i>
jmf.	jamfør
l.	line(r)
KLNM	<i>Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder</i>
mask.	maskulinum
nom.	nominativ
nr.	nummer
nøytr.	nøytrum
OH	Soga om Olav den heilage
ONP	<i>Ordbog over det norrøne prosasprog</i>
pl.	plansje(plansjar)
plur.	plural(is), fleirtal
r	recto (framsida av eit blad)
sing.	singular(is), eintal
sp.	spalte(r)
StOH	<i>Saga Óláfs konungs hins helga. Den store saga om Olav den hellige efter pergamenthåndskrift i Kungliga Biblioteket i Stockholm nr 2 4t^o med varianter fra andre håndskrifter, utg. av Oscar Albert Johnsen og Jón Heglason. [= Den store/særskilte saga om Olav den hellige]</i>
t.d.	til dømes
utg.	utgåve, utgjeve, utgjevar
v	verso (baksida av eit blad)

Datateknisk informasjon

Oppgåva er skriva i Microsoft Word. Hovudfonten er Reykjavík Times, men eg har også nytta fontane Akureyri og FacsNordic for einskilde bokstavar og teikn.

FacsNordic-fonten er utvikla av professor Odd Einar Haugen, Universitetet i Bergen, og fonten har vore fritt tilgjengeleg for bruk. Det vidare fontarbeidet vil no skje i regi av Medieval Unicode Font Initiative, og det vil bli utvikla fontar av høg typografisk kvalitet. Nettsida for prosjektet er: <http://gandalf.aksis.uib.no/mufi/fonts.html>.

Det viste seg at det var vanskeleg å migrere dokumentet til pdf-format. Adobe sitt program Acrobat hadde problem med dei særskilde fontane, noko som til slutt blei stadfesta av IT-personalet ved Det Humanistiske fakultet ved Universitetet i Oslo. Dei rådde til å bruke to gratisprogram frå CutePDF (www.cutepdf.com). Dei to programma gjorde det mogleg å lagre dokumentet i pdf-format.

Alle døma frå fotografia av originalen er skanna med ein HP ScanJet 6200c skannar. Alle bileta er skanna i bitmap-format (.bmp). For nokre bilete blei den mørke bakgrunnsfargen vidare finpusa med Adobe Photoshop.

Samandrag

Frøydis Marie Ruud: *AM 39 fol.: Paleografi, ortografi og transkripsjon.*

Pergamenthandskriftet *AM 39 fol.* er heimfesta til Island og datert til omkring 1300 (*AMkat* I:28, *ONP/Registre* 432) og står *Kringla* nær i den stemmatiske tradisjonen. Berre restar er att av handskriftet, 43 blad som Árni Magnússon samla på slutten av 1600-talet. Alle blada er skrivne med same hand og inneheld tekst frå første og siste delen av *Heimskringla*. 39 er ikkje publisert i eiga utgåve, men er nytta i variantapparatet i dei store *Heimskringla*-utgåvene til Finnur Jónsson og Bjarni Aðalbjarnarson. 39 har vore ein viktig faktor i debatten om *Heimskringlas* teksttradisjon, men få har uttalt seg om språklege trekk som kan gje grunnlag for tid- og heimfesting.

Hovudsiktemålet med denne oppgåva er å granske paleografien og ortografien i 39 for å finne språklege trekk som kan fortelje når og kvar handskriftet er skriven. Dette vil gje haldepunkt for å avkrefte eller stadfeste at tidfestinga til ca. 1300 og heimfestinga til Island er rett. I tillegg har eg også laga ein transkripsjon av det undersøkte materialet.

I kapittel 1 presenterer eg problemstillinga og avgrensar materialet.

I kapittel 2 presenterer eg *AM 39 fol.* og greier ut om utsjånad, skrivar, innhald, historie og proveniens. Eg har også laga eit oversyn over korleis tidlegare forskarar har drøfta 39 i arbeida sine.

Kapitla 3 og 4 utgjer hovuddelen av oppgåva.

I kapittel 3 gjev eg eit oversyn over paleografien i 39. Det omfattar alle skrifteikna; dvs. bokstavar (minusklar, majusklar, forstørra initialar, kapitalar), ligaturar, abbreviaturar, tal og andre teikn. Alt blir dokumentert med skanna bilete og kommentert for tid- og heimfesting.

Den ortografiske undersøkinga i kapittel 4 er delt inn etter vokalismen og konsonantismen. Hovudvekta ligg på skrivemåtar i handskriftet som kan fortelje noko om tid- og heimfesting. Eg handsamar mellom anna aksentbruk, monoftongar, diftongar, samanfall av fonem, endingsvokalismen, korte- og lange konsonantar, palatalregelen, norvagismar (h-bortfall, nektingsprefiks).

Oppsummeringane av kapitla 3 og 4 gjev tid- og heimfestingar av handskriftet på grunnlag av paleografi og ortografi.

Konklusjonen min i kapittel 5 blir at heimfesting for *AM 39 fol.* til Island er rett. Når det gjeld tidfesting for *AM 39 fol.*, syner undersøkingane at dateringa til omkring 1300 er for romsleg, og eg gjer framlegg om ny datering 1270-1300.

I tillegg inneheld oppgåva to vedlegg. Det første vedlegget er ein transkripsjon på eit strengt diplomatarisk nivå av blada 36v – 43r av *AM 39 fol.* Eg har tidlegare i kapittel 6 gjeve ei oversikt over dei prinsippa som eg har lagt til grunn for transkripsjonen.

Det andre vedlegget er skanna kopi av dei fotograferte blada 36v – 43r av originalen *AM 39 fol.*

Lengst bak i oppgåva er det ein CD-rom som inneheld oppgåva i pdf-format. Vedlegg 2 finst også i ppt-format.

1 INNLEIING: PROBLEMSTILLING OG DISPOSISJON

Det islandske pergamenthandskriftet *AM 39 fol.* (39) inneheld delar av kongesogeverket *Heimskringla* (*Hkr*) som blei skriva på Island på 1200-talet. 39 er funne på Island, men er i dag arkivert i Den Arnamagnæanske Samling¹ i København.

39 er datert til ca.1300 (*AMkat* I:28, *ONP/Registre*:432), og det har alltid vore stor semje om denne tidfestinga: ”Haandskriftet er ikke af de ældste, maaske fra c. 1300” (Storm 1873:207), ”Håndskriftet er ikke ret meget yngre end 1300” (*HkrFJ* I:xviii).

39 er ikkje publisert i eiga utgåve, men er nytta i variantapparatet i dei store Heimskringloutgåvene til Finnur Jónsson (*HkrFJ*) og Bjarni Aðalbjarnarson (*HkrBA*). 39 har vore ein viktig faktor i debatten om *Heimskringlas* teksttradisjon, men få har uttalt seg om språklege spørsmål. Finnur Jónsson kommenterer svært sporadisk trekk ved ”retskrivningen” og ”enkelte ordformer”: ”[...] retskrivningen i det hele særdeles god og i visse henseender temlig gammeldags, [...]. I øvrigt er retskrivningen den, der findes i håndskrifter fra c. 1300 (*HkrFJ* I:xviii). Bjarni Aðalbjarnarson viser til dei same ordformene som Finnur Jónsson allereie har kommentert, men legg i noteapparatet til at ordformene *hqfr* og *fangit* også finst i *Fríssbók* (*HkrBA* III:lxxxvii). Ugulen (2002) skriv om språklege avvik mellom 39 og andre Heimskringlatekstar for å greie ut om overgangen mellom andre og tredje del av *Heimskringla*. Men språklege trekk har aldri vore utgangspunktet for ei analyse av 39, og det finst inga grunngeving for tid- og heimfestinga.

Målet mitt med denne hovudfagsoppgåva er å granske paleografien og ortografien i 39 fordi eg ønskjer å finne språklege trekk som kan fortelje nærare når og kvar handskriftet er skriva. Det vil gje haldepunkt for å avkrefte eller stadfeste at tidfestinga til omlag 1300 og heimfestinga til Island er rett.

I dette kapitlet gjer eg greie for problemstillinga og disposisjonen i oppgåva.

I det andre kapitlet vil eg presentere tekstmaterialet, dvs. *AM 39 fol.* Det omfattar utsjånad, proveniens, histore, innhald og oversikt over forskarar som har gjeve tilskot til forståinga av 39.

¹ Dette er namnet frå og med 1.juli 2003. Tidlegare var namnet Det Arnamagnæanske Institut

Kapittel 3 og 4 er hovuddelen av oppgåva. I kapittel 3 gjev eg eit paleografisk oversyn over alle skrifteikna i 39: oversyn over alle bokstavane, samanskiving av bokstavar, abbreviaturar og andre teikn. I kapittel 4 legg eg fram hovudtrekk ved ortografien i 39.

Femte kapittel utgjer konklusjonen. Her trekkjer eg fram haldepunkt frå oppsummeringane av paleografien og ortografien og freistar å avkrefte eller stadfeste at tidfesting til ca. 1300 og heimfesting til Island er rett.

I kapittel 6 legg eg fram prinsippa for transkripsjonen.

Det finst to vedlegg. Det første vedlegget er ein transkripsjon på eit strengt diplomatarisk nivå av blada 36v – 43r av *AM 39 fol.*

Det andre vedlegget er skanna bilete av fotografia av blada 36v – 43r av originalhandskriftet.

Lengst bak er det ein CD-rom som inneheld oppgåva i pdf-format. Vedlegg 2 finst også i ppt-format.

39 er restar av eit handskrift og inneheld i dag 43 blad (Amkat I:28). Eg har ikkje undersøkt heile 39, men har avgrensa undersøkinga frå blad 36v til og med blad 43r. Det ideelle hadde sjølv sagt vore å bruke eit fyldigare materiale. Det hadde gjeve betre bakgrunn for konklusjonane, men det hadde blitt for stort for denne typen oppgåve. Heile handskriftet er skriva med same hand (sjå 2.2), og det borgar for at ein mindre del av teksten kan representere heilskapen. Når eg i oppgåva refererer til ”heile materialet” eller ”i 39” meiner eg dei blada som eg har undersøkt, altså frå blad 36v til og med blad 43r. Dersom eg legg ein endå mindre del av materialet til grunn, opplyser eg alltid om kva slags blad eg har undersøkt.


Det daglege arbeidet med oppgåva er gjort på grunnlag av fotografi av handskriftet.

Fotografia, som er svært gode, høyrer til samlingane ved Intitutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo. 39 blei fotografert i 1970 ved det som den gongen hadde namnet Det Arnamagnæanske Institut i København. Handskriftet er teke opp på 70 mm svart/kvit film. Dei fleste blada er fotograferte med alminneleg lys. Men blad 2, 3, 7, 8, 9, 10 og 11 (for alle både recto- og versosida) er tekne opp med ultraviolett lys.² Det ultraviolette lyset er brukt på dei mørkaste blada som har vore nytta til innbinding av andre bøker.

Eg vitja Det Arnamagnæanske Institut i 2001 der eg fekk høve til å lese korrektur mot originalen.

² Opplysingar frå fotograf Suzanne Reitz, Den Arnamagnæanske samling, e-post 2005-04-07

Under gjennomgangen seinare i oppgåva viser eg som regel til døme frå 39 for å illustrere språklege trekk. Dersom døma er forkorta, blir dei oppløyste, og alle døma blir alltid skrivne i unormalisert form, dvs. at dei er lagde så tett som mogleg opp til den forma dei har i 39, både når det gjeld paleografi og ortografi. Eg gjentek ordet, uttrykket eller setninga i normalisert skrivemåte etter ein skrå strek. Normalisert ortografi av klassisk norrønt byggjer på islandsk språk omkring 1200-talet. Normalortografien gjev eit stilisert bilete av norrønt språk og får det til å sjå ut som ein ryddigare heilskap enn det handskrifta speglar (Haugen 1995b:23). Eg finn det likevel både nyttig og praktisk å vise til normalortografien når eg skal undersøkje språklege trekk i 39. I denne oppgåva viser eg til ortografien i Heggstad, Hødnebo og Simensen *Norrøn ordbok* (1975) når eg refererer til normalortografien, t.d.:

	<p>eptir þall magnvs berþætz com vestan.. / eptir fall Magnús berfœts kom vestan...(36vA32)</p>
---	---

På den andre sida brukar eg eit anna notasjonssystem når eg skriv om fenomen innanfor fonologien. Dette gjeld særleg for kapittel 4 om ortografien der eg handsamar vokalismen og konsonantismen i 39. Dette notasjonssystemet er IPA-systemet som er vanleg praksis i dag. Der skriv eg t.d. /ø:/ i staden for /œ/ og /ɔ/ i staden for /o/.

2 OM 39

39 er eit pergamenthandskrift som Árni Magnússon, (1663-1730), den islandske handskriftsammlaren og professoren ved Universitetet i København, samla saman frå ymse delar av Island. ”AM 39 fol. er de Brudstykker af ét Haandskrift, som Arne Magnussön samlede sammen fra forskjellige Kanter paa Island” (Storm 1873: 207). Det er sterkt defekt, og vi reknar med at halvparten er borte (Louis-Jensen 1997: 233). Handskriftet inneheld partar av kongesogeverket *Heimskringla* (*Hkr*) som blei skriva på Island på 1200-talet.

Heimskringla fortel om dei norske kongane frå dei eldste tidene og fram til slaget på Re i 1177. Det er tradisjon for å dele verket i 3 delar. Den første delen (*HkrI*) inneheld ein prolog, *Ynglingasoga* fram til *Soga om Olav den heilage* (*OH*), den andre (*HkrII*) inneheld *Soga om Olav den heilage*, og den siste tredjedelen (*HkrIII*) inneheld resten fram til slaget på Re i 1177. Det er eit allment syn at Snorri Sturluson (1179-1241) er forfattaren av *Heimskringla*, og at han skreiv verket på 1220-talet etter det første opphaldet sitt i Noreg. Handskriftet *Kringla* inneheld alle dei tre delane, medan dei andre handskrifta berre inneheld brotstykke eller ein eller to av delane (Ugulen 2002:1). Namnet *Heimskringla* fekk verket på 1600-talet og gjeld den samla redaksjonen av dei tre delane (Jørgensen 2000:10).

39 blei tidleg etablert som eit viktig handskrift innanfor *Heimskringlas* teksttradisjon fordi det står *Kringla* nær (Storm 1873:207, HkrFJ I:xviii), og tilskot til forståinga av 39 blir ofte på same tid tilskot til forståing av *Heimskringlas* teksttradisjon. 39 har vore sentral i debatten om *Heimskringla* som eit heilskapleg verk, og om *OH* som ein integrert del av verket og startpunktet for tredje delen av *Heimskringla*.

2.1 Utsjånad

39 er sterkt defekt, og vi reknar med at halvparten er borte (Louis-Jensen 1997: 233). Såleis som 39 framstår i dag, er handskriftet sett saman av 43 blad, fordelt på 11 fragment. Kålund skriv (*AMkat* I:28) at ”Bladene ere sværtede og beskadigede”. Dette gjeld særleg dei ti første blada, men heile handskriftet er gjennomgåande mørkt. Allereie P.A.Munch lanserte den teorien at fargen på handskriftet kan seie oss noko om islandsk bokeeksport til Noreg. Dei handskrifta som har vore i Noreg, er i betre stand og er mindre mørke enn dei som er funne på Island på grunn av betre lagring og mindre slitasje (Jørgensen 2000:21). Utifrå

argumentasjonen til Munch må den mørke fargen hos 39 vere eit teikn på at handskriftet ikkje har vore utanfor Island.

Dei 10 første blada har blitt brukte til innbinding av andre bøker. På grunn av tilskjering er dei mindre, ca. 28 gonger 19,5 cm, enn dei andre 33 blada som måler 29 gonger 21,5 cm (*AMkat* I:28).

I 39 er det skrivi på framsida (rectosida) og baksida (versosida) av kvart blad. Kvar side har to spalter, og kvar spalte har opp til 37 liner. Nytt avsnitt blir markert med overskrift og initial. Overskriftene er skrivne med raudt blekk og er plasserte til høgre i spalta. Svarte, staselege initialar som går over fleire liner er plasserte til venstre. Kålund skriv om "røde kapiteloverskrifter, sorte initialer, der synes at være tilføjede i en senere tid" (*AMkat* I:28) Vitjinga ved Det Arnamagnæanske Institut var særleg nyttig for forståinga av overskriftene og aksentane. På grunn av den raude fargen blei overskriftene nesten usynlege i fotografia.

"Min" del av 39 er gjennomgåande mørk. Alle blada, og særleg blad 39, har hol og rifter.

Delar av blad 37 og 41 er bortskorne: Den nedste delen av blad 37 er bortskoren såleis at line 37 i den inste spalta er borte. Den nedste delen av blad 41 er bortskoren såleis at teksten i den ytste spalta er borte i linene 34-37. Det kan vere eit problem med gjennomskin frå den andre sida av eit blad, og ein kan undre på om ein uklår strek er eit forkortingsteikn eller berre gjennomskin frå den andre sida, sjå t.d. þrar / þeirar (36vA28). Dei særleg mørke partia er i utkantane av blada, og det har vore godt å støtte seg til teksten i *HkrFJ* III for å dechiffre teksten i 39. Bortsett frå dette er teksten ikkje vanskeleg å lese.

2.2 Skrivar

Skrivaren av 39 er anonym, men handskriftet er skrivi med ei og same hand, og Kålund karakteriserer handa som "Fast og smuk hånd" (*AMkat* I:28). Ole Widding, som tidlegare var leiar av Den Arnamagnæanske Kommissions Ordbog, har identifisert skrivaren av 39 med skrivaren av følgjande handskrift:

AM 232 fol. (*Barlaams saga ok Jósafats*)

AM 162 B δ fol. (*Njálssaga*)

AM 49 8vo (*Biskop Arnes kristenrett*)

Widding demonstrerte identifiseringa på ei truverdig måte for Lars Lönnroth under ei vitjing i København i 1964 (Lönnroth 1964:66). Stefán Karlsson hevdar på den andre sida at desse fire handskrifta kan ha opphav i det same miljøet, men han trur ikkje at dei er skrivne av den same personen. Han er særskild skeptisk til at 39 er skriven av den same handa som dei andre. Han

føyer dessutan til to nye fragment i denne gruppa: AM 162 B β fol. (*Njálssaga*) og AM 383 II 4to. (*Þorláks saga*) (Stefán Karlsson 1967:56).

2.3 Innhald, historie og proveniens

39 har i dag 43 blad fordelt på 11 fragment. Árni Magnússon samla saman handskriftet frá ymse delar av Island.

Blad 1, 4, 5 og 6 fekk han i 1703 frá Skarð på Skarðsströnd. Dei hadde vore nytta utanpå ei bok som presten i Hítardal, Jón Guðmundsson (1590-1634) hadde átt.

Blad 2 og 3 fekk han av Þorsteinn Þórðarson i 1686. Blada hadde vore nytta som omslag til eit handskrift av *Eyrbyggja saga* som opphavleg var i eiga til ein annan prest i Hítardal, Þórður Jónsson (1609-1670), sonen til Jón som er nemnd ovanfor.

Blad 8 og 10 var utanpå ei bok som faren til Árni Magnússon hadde átt.

På blad 7 er det skriva med Árni Magnússons hand at han fekk det i april 1704 frá Miðdalir.

På blad 9 er det også skriva med Árni Magnússons hand at det hadde vore eit bokomslag som han fekk av Sigríð, dotter til presten Erlendur Ólafsson på Melstaður.

Vi har ingen sikre opplysningar om proveniens for dei andre blada, 11-43, men dei ber preg av einsarta konservering og av å ha høyrt saman i lang tid (*HkrFJ* I:xv-xvi; *AMkat* I:29).

Dei 10 første blada er meir eller mindre usamanhengande restar frå *Hkr* I. Blad 11-43 danner ein einskap bortsett frå tre mindre lakunar. Starten på blad 11 er *OH*, kap. 245 (= *HkrFJ* II:519,1.2) og slutten på blad 43 endar med *Hkr* III (= *HkrFJ* III:351,1.1) (Louis-Jensen 1977:18, 38).

Via andre, eldre kjelder er det mogleg å finne fleire spor av det opphavlege innhaldet i 39:

Kålund (1900:xxx) var den første som hevda at 39 var det handskriftet som Jón Eggertsson kjøpte i 1682 av Þorsteinn Þórðarson på Skarð for 30 riksdalar. Dette var den same Þorsteinn Þórðarson som i 1686 ga Árni Magnússon ei bok som var bunden med to blad frå 39. Kålund (1902) skifta seinare meining og identifiserte dette handskriftet med *Húsafellsbók* (Papp. Fol. Nr. 22). Bjarni Aðalbjarnarson tok oppatt den opphavlege hypotesen til Kålund om at 39 er identisk med det handskriftet som Jón Eggertsson kjøpte i 1682 av Þorsteinn Þórðarson på Skarð (*HkrBA* III:lxxxvii). Ólafur Halldórsson har seinare argumentert svært godt for at dette handskriftet er *Húsafellsbók*, og dette er akseptert i dag. *Húsafellsbók*, som er ei papiravskrift av ymse kongesoger, har gjeve oss verdfull informasjon om 39. Avskrifta blei tinga av presten Þórður Jónsson i Hítardal (1609-1670) som sjølv skreiv nokre delar. Han samanlikna den ferdigskrivne *Húsafellsbók* med andre bøker og manuskript, mellom anna 39. Tekst frå blada

11, 12 og 13 i det noverande 39 er brukt som utfyllande notar i margin og over linene i *Húsafellsbók*. Det viser seg at han har brukt tekst som ikkje finst i det noverande 39, noko som syner at 39 hadde eit større omfang tidlegare. Han må ha hatt tilgang til eit blad frå den lakuna som no eksisterer mellom blad 10 og 11 (Ólafur Halldórsson 1976:406).

Den vidgjetne Arngrímur Jónsson (1568-1648) må ha hatt tilgang til ei avskrift av *Heimskringla* då han skreiv *Crymogæa* omkring 1600. Arngrímur siterer verbatim opningsorda frå prologen til *Heimskringla*, og allereie Finnur Jónsson hevdar at denne avskrifta må ha vore 39. Arngrímur budde på garden Melstaður då han arbeidde med *Crymogæa*, og vi veit at Árni Magnússon fekk eit fragment av 39 av dottera til presten Erlendur Ólafsson som budde på Melstaður og var etterfølgjaren til Arngrímur. Resten av fragmenta kom også frå det same geografiske området, så dette er endå eit indisium på at den avskrifta som Arngrímur brukte, kan ha vore 39 (*HkrFJ* I:xvi). Jakob Benediktsson (1907-1999), som har skriva boka *Arngrímur Jónsson and his works*, stór det synet at den *Heimskringla*-avskrifta som Arngrímur brukte, truleg er 39. Noko av grunngjevinga er at 39 er den einaste av *Heimskringla*-avskrifta som har vore på Island medan Arngrímur levde. (Jakob Benediktsson 1957:85). Det er sannsynleg at Arngrímur fekk tak i handskriftet frå bispearkivet i Hólar. Han var rektor ved skulen i Hólar på slutten av 1500-talet, og handskriftet blei kan hende med til Melstaður der han arbeidde med *Crymogæa*. Seinare blei handskriftet truleg splitta opp etter at Arngrímur var død (Ugulen 2002:34). Ugulen spekulerer på om 39 kom til Hólar frå Noreg med ein av dei mange norske biskopane. Ortografien i handskriftet har drag som peikar mot tilpassing til ein norsk marknad (2002:34). Men norvagismar i eit islandsk handskrift var slett ikkje uvanleg, og vi har ingen handfaste spor av 39 utanfor Island i mellomalderen.

Konklusjonen på denne historiske gjennomgangen er at det ikkje er mogleg å spore 39 lenger tilbake i historia enn til ca.1600 då Arngrímur Jónsson sannsynleg hadde tilgang til dette handskriftet under arbeidet med *Crymogæa*.

For oversikt over innhaldet i alle dei 11 fragmenta viser eg til Finnur Jónsson (*HkrFJ* I:xvi-xvii) og Jo Rune Ugulen (2002:22). Begge viser til teksten i *HkrFJ* I-III, Finnur Jónsson til sidetal og line, og Ugulen til namn og kapittelinnending i dei ymse kongesogene.

Eg har valt å nytte *HkrFJ* som referansetekst. ”Denne utgaven har hatt stor betydning, og den er slett ikke dårlig, selv om den kan kritiseres på flere punkter. Den er fremdeles enerådende som tekstkritisk vitenskapeleg utgave av *Heimskringla*” (Jørgensen 2000:51).

For materialet mitt har eg nedanfor laga ei detaljert oversikt over innhaldet for kvar spalte i 39 med tilvising til teksten i *HkrFJ* III :

Blad, side (r/v), liner i 39	Viser til orda i første line i 39	Viser til kongesoge, sidetal og linenummer i <i>HkrFJ</i> III
36vA1-11 36vA12-37	Magnvs konvngr var... Eptir þall magnvs konvngrf..	Magnúss saga berrfœtts 265:23 – 266:12 Magnússona saga 267:3 – 268:19
36vB1-37	þa hæði hann .lx. fkipa...	Magnússona saga 268:19 – 272:3
37rA1-36	mikil afþani oc halþ...	Magnússona saga 272:3 – 274:19
37rB1-37	þa fcuto þeir oc...	Magnússona saga 274:19 – 277:8
37vA1-37	þa er menn hœþdo tekít...	Magnússona saga 277:8 – 280: 4
37vB1-37	allom mætti finom oc...	Magnússona saga 280:5 – 282:15
38rA1-37	konvngr ocallir...	Magnússona saga 282:15 – 285:6
38rB1-37	allmioc vandat at...	Magnússona saga 285:6 – 287:8
38vA1-37	ðr æþ þe ricr...	Magnussona saga 287:8 – 289:19
38vB1-37	magnvs. hann var bratt...	Magnússona saga 289:19 – 292:5
39rA1-37	heldr en naýt....	Magnússona saga 292:5 – 294:5
39rB1-37	kirkio: æþ grvndvelli...	Magnússona saga 294:5 – 296:13
39vA1-37	En eptir andlat...	Magnússona saga 296:14 – 299:1
39vB1-37	naccvarir þeir lutir...	Magnússona saga 299:1-301:10
40rA1-37	niðr logð ocgecc...	Magnússona saga 301:10-303:16
40rB1-37	nv igagn takít...	Magnússona saga 303:16 – 306:1
40vA1-37	menn þoro at fœpa...	Magnússona saga 306:1 – 308:11
40vB1-12	ði gepit honom...	Magnússona saga 308:11 – 309:7
Finst ikkje i 39		Magnússona saga 309:8 - 312:24
40vB13-37	Sigvrðr konvngr let sva...	Magnússona saga 312:25 – 314:8
41rA1-37	Magnvs founr figvrðar konvngrf...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 315:1 – 317: 12

Blad, side (r/v), liner i 39	Viser til orda i første line i 39	Viser til kongesoge, sidetal og linenummer i <i>HkrFJ</i> III
41rB1-37	ði fvarit rikit aþ...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 317:12 – 320: 1
41vA1-36	logði igognom...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 320:1 – 322:3
41vB1-36	afbið:n oc nereip...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 322:3 – 324:7
42rA1-36	Vvinfællt mon þat...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 324:7 – 326:14
42rB1-36	fætr.svmt ikirkio:...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 326:14 – 329:2
42vA1-37	var haraldr einn...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 329:2 – 331:4
42vB1-37	finn. fogðo at vindr...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 331:2 – 332:24
Finst ikkje i 39		Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 332:24 – 340:17
43rA1-37	Sigvrðr var ibarnefko...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 340:17 – 343:9
43rB1-37	maðtolf bondonom let...	Magnúss saga blinda ok Haralds gilla 343:9 – 345:13

Tabellen viser at det er to store avvik mellom teksten i 39 i forhold til teksten i *HkrFJ* III:

1. Det første avviket er at ei jarteiknsoge er borte. Ho handlar om ein ung danske som blir fanga av vendarane, men klarer å flykte med hjelp av Olav den heilage. Ei samling med jarteikn som er knytta til Olav den heilage, er plassert på slutten av *Den store soga om Olav den heilage (StOH)*. I *Kringla* finn vi alle desse undra, medan dei andre handskrifta berre har med nokre få. Soga som er borte i 39, finst berre i *StOH* og i *Kringla* (Jørgensen 2000:67-69). Det er ikkje markert nokon lakune i 39 på denne staden; tvert om går teksten i eitt, og det nye avsnittet er markert med ein forstørra initial. Det er likevel vanskeleg å vite om det dreier seg om ei medveten utelating eller ikkje. Bruk av ordet ”utelating” tyder at teksten har vore med i førelegget, eller i alle

fall i arketypen. Sidan det berre er Kringla og StOH som har denne jarteiknsoga, er det meir sannsynleg at det er eit tillegg i Kringla (Jørgensen 2000:67/69).

I avsnittet ovanfor finn vi den einaste jarteiknsoga i ”min” del av 39: Tora, mora til Sigurd Jorsalfar, let skjera tunga ut av Kolbein. Han søker skrinet til St.Olav og drøymmer at Olav dreg i tungestumpen og vaknar frisk.

2. Det andre avviket er at eit heilt blad manglar. Blad 42vB, line 37 endar midt i eit ord: ’fkipo’ som blir skriva ’skipuðu’ i *HkrFJ* III:332, 1.24. Finnur Jónsson skriv i noteapparatet: ”skipuðu: med skipo ender næstsidste blad i 39; der mangler ét blad” (*HkrFJ* III:332). Endinga midt i eit ord tyder på at det ikkje er ei redigert utelating, men berre eit blad som er blitt borte. Teksten som er blitt borte, handlar om kong Rettibur og vendarane sitt åtak på Konghelle, Magnus den blindes lagnad etter lemlestinga og første del av Soga om Sigurd Slembe.

2.4 Tidlegare drøftingar av 39

Her vil eg gje ei kronologisk oversikt over forskarar som har gjeve tilskot til forståinga av 39.

2.4.1 Gustav Storm 1873

Gustav Storm (1845-1903), kjend norsk historikar og kjeldegranskar, omtalar 39 i avhandlinga si frå 1873: *Snorre Sturlassöns historieskriving*. Denne avhandlinga er eit svar på ei prisoppgåve som blei utlyst i 1870 av Det kongelige danske videnskabselskab i København. Prisoppgåva er formulert som fire spørsmål:

Hvilke ere de udvortes Vidnesbyrd for, at Snorre er Forfatter af
Heimskringla, og hvad hörer der til dette Værk?

Hvorledes er Snorre som Forfatter gaaet tilværks, og hvilke have hans Kilder
været?

Kan noget enkelt Haandskrift antages at indeholde Heimskringla
fuldstændig, men hvis ikke, hvorledes er da samme at bringe tilveie?

Og I hvilket Forhold staar Heimskringla til den Tid, da de bedste og fleste af
Islands særegne historiske Sagaer bleve nedskrevne

(Storm 1973:føreord)

Storm løyste oppgåva på ei framifrå måte og fekk gullmedaljen. Avhandlinga er ”trolig det viktigste bidrag til kunnskap om Heimskringla vi har fått noensinne” (Jørgensen 2000:50).

Storm omtalar 39 berre kort i kapitlet ”Om Haandskrifterne”. Han gjev opplysingar om

innhald og tidfesting og slår fast det nære sambandet mellom *Kringla* og 39; ”næsten som en Afskrift af *Kringla*” dersom 39 ikkje hadde brukt utdraget frå Adam av Bremen og utelate mange fortellingar om jarteikn i samband med Olav den heilage (1873:207). Han viser dessutan til slektskapen mellom 39 og *Fríssbók*, fordi det er berre desse to handskrifa som har utdraget frå Adam av Bremen (1873:78-79).

2.4.2 Finnur Jónsson 1893-1901

Finnur Jónsson brukte *Kringla* som hovudhandskrift då han i åra 1893-1901 publiserte utgåva si av *Heimskringla*. Han verdset 39 høgt fordi det sluttar seg nær til *Kringla* ”efter *Kringla* - et af de ældste og bedste håndskrifter af *Heimskringla*” og ”gör derfor fortrinlig nytte i tekstkritisk henseende” (*HkrFJ* I:xv, xviii). Han hevdar sjølv at han har nytta 39 fullt ut i variantapparatet:

I hvert enkelt tilfælde kan den skönsomme læser selv, hvis han har lyst, konstruere den tekst, varianterne forudsætter. Hvad *disse* angår, er de *fuldstændige*, d.v.s. alle, endogså de mindste afvigelser fra alle de benyttede håndskrifter er optagne i anmærkningerne under teksten; dog er åbenbare skrivefejl kun undtagelsesvis anførte.

(*HkrFJ* I:xlviiii)

Varianterne skulde være, som anført, så fuldstændige som muligt. Til betryggelse heraf har jeg ved korrekturlæsningen sammenlignet teksten i *dens helhed* med *alle* håndskrifter (og ikke blot de i mit manuskript optegnede varianter), undt. 18, fol. Alligevel er der indløbet enkelte – som jeg håber – meget få, fejl. For tydeligheds skyld er varianterne til versene satte for sig, og her er de enkelte håndskrifters *skrivemåder* nøjaktigere og fyldigere medtagne end ellers.

(*HkrFJ* I: lii-liii)³

Bjarni Aðalbjarnarson tek seinare til motmæle mot dette synet på eit dekkjande variantapparat for 39. Dette kan eg seie meg samd i etter å ha undersøkt 39. I noteapparatet i transkripsjonen gjer eg merksam på skilnader mellom 39 og *HkrFJ* som Finnur Jónsson ikkje gjer greie for.

³ Alle uthevingane er gjorde av Finnur Jónsson sjølv.

Finnur Jónsson greier ut om proveniens, historie og innhald i 39 og kommenterer særskilde språklege trekk. Han konkluderer med at det er ikkje noko som talar for at 39 har innehalde anna og meir enn *Heimskringla*. Men allereie han peikar på at det er


et stort spørsmål, om det ikke har manglet Olaf d. helliges saga til kap. 239, hvor Eirspennill begynder.... Det er mærkelig, at der intet som helst er bevaret af den egl. Olafs saga, men ikke så lidt både foran og efter.

(HkrFJ I:xvii-xviii)

Utgåva til Finnur Jónsson har ”stor betydning, og den er slett ikke dårlig, selv om den kan kritiseres på flere punkter. Den er fremdeles enerådende som tekstkritisk vitenskapeleg utgave av *Heimskringla*” (Jørgensen 200:51)

2.4.3 Bjarni Aðalbjarnarson 1941-51

Bjarni Aðalbjarnarson gav ut utgåva si av *Heimskringla* i perioden 1941-51. Dette er ikkje ei kritisk utgåve, men ei leseutgåve for vanlege islendingar. Han har likevel nytta moderne tekstkritiske prinsipp, og utgåva er blitt eit viktig tilskot til *Heimskringlas* teksthistorie (Louis-Jensen 1977:5). Han viser at Finnur Jónsson ikkje har nytta 39 fullt ut i variantapparatet jamvel om Finnur Jónsson sjølv hevdar det: ”Texti 39 er hvergi nærri greindur til hlítar í útgáfu Finns Jónssonar” (*HkrBA* III:lxxxvii, note 3). I samsvar med Storm såg han på teksten i 39 som svært god. Bjarni Aðalbjarnarson kom fram til eit todelt stemma etter eit grundig tekstkritisk studium (Jørgensen 2000:54):



Figur 2-1: Stemma etter *HkrBA* III:xciv.

Som vi ser deler han handskrifta i ei x- og ei y-klasse, og denne inndelinga er i hovudsak akseptert av seinare forskarar. *Kringla* er hovudhandskriftet i x-klassa, medan *Jöfraskinna* er det viktigaste i y-klassa (Jørgensen 2000:54). Bjarni Aðalbjarnarson gjer sjølv merksam på at stemmaet er av mellombels karakter og at det endelege stemmaet ikkje kan stillast opp før det

er gjort ein grundig og kritisk gjennomgang av alle handskrifta (*HkrBA* III:xcv).

Han drøftar ikkje særskilt spørsmålet om 39 har innehalde *Soga om Olav den heilage (OH)*, men det kan det sjå ut som han meiner det. Han skriv berre “Í ÁM 39, fol. er aðeins niðurlag Ólafssögunnar. Hefst texti þess í 245. kap.[...]”⁴ (*HkrBA* II:cviii).

2.4.4 Jonna Louis-Jensen 1977

Jonna Louis-Jensen drøftar i boka si, *Kongesagastudier*, verdien av eit sams stemma slik som Bjarni Aðalbjarnarson hadde etablert, etter som det varierer kva for handskrift som inneheld dei ulike tredjedelane av *Heimskringla*. Ho meiner at kvar tredjedel av *Heimskringla* må sjåast for seg, og dette inneber at ein må lage eit stemma for kvar av tredjedelane (Louis-Jensen 1977:36)

I samband med denne problemstillinga peikar ho på ein påfallande skilnad i 39 mellom dei 10 første blada og resten, både når det gjeld storleiken på blada og tekstflaten. Det kunne sjå ut som om det er to handskrift med same skrivar. Det eine handskriftet ville i så fall innehalde *Hkr I* medan det andre hadde teke til med anten starten av *OH* eller som *Eirspennill* med *Sveinn Alfifusons saga* (= kap. 239 i *HkrFJ* II), dvs. *OH* hadde mangla. Eit restaureringsarbeid av 39 førte til at handskriftet blei teke ut av bandet sitt. Det gjorde det mogleg å studere leggfordelinga, og Louis-Jensen konkluderer undersøkinga med at ein må “formode” at handskriftet har innehalde heile *OH*. Ho peikar også på at rectosida av blad 11 er ekstra sliten i forhold til dei andre, noko som tyder på at lakunen framfor blad 11 har vore gamal (Louis-Jensen 1977:19). Jonna Louis-Jensen “formoder” altså i hovudteksten at 39 har innehalde *OH*, men ho uttrykker seg meir kategorisk i det engelske samandraget: “However, since only K and 39 are definitely known to have contained all three parts of Hkr...” (1977:192).

2.4.5 Ólafur Halldórsson 1976

Ólafur Halldórsson var i 1976 bidragsytar i festskriftet *Minnjar og menntir* dedisert til den islandske arkeologen og dåverande presidenten, Kristján Éldjárn, med artikkelen *Um Húsafellsbók*. Det er i denne artikkelen at han definitivt identifiserer *Húsafellsbók* med det handskriftet som Jón Eggertsson kjøpte i 1682 av Þorsteinn Þórðarson på Skarð og ikkje med 39. Presten Þórður Jónsson samanlikna den ferdigskrivne *Húsafellsbók* med andre bøker og manuskript. Tekst frå blada 11-13 i det noverande 39 er brukt som førelegg for utfyllande

⁴ I *AM 39 fol.* er bare slutten av Olafssagaen. Teksten startar med kap.245 (mi oversetjing)

notar i margen og over linene i *Húsafellsbók*, og viser at Þórður Jónsson má ha hatt tilgang til minst eit blad som høyrer til ei lakune som eksisterer mellom blad 10 og 11. Innhaldet i denne lakuna er frå slutten av kapittel 80 i *Óláfs saga Tryggvasonar* og fram til kapittel 245 som er slutten av *Óláfs saga helga* (i *HkrFJ*).

Han gjennomfører vidare ei grundig undersøking av storleiken på legga og leggfordelinga i 39 og konkluderer med at det er uråd å vite om 39 opphavleg har innehalde *OH*. Men dersom *OH* opphavleg var ein del av 39, trur han ikkje at *OH* var ein del av handskriftet medan Arngrímur Jónsson hadde tilgang til det (Ólafur Halldórsson 1976:406).

2.4.6 Jonna Louis-Jensen 1997

20 år etter at Louis-Jensen slo fast at “only K and 39 are definitely known to have contained all three parts of Hkr” (1977:192), skriv ho i ein artikkel i *Nordica Bergensia* at “Det viser sig at af alle disse håndskrifter, bevarede som tabte, er der kun ét som med fuld sikkerhed kan siges at have indeholdt alle tre tredjedele af værket, nemlig Kringla”. Ho set deretter opp følgjande skjema over innhaldet i *Heimskringla*-handskrifta:

	K	39	F	E	J	G	*DG3	'PCI
Hkr I	x	x	x	-	x	-	-	x
Hkr II	x	?	-	-	OH	-	OH	OH
Hkr III	x	x	x	x	x	x	x	x

Figur 2-2: Innhaldet i *Heimskringla*-handskrifta (etter Louis-Jensen (1997:233)⁵)

På bakgrunn av dette problematiserer ho den vanlege forståinga vi har, om at handskrifta i x- og y-klassa går tilbake til eit sams “frumrit” som inneheld alle dei tre delane av *Hkr*. Ho set fram den hypotesen at originalen kan hende berre inneheldt *Hkr I* og *Hkr III* og at omgrepa *Hkr II* og heile *Heimskringla* er konstruksjonar (1997:235). På grunnlag av 39 drøftar ho startpunktet for *Hkr III*; om det er *Magnus den godes saga* eller *Sveinn Alfifusons saga* og

⁵ ”G er handskriftet *Gullinskinna*, medan *DG3 og *PCI peikar på dei tapte førelegga for høvesvis *Norlandz Chrönika och Beskrifning* frå 1670, og Peder Claussøns sagaomsetjing, utgjeve av Ole Worm i 1633. ’x’ markerer at delen finst i handskriftet, ’-’ at delen ikkje finst, medan ’?’ markerer uvisse om delen har vore der” (Ugulen 2002:40).

konkluderer med at “Nu er der næppe noget absolut kriterium der gør det muligt at fastslå at disse kapitler i AM 39 fol. er HkrIII-tekst, snarere end “HkrII”-tekst” (1997:237).

2.4.7 Jon Gunnar Jørgensen 2000

Hovudsiktemålet for doktoravhandlinga til Jon Gunnar Jørgensen er å “kaste lys over det tapte *Heimskringla*-håndskriftet *Kringla*” (Jørgensen 2000:9). Han seier seg samd med Louis-Jensen at dersom *Hkr III* har starta svarande til *HkrFJ II*, kap. 239, er det “ingenting som knytter *Hkr II* til 39” (Jørgensen 2000:65). Den overleverte teksten i 39 strekkjer seg ikkje utover dei kapitla i *OH* som også finst i *Eirspennill*, og det er derfor mogleg at *Hkr III* i 39 er i slekt med denne versjonen. Jørgensen sluttar seg også til Ólafur Halldórsson som konkluderte med at vi ikkje har grunnlag for å slå fast om 39 har innehalde *OH* (Jørgensen 2000:12).

2.4.8 Jo Rune Ugulen 2002

Tittelen på hovudfagsavhandlinga til Jo Rune Ugulen er: *AM 39 fol., Óláfs saga helga og Heimskringla. Komparative analyser til utgreiing av overgangen mellom andre og tredje del av Heimskringla, og tilhøvet mellom nokre av handskriftene*. Utgangspunktet for avhandlinga er følgjande hypotese: *AM 39 fol.* har ikkje innehalde *Óláfs saga helga* (2002:2). Ugulen gjennomfører ein komparativ analyse av teksten i *Sveins saga Alfifusonar* og starten av *Magnúss saga góða* ved å samanlikne teksten i 39 mot tilsvarande tekststader i tre andre handskrift frå *Heimskringla*-korpuset: *Eirspennill*, *Fríssbók* og *Kringla*. *Eirspennill* er valt fordi dette handskriftet tek til med *Sveins saga Alfifusonar*, har likskap med strukturen i 39 i fleire samanhengar og høyrer til y-klassa i stemmaet til Bjarni Aðalbjarnarson. *Fríssbók* er valt ut fordi ho høyrer til x-klassa i det same stemmaet og blir rekna som eit søsterhandskrift til 39. *Kringla* er valt ut fordi ho representerer den tradisjonelle *Heimskringla*, høyrer til x-klassa i stemmaet og dermed presumtivt er nært i slekt med 39. I analysedelen samanliknar han følgjande typologiske avvik: tilføyingar, utelatingar, transposisjonar (flytting av større eller mindre delar av teksten), morfologiske- og leksikalske avvik og mistydingar. (Ugulen 2002:46-48). I tillegg drøftar han tre særskilde tekststader for å kaste ljós over tilhøvet mellom handskrifta: Eit innnskot frå Adam av Bremen, Bersøglisvísur og jarteiknsogene (Ugulen 2002:90-96). Konklusjonen hans på hovudspørsmålet er at 39 ikkje har innehalde *Óláfs saga helga*, men han medgjev at det ikkje finst avgjerande prov (Ugulen 2002:97). Undersøkingane har fått han til å tvile på den påståtte nære slektskapen mellom 39 og *Fríssbók*, samstundes som han finn ein nær slektskap mellom 39 og *Eirspennill* i *Sveins saga*

Alfifusonar. Han meiner til slutt at startpunktet for tredje del av *Heimskringla* må setjast til starten av *Sveins saga Alfifusonar*, svarande til kap. 239 av *Óláfs saga helga* i utgåvene til Finnur Jónsson og Bjarni Aðalbjarnarson, med unnatak for to interpolerte kapittel (Ugulen 2002:109).

3 PALEOGRAFI

Lars Svensson (1974:17) skriv at ”paleografi är vetenskapen om äldre tiders skrivkonst och skrivarter och dessas historia, särskilt vetenskapen om de medeltida handskrifternas skrift”. Paleografien studerer skrift på mjukt materiale som papir og pergament i motsetnad til skrift på hardt materiale som stein, metall og bein. Det siste blir kalla epigrafikk. Målet for paleografien er å gje eit grunnlag for å lese og tolke handskrivne primærkjelder. Historia til dei einskilde skrifteikna kan gje oss opplysingar om tid- og heimfesting av eit manuskript, identifikasjon av skrivarhender og metodar for å avsløre forfalska dokument. Paleografien er derfor ein viktig filologisk og historisk hjelpevitenskap (Svensson 1974:17, Haugen 2004:175).

Paleografi som vitenskap kan føre historia si tilbake til slutten av 1600-talet. Utgangspunktet var ein konflikt mellom jesuittar og benediktinarar om eit omdiskutert dokument frå 646. I dette dokumentet skulle merovingarkongen Dagobert ha gjeve benediktinarane særlege rettar.

Jesuitten Daniel van Papenbroeck (1628-1714) hevda i 1675 at dokumentet var ei forfalsking. Benediktinarmunken Dom Jean Mabillon (1632-1707) tok utfordringa og gav ut storverket *De re diplomatica* i 1681 for å prove at dokumentet var ekte. Han var den første som systematisk utarbeidde eit sett av haldepunkt for å teste autentisiteten til mellomalderderdokument.

Mabillons arbeid inspirerte ein yngre benediktinar, Dom Bernard de Montfaucon (1655-1741) til å arbeide med eldre greske manuskript. I 1708 publiserte han *Palaeographia graeca*, og termen *paleografi* var etablert. Dette var den første freistnaden til å forstå saga til dei einskilde bokstavane, noko som er grunnleggjande innanfor paleografien (Reynolds og Wilson 1974:170-172).

I dette kapitlet skal eg gje ei oversikt over alle skrifteikna i 39. Med skrifteikn tenkjer eg på

- Grafem (minusklar, majusklar, forstørra initialar, kapitelar)
- Samanskriving av grafem, bl.a. ligaturar
- Abbreviaturar eller forkortingar.
- Andre teikn (bindestrek, punkt, tal)

Eg har skanna inn døme på skrifteikna, og dei fleste blir viste i ein samanheng, t.d. i eit ord. Sidene i 39 er gjennomgåande mørke, og dette gjer at dei innskanna bileta får ein mørk bakgrunn. I samråd med Kjartan Ottosson viser eg skrifteikna slik dei er utan freistnad på å fjerne den mørke bakgrunnen. Då denne rettesnora blei bestemd, hadde eg allereie reinska bakgrunnen til nokre av bokstavane, men eg let dei bli verande slik, noko som også gjer det


mogleg å sjå skilnaden på ”før og etter”. Dei fleste bokstavane er større enn i originalen. Eg har blåse dei opp for å gjere dei lettare å sjå. Vedlegg 2 er skanna bilete av fotografia av originalhandskriftet, så det er mogleg å sjå den opphavlege storleiken. Bileta er tilnærma identiske i storleik med det opphavlege handskriftet. Dei er noko manipulerte med programmet Photoshop for å få fram kontrastane og gjere dei lettare å lese.

Av og til blir bruken av bokstavane styrd av grafiske omsyn, t.d. distribusjonen av <r> og <i> etter ”urunda” og ”runde” bokstavar. Andre bokstavar kan vere restar av ein eldre skriftradisjon, t.d. bruken av insulær ’v’, <p>, eller ei blanding av fleire skrivetradisjonar, t.d. bruken av kapitelar.

Målet for paleografien blir å seie noko om utsjånaden og historia til dei einskilte skrifteikna, og den paleografiske analysen blir derfor eit hjelpemiddel for tid- og heimfesting av 39.

3.1 Terminologi

Det er eit hovudskilje i paleografien mellom skrifttypar som kan plasserast mellom to eller fire liner. Bokstavane i ei to-linesskrift får plass innanfor den same høgda. Majusklane er av dette slaget. Minusklane er bokstavar i ei firelinesskrift. Fleirtalet av minusklane plasserer seg mellom dei to midtarste linene medan nokre kan ha overlengd eller underlengd (Haugen 2004:183). Skrifta i 39 inneheld både minusklar og majusklar og er ei full firelinesskrift. Nedanfor har eg kopiert ei framstilling av eit firelinessystem med nemningar som eg vil bruke i oppgåva:



Figur 3-1: Haugen (2004:184)

Eg vil kommentere nokre av nemningane og leggje til nye:

Hovudstaven er vertikal og kan vere både lang <h> og kort <r>.

Arm t.d. i <þ> er dei to sidestavane som går til høgre ut frå hovudstaven.

Boge er t.d. den bøygde avslutninga på hovudstaven i <f>.

Fot er den skrå delen av rund 'r', <ʀ>, som går mot høgre nede.

Kvist er ein liten boge i nedre delen av ein bokstav t.d. <o> som i "o med kvist" <ø>. Han blir også brukt saman med andre bokstavar, t.d. <ę, æ>.

Lomme er ein boge som i dei to endane treffer ein annan strek, som i <p>. Eg vil bruke nemninga *lomme* i staden for *bolle / lykkje* som Haugen nyttar ovanfor.

Minim er dei korte hovudstavane som finst i <i, m, n, u>.

3.2 Skrifthistorie

I Noreg og på Island i mellomalderen må vi skilje mellom tre hovudtypar av latinsk skrift karolingisk minuskelskrift, insulærskrift og gotisk skrift (Haugen 2004:188), og her vil eg gje ei kort oversikt over bakgrunnen for desse skrifttypane for å klargjere omgrep som vil bli nytta seinare i oppgåva.

Romarane utvikla den latinske skrifta på grunnlag av det greske alfabetet, og Romarriket og den kyrkjelege kulturen var avgjerande for at den latinske skrifta etablerte seg som eit internasjonalt skriftsystem. (Brøndum-Nielsen [1943]:1,6).

Då Romarriket gjekk i oppløysing, blei skrifta og skrivekunsten desentralisert og tatt vare på gjennom klostervesenet. Desentraliseringa av skrivekunsten førde til ei utvikling av ”nasjonale” skrifttypar. Desse ”nasjonale” skrifttypane utvikla seg frå den romerske minuskelskrifta (kursiv, halvkursiv eller halvuncial) og er ei fellesnemning for skrifttypar som mellom anna insulær - (England/Irland), langobardisk - (Italia), merovingisk - (Frankrike) og vestgotisk (Spania) skrift. Insulærskrifta utvikla seg frå uncialskrifta, dei tre andre utvikla seg frå kursivskrifta (Brøndum-Nielsen [1943]:12-13).

I Frankrike blei merovingarne etterfølgt av karolingarne på 700-talet. Då Karl den store blei konge i 768 og seinare keisar i 800, styrka han den sentrale stats- og kongemakta og gjennomførde ein kulturell revolusjon. Den kulturelle oppblomstringa som skjedde under Karl den store, blei kalla ”den karolingiske renessansen”. Han fremma kunst og vitenskap. Mange klassiske handskrift blei mellom anna redda for ettertida, og ei sams skrift for heile det karolingiske riket blei utvikla. Denne skrifta blei kalla karolingiske minuskelskrift (Gunnes 2000: 214-219), og ho blei den dominerande skrifttypen i Vest-Europa heilt fram til ca.1300. Den karolingiske minuskelskrifta er kjenneteikna ved at alle bokstavane i prinsippet er sjølvstendige. Abbreviaturar og ligaturar blei lite nytta for å gjere skrifta enkel og lett å lese. (Brøndum-Nielsen [1943]:16,19). Den karolingiske minuskelskrifta blei ein framifrå reiskap for storproduksjon av handskrift (Gunnes 2000: 219). Geistlige institusjonar brukte ho til å standardisere avskrifta av tekstar og letta med det forståinga av dei (Brown 1990: 66).

Insulærskrifta var namnet på den nasjonale skrifta i England og Irland. Ho var opphavleg frå Irland som hadde motteke uncialskrifter frå Sør-Europa som ein del av kristninga på 400-500-talet (Haugen 2004:189). Ho klarte betre å stå imot den karolingiske minuskelskrifta enn dei nasjonale skriftsystema på kontinentet og blei brukt i tekstar på morsmålet, medan den karolingiske minuskelskrifta blei nytta i tekstar på latin (Brown 1990: 66/67). Den karolingiske minuskelskrifta styrka stillinga si etter den normanniske invasjonen i 1066 og vann over insulærskrifta i England på 1100-talet, medan Irland heldt fast på den nasjonale skrifta (Brøndum-Nielsen [1943]:15).

På 1000- og 1100-talet utvikla den karolingiske minuskelen seg vekk frå den opphavlege runde stilen, og vi får ein gradvis overgang frå karolingisk minuskelskrift til gotisk skrift. Særskild for den gotiske skrifta er skarpe kantar og spisse vinklar. Ho er slankare enn den karolingiske rundskrifta, meir i høgda enn i breidda, og bokstavane står tettare saman (Brøndum-Nielsen [1943]:20). Den gotiske skrifta kom til Norden på 1200-talet og blei einerådande utover på 1300-talet (Haugen 2004:189).

Det er skilnad mellom den eldste norske og islandske skrifta. Det er stor semje om at den norske skrifta kom frå England og hadde eit sterkt insulært preg (Haugen 2004:193, 197). Opphavet er ikkje like eintydig som for den islandske skrifta. Hreinn Benediktsson (1965: 19) skriv at den islandske skrifta har 2 røter: Den eine er den karolingiske minuskelskrifta som blei brukt på kontinentet og til skriving av latinske tekstar i England. Den andre er den angelsaksiske insulærskrifta som blei brukt i England til skriving av tekstar på morsmålet. Hreinn Benediktsson (1965: 40-45) lager ei språkleg tredeling av islandsk skrift for perioden 1150-1300:

1. Karolingisk (ca.1150-1225). Trass i at den islandske skrifta i hovudsak har karolingiske trekk, finst det trekk som viser samband med England: bokstaven 'þ', insulær 'p', palatalregelen, 'ch' for 'k', 'qu' for 'kv' (Hreinn Benediktsson 1965: 21).
2. Karolingisk-insulær (ca.1225-1300). Aukande påverknad frå Aust-Noreg fører til bruk av særskilde insulære bokstavar; <þ, p, ð>, og i løpet av denne perioden blir bokstavane spissare og meir kanta (Hreinn Benediktsson 1965:41).
3. Gotisk (ca.1300 -)

Haugen (2004:202) nyttar til dels ei anna inndeling og ein annan terminologi:


1. Karolingisk (ca.1150-1200)
2. Førgotisk (ca.1200-1300)
3. Gotisk (ca.1300 -)

Perioden 1200-1300 er sjølvsgd ei førgotisk tid, men eg synest at terminologien til Hreinn Benediktsson er meir klårgjerande med omsyn til innhaldet.

3.3 Grafemoversyn

3.3.1 Minusklar


Minuskel <a>1 (karolingisk 'a'):

	Sva (36vB12)
---	--------------


Minuskelen har lomme og hals og held seg i x-høgda. Halsen er skriven i eit strok i forlenging av hovudstaven og bøyer til venstre oppe. I islandsk skrift var det denne karolingiske forma av grafemet som blei nytta, og ikkje den insulære, som blei skriven utan hals (Hreinn

Benediktsson 1965:45).


I samsvar med det Hreinn Benediktsson skriv (1965:45), kan halsen i 39 ha ulik lengd. Ein stor minuskel 'a' med overlengd kan bli brukt som ein majuskel. Men denne varianten har også minuskelfunksjon. Dersom denne varianten har det, blir han attgjeven i transkripsjonen som minuskel, noko som følgjande døme viser:

	legir at / segir at (38rB10)
---	------------------------------


Halsen kan også bli nesten borte og *callaðir* er eit døme på 'a' med kort og "normal" hals:

	callaðir / kallaðir (37rA34)
---	------------------------------

Minuskel <a>2 (toetasjes 'a'):

	alþýðo / alþýðu (38rB30)
---	--------------------------

Halsen bøyer seg helt ned mot lomma, og vi får ein 'a' med to etasjar. Dette er hovudtypen i gotisk skrift (Haugen 2004:202). Eit anna mogleg døme i 39 på to-etasje 'a' er aðr / áðr (37rB14).

	<p>Mellom spalte A og B på blad 41r kan det sjå ut som om skrivaren har leika seg med å skrive to-etasje 'a'. Dette kan tyde at denne bokstaven er ny for ham og at han "drodlar" litt for å øve seg!</p> <p>Denne bokstaven blir berre nytta i nokre døme i den vanlege teksten.</p>
---	---


Overgangen frå karolingisk 'a' til gotisk 'a' blir ofte brukt som dateringskriterium for norske handskrift; ein ser på eit norsk handskrift med toetasjes 'a' som yngre enn ca.1250. I islandsk skrift skjedde denne endringa noko seinare, og den karolingiske forma blei først fortrengd på 1300-talet (Haugen 2004:202). "Ved midten av 13. hå. forekommer tegnet sporadisk i norske skrifter som regelmessig bruker den eldre form" (Seip 1954a:70), og han held fram om

islandsk skrift: ”I slutten av hundreåret kommer to-etasjes *a* i bruk” (Seip 1954a:92). Hreinn Benediktsson (1965:45) skriv at to-etasjes ’a’ blei tatt i bruk på Island i annan halvdel av 1200-talet. Hreinn Benediktsson hentar døma sine frå to handskrift som blir datert til ca.1300. Desse to handskrifta blir no datert tidlegare enn standardkatalogane:

Namnet på handskriftet	Dateringa til ONP/ registre	Dateringa ifølgje Hreinn Benediktsson (1965)
AM 162 D 2 fol.	c1250-1300 (ONP:434)	a1300 (pl. 60; xxxix)
AM 325 XI 2 e 4°	c1250-1300 (ONP:451)	c1300 (pl. 62; xli)


På bakgrunn av dei nye dateringane blir det vanskelegare å bruke toetasjes ’a’ som eit godt dateringskriterium for å skilje mellom norsk og islandsk. Det kan også sjå ut som om det ikkje lenger er nokon markert tidsskilnad mellom norsk og islandsk skrift i bruken av toetasjes ’a’. Det tyder at dateringa av toetasjes ’a’ i islandsk må trekkjast lenger tilbake i tid mot 1250. Rett nok er det berre 1-2 døme på denne bokstaven i 39, men det må vere eit viktig metodisk prinsipp å legge meir vekt på nye fenomen enn på gamle.

Minuskel <á> :

	ftál / stál (36vB7)
---	---------------------


Minuskelen er identisk med ’a’ og har aksent.

Minuskel :

	bana maðr / bana-maðr (36vA9)
---	-------------------------------


Hovudstaven er rett og har overlengd. Lomma ligg til høgre i x-høgda, er kanta og endar i ein spiss nede mot hovudstaven.

Minuskel <c>:

	ecki / ekki (36vB32)
---	----------------------

Minuskelen ligg i x-høgda og er teikna som ein oval med opning mot høgre.

Minuskel <d>:


	fkylldi / skyldi (36vA30)
---	---------------------------

Minuskelen har ein rett hovudstav som har overlengd. Lomma ligg til venstre i x-høgda.

Denne minuskelen er i stor overvekt i den tidlege karolingiske skrifta (Hreinn Benediktsson 1965:45/46).

Det finst nokre døme på bruken av denne minuskelen i 39: fkylldi (36vA30), mildingi (36vB2), heldr (40rA9), villdi (42rB23), helldr (43rA6), Haralldr (39rB24).

Minuskel <ð> (rund 'd'):

	hallðor / Halldorr (36vB26)
---	-----------------------------

Hovudstaven har overlengd og bøyer over mot venstre. Halsen kan av og til vere så lang at han kryssar overlengda i bokstaven framfor seg. Lomma ligg til venstre i x-høgda.


Minuskelen har uncialt opphav, og insulærskrifta nytta berre denne varianten før samansmeltinga av insulær- og karolingisk skrift på 1000-talet (Hreinn Benediktsson 1965:45/46).

I 39 blir <ð> av og til brukt istaden for <ð>: no:ð manna / norðmanna (37rB9), aðr / áðr (37rB14), biða / bíða (40vA2), figvrð: / Sigurðr (40vB21).

I den tidlege islandske skrifta finst baa variantane av 'd'; den rette <d> og den runde, unciale <ð>, og det er ein kronologisk motsetnad mellom dei. Den rette <d> er eldst, og han blei gradvis bytta ut med <ð> i løpet av 1200-talet. I nokre tidlege handskrift blir dei nytta jamnsides, men dei fleste manuskripta på 1200-talet bruker berre <ð>, med sporadisk bruk av <d> (Hreinn Benediktsson 1965:46). Den gotiske varianten bøyer overlengda tilbake mot høgre, og resultatet kan minne om eit åtte-tal (Haugen 2004:202).

Dette samsvarar godt med bruken i 39 som er på det næraste konsekvent i bruken av den runde <ð>. Det finst ingen døme på den gotiske varianten.

Minuskel <ð>:


	lóð / hlóð (36vB27)
---	---------------------

Minuskelen <ð> liknar <ð>, men staven er rettare og har ei tynn lomme på den høgre sida, nesten øvst oppe på staven.

<ð> er fråverande i dei tidlegaste manuskripta og viser seg først ca.1225, og han blir meir og meir vanleg frå ca.1250 (Hreinn Benediktsson 1965:22,44). Det er samsvar i tid mellom innføringa av <ð> og <þ> (Hreinn Benediktsson 1965:43). Hagland (2004:397) skriv at <ð> tek til å gå ut av bruk allereie frå tida kring 1300 og blir skifta ut med <d>.


Det kan vere vanskeleg å skilje <ð> og <ð>; særleg gjeld det i samband med ein abbreviatur. Av og til har skrivaren nytta <ð> i staden for <ð> for å få plass til abbreviaturteiknet. Dette gjeld særleg ved bruk av sikksakkteiknet: callaðir / kallaðir (37rA34), modir / moðir (43rA7), þaðernis / faðernis (39vB34), þaðerni / faðerni (43rA23), baðir / báðir (36vA16, 38vB17, 42vA37, 43rB5). Av og til blir <ð> nytta for <d>: fkyldi / skyldi (36vA30).

Minuskel <e>:

	vetr / vetr (36vA1)
---	---------------------

Minuskelen er teikna som ein open oval mot høgre i x-høgda. Den øvre delen av ovalen vender nedover mot høgre og dannar ei lomme. Tverrstreken varierer frå vassrett til skrå.

Minuskel <ę>:


	retrnar / roetrnar (39vB8)
---	----------------------------

Minuskelen er teikna som ein 'e' med kvist under, og det finst berre dette dømet på bruk av minuskelen i 39.

Seip (1954a:98) plasserer dette teiknet saman med ligaturane. Eg er ikkje samd i dette fordi definisjonen på ein ligatur er at dei samanskrivne bokstavane skal ha ein sams strek. Ein *kvist* er for det første ingen bokstav, og for det andre har 'e' og kvisten ingen felles strek.

Hreinn Benediktsson (1965:57ff) skriv at denne minuskelen blei mest nytta i den tidlege islandske skrifta i motsetnad til norsk, særleg østnorsk, som nytta 'æ'.

Minuskel <f>:


	aflat (39vA28)
---	----------------

Minuskelen er teikna som ein <f> med ein tverrstrek midt over. Dette er karolingisk 'f', og Hreinn Benediktsson (1965:41) skriv at denne minuskelen berre finst sporadisk etter 1250.


Dette samsvarer godt med bruken i 39 dersom tidfesting til omkring 1300 er rett. 39 har berre dette dømet.

Minuskel <þ> (insulær 'f'):



Det finst fleire variantar av insulær 'f' i 39. Variantane er til dels kronologiske:

	þ all / fall (36vA32)
---	-----------------------

Variant 1: Hovudstaven er rett, har underlengd og kan ha ein svak boge mot venstre nede. Sidestavane vender mot høgre og er plasserte i x-høgda. Den nederste armen går rett ut frå staven medan den øvre bøyer svakt nedover.

	ap / af (40vA29)
---	------------------


Variant 2: "Seinare kunne dei to krokane skrivast som to punkt" (Haugen 2004:203)

	þecc / fekk (41rA25)
	þaræt hopðu / farit hofðu (36vA21)


Variant 3: Den øvste armen kan bøye seg nedover og lage ei lomme, medan den nedste armen går rett ut frå staven. Minuskelen liknar då ein <p>. Dette kan ikkje vere særskilt for 39, for Seip (1954a:92) gjev døme på feilskrivning av <p> for <f>. Det siste dømet ovanfor, *paræt hopðu*, viser variant 1 og 3 ved sia av kvarandre.

Ei vidareføring av den tredje varianten er at begge armene lukkar seg og dannar ei dobbel lomme, og dette blei vanleg i islandsk skrift (Haugen 2004:203). Dømet på denne varianten er henta frå eit handskrift frå omkring 1350 (Haugen 2004:200-201). Denne forma finst ikkje i 39, der hovudformene er variant ein og tre med nokre få døme på variant to. Insulær 'f' er fråverande i dei tidlegaste manuskripta og viser seg først ca.1225. Han blir meir og meir vanleg fram mot 1250 og deretter nesten einerådande. Den hyppige bruken av insulær 'f' kan ha hatt eit praktisk opphav. Han passar betre saman med eit interlineært forkortingsteikn enn den karolingiske varianten, og den islandske skrifta nytta mange forkortingar (Hreinn Benediktsson 1965:22, 41).

Minuskel <g>:

	lagði (37rA19)
---	----------------

Den øvre delen er ei runding som ligg i x-høgda og har ofte eit kanta preg. Den vertikale underlengda startar på høgre sida av rundinga og svingar til venstre og dannar ein horisontal strek. Haugen (2004:2003) skriv at det er den karolingiske forma av <g> som har ei open avslutning av underlengda.

	lengr (36vB18)
---	----------------

Underlengda svingar tilbake mot venstre og knyter seg oppover til den øvre lomma, såleis at teiknet ser ut til å ha to lommer.

Minuskelen har svært varierende form og kan, oftare enn andre bokstavar, vitne om einskilde skrivarar (Hreinn Benediktsson 1965:46). Den opne, karolingiske forma blei etter kvart lukka, og slik er det alltid i gotisk skrift (Haugen 2004:203). Hreinn Benediktsson (1965:46) skriv på den andre sida at forma med to lukka sirklar er den eldste, og konkluderer med at dei to variantane ikkje ser ut til å ha ein kronologisk distribusjon.


Det er noko uklårt mellom merknadene til Haugen og Hreinn Benediktsson. Utsegna til Haugen inneber at det berre finst ein open 'g' frå byrjinga som etter kvart lukkar seg og utviklar seg til lukka 'g' som blir einerådande i gotisk skrift. Eg har sett nærare på dei handskrifa som Hreinn Benediktsson viser til. Den lukka 'g' finst allereie i to handskrift i annan halvdel av 1100-talet, så bokstaven er utan tvil gamal. I dei andre handskrifa viser han til variantar av open 'g' men det finst døme på lukka 'g' også i desse handskrifa.

Namn på handskriftet	Lukka 'g'	Open 'g'	Dateringa ifølgje Hreinn Benediktsson (1965)
RM 1 (Reykjaholtsmáldagi), (pl. 1; ii)	Ja		Skrive før 1204, sannsynleg omkring 1185
AM 237 a fol. (pl. 2; iii)	Ja		Skrive omkring eller like etter 1150
GkS 1812 IV 4° (pl. 4; v)		Ja	ca. 1192
AM 673 b 4° (pl. 5; v)		Ja	ca. 1200
Sthm Perg.4° nr. 15 (pl. 8; vi)		Ja	ca. 1200
AM 162 A 8 fol. (pl. 39; xxvi)		Ja	ca.1250
AM 655 X 4° (pl. 65; xlii)		Ja	Skrive i den andre halvdelan av 1200-talet

Hreinn Benediktsson ser ut til å meine at dei to variantane eksisterte side ved side på 1200-talet, og då er det ikkje noko i vegen for at den lukka varianten etter kvart blei einerådande i den gotiske skrifta såleis som Haugen skriv.

Det at begge variantane finst side om side i 39, men mest den lukka 'g', gjer det til eit dårleg dateringskriterium.

Minuskel <h>:


	hallðor / Halldórr (36vB26)
---	-----------------------------

Hovudstaven er rett og har overlengd. Sidestaven som vender mot høgre er festa midt på hovudstaven, og han blir skriven med underlengd som svingar til venstre.

Ei tidleg form har ein sidestav som knapt går under grunnlinja (Haugen 2004:2003), men utover på 1200-talet får minuskelen underlengd og blir bøygd til venstre inn mot hovudstaven (Seip 1954a:90, Haugen, 2004:2003).


Fire av dei forstørra initialane har den tidlege minuskelforma utan underlengd, men forma med underlengd blir for det meste nytta i 39. Grafemet blir elles mykje nytta som ein del av ein ligatur (sjå 3.4.1).

Minuskel <i>:


	ecki (36vB32)
---	---------------

Minuskelen held seg i x-høgda. Han er teikna som ein lett bøygð, vertikal hovudstav og blir skriven utan prikk.

Minuskel <i>:

	vígi / vígi (41vA28)
---	----------------------

Minuskel <j>:

	jarlar (36vA35)
---	-----------------


Hovudstaven har underlengd som svingar i ein boge mot venstre. Minuskelen blir skriven utan prikk.

”Uttalen av /i/ og /j/ var truleg svært lik. Skilnaden låg i at vokalen /i/ kunne forlengjast, medan /j/ ikkje kunne forlengjast. Dermed er det berre vokalen /i/ som kan stå i ei stavingskjeerne. Dette uttrykkjer vi ved å seie at /i/ er syllabisk og /j/ asyllabisk” (Haugen 1995b:40).

I 39 blir <i> brukt både syllabisk: *hinn* (36vA15) og asyllabisk: *fiolpi* (36vA23). Hreinn Benediktsson (1965:46) skriv at <j> er sjeldnare enn <i>. Dette samsvarer godt med praksisen i 39 der <i> stort sett blir brukt for den asyllabiske varianten <j>.


Varianten med underlengd blir ofte nytta i forkortingar av ordet *jarl* (37vA1) og i tal, der <j> kan stå sist i talet, truleg for å gjere det tydelegare.

Minuskel <j>:

	.ííj. (41rA31)
---	----------------

Minuskelen er identisk med <j>, men har aksent. Blir brukt saman med <i> for å markere tal.


Minuskel <k>:

	vikinga (37rA16)
---	------------------

Hovudstaven er rett og har overlengd. Den nedre delen kan bøye tilbake mot høgre nede. Sidestavane går mot høgre; den øvre dannar ei lomme, og den andre går på skrå nedover og treffer grunnlinja.


Grafemet blir mykje nytta som ein del av ein ligaturar (sjå 3.4.1).

Minuskel <l>:

	folar / sólar (36vB13)
---	------------------------


Hovudstaven har overlengd og har den same forma som hovudstaven i andre bokstavar.

Minuskel <m>:

	mvn / mun (41rA16)
--	--------------------


Minuskelen held seg i x-høgda. Utgangstreken liknar ein <i> og heng saman med to minimar.

Minuskel <n>:

	lengr (36vB18)
---	----------------


Minuskelen held seg i x-høgda. Utgangstreken liknar ein <i> og heng saman med ein minim.

Ein variant av 'n' har minimar som ser ut som parallelle, vertikale strekar:

	bændr / bæendr (36vA29)
---	-------------------------

Det finst få døme av denne varianten. Eit anna døme er: *nacvarr* / *nøkkur* (43rB25). Dette kan vere eit døme på minuskel 'n' som Haugen skildrar under "Gothic textual and cursive script" i kapitlet om utviklinga av latinsk skrift i Noreg (2002:830), men denne varianten blir ikkje nemnd i gjennomgangen av bokstavane i islandsk skrift (Stefán Karlsson 2002:837).

Ein annen variant av <n> har underlengd:


	annan / annan (41rA18)
---	------------------------

Hovudstaven er rett og ligg i x-høgda. Minimen har underlengd og bøyer i ein boge mot venstre. Denne varianten blir ofte brukt i samband med abbreviaturteiknet ”punkt over grunnlinja”.

Eg har undersøkt førekomstane av <n> og <ŋ> i 36vAB og 37rA:


Graftype	Total førekomst	Prosent
n	161	83
ŋ	33	17

Minuskel <o>:

	folar / sólar (36vB13)
---	------------------------


Minuskelen held seg i x-høgda og har ei rund, men litt kanta, avlang form i vertikal stilling.

Minuskel <ó>:

	lóð / hlóð (36vB27)
---	---------------------


Minuskelen har same forma som <o> med ein aksent over.

Minuskel <ó>:


	afbiór̃n / Ásbjór̃n (41vB1)
---	-----------------------------

Minuskelen er identisk med <o> med eit punkt over. Det finst berre eitt døme på denne minuskelen i 39, og det er vanskeleg å avgjere om dette er ein medviten prikk eller berre ein blekkflekk. I dette dømet representerer minuskelen fonemet /ɔ/. Eit einskilt punkt blir elles nytta i norrøne, særleg islandske handskrift, for å markere lengd over konsonantar, både ved vanlege minusklar og kapitelar.


Minuskel <p>:

	hæipt / heipt (36vB8)
---	-----------------------

Hovudstaven har underlengd og ei rund lomme er plassert i x-høgda til høgre for hovudstaven. I dømet ovanfor er hovudstaven temmeleg rett, men bøyer svakt til høgre. I dømet nedanfor har hovudstaven fått ein kraftig boge til venstre, og den nedste delen av lomma kryssar hovudstaven og bøyer nedover og tilbake mot høgre.

	púl / Púl (37vA6)
---	-------------------

Minuskel <q>:


	quifl / kvísl (42vB10)
---	------------------------

Minuskelen har underlengd. Lomma er kanta og plassert i x-høga til venstre for hovudstaven. Hovudstaven startar på høgre sida av lomma og bøyer nede i ein boge mot venstre. I dette dømet er bogen kraftig markert i ei spiss form, medan hovudstaven bøyer svakt mot venstre i andre døme.

Minuskelen finst mest i forkortingar og ser ut til å mangle i nokre handskrift frå omkring 1300 (Seip 1954a: 92).


I 39 er <q> ikkje nytta ved forkorting. Nedanfor finst ei oversikt over alle døma på denne minuskelen i 39: fæyrqvif fon / Sørkvisson (38vB12) qvelðit / kveldit (38vB19), qvellði / kveldi (43rB26), quisl / kvísl (42vB10), qvifl / kvísl (42vB11)⁶ og nokre bøyingsformer av det ubestemde pronomenet *nøkkur*: nacqvarir / nøkkurir (36vB23), nacqvario / nøkkuru (37rA25), nacqvarf / nøkkurs (39vB15, nacqvaria / nøkkura (43rA33).

Det er klár skilnad mellom <q> og <g> i dømet nedanfor:

	quifl vm hiffing / kvísl um Hísing (42vB10)
---	---


⁶ Døme på metatase

Minuskel <r>:

	folar / sólar (36vB13)
---	------------------------


Dette er den karolingiske forma av minuskelen. Minuskelen held seg i x-høgda, hovudstaven er rett og bøyer i ein boge mot høgre nede og til venstre oppe. Tverrstreken til høgre bøyer svakt nedover, og det blir danna ei kløft mellom hovudstaven og tverrstreken.

Minuskelen kan ha ein variant med underlengd. Det finst berre eit døme på denne varianten:

	þrýðo / frýðu (37rA32)
---	------------------------


Hreinn Benediktsson skriv at denne langskafta forma finst i nokre få islandske handskrift, men "not in the very earliest ones" (1965:47). Seip skriv om perioden 1225 til 1300 at langskafta 'r' blir meir nytta i norsk enn i islandsk, men førekjem av og til i islandsk etter påverknad frå norsk skrivemåte (1954:92).

Minuskel <ɹ> "r rotunda"

	ðɹyckio (41rA6)
---	-----------------

Minuskelen held seg i x-høgda og er teikna som ein boge med opning mot venstre. Ein fot er festa til nedste del av bogen og skrår nedover mot høgre.

Ein variant av denne minuskelen har ein nedstrek frå skjeringspunktet mellom bogen og foten:

	avzo:ar fon / Qzurarson (42rB18)
---	----------------------------------

Rund 'r' <ɹ> har eit uncialt opphav. I dei tidlegaste manuskripta blir minuskelen oftast berre nytta etter <o>, men i løpet av 1200-talet blir han smått om senn teken i bruk også etter andre runda bokstavar i kronologisk rekkjefølgd: <ð, ð, þ, g, p, b> Han er minst nytta etter <p> og på grunn av den låge frekvensen av konsonantsambanda <pr> og
 (Hreinn Benediktsson 1965:47/48). Etter 1350 kom rund <ɹ> også inn etter rette bokstavar og blir alt vanlegare utover på 1400-talet. Bruken av <ɹ> kan såleis tene som eit dateringskriterium (Seip 1954a:140, Haugen 2004:204).

I 39 blir rund 'r' brukt etter alle dei runda bokstavane, men det er mange unnatak. Rund 'r' blir ikkje brukt etter rette bokstavar. Eg har undersøkt 36vB og heile 37 og har laga ein tabell over

forholdstalet mellom venta og verkeleg bruk av <ɹ> etter andre runde bokstavar. Eg har ikkje tatt med døme der <r> blir representert av eit forkortingsteikn. Eg har heller ikke tatt med døme på ymse forkortingar av pronoment *þeir*, t.d. <þr , þrar , þra>. Her nyttar skrivaren aldri rund 'r'. Tabellen er ordna i kronologisk rekkjefølgd:

<ɹ> etter følgjande bokstav:	Total førekomst der ein kan vente bruk av <ɹ>	<ɹ> blir brukt	<ɹ> blir ikkje brukt
<o>	65	59 (91%)	6 (9%)
<ð>	20	7 (35%)	13 (65%)
<ð>	19	3 (16%)	16 (84%)
<þ>	20	1 (5%)	19 (95%)
<g>	16	2 (13%)	14 (87%)
<p>	0	0	0
	5	0	5 (100 %)

Døma nedanfor viser bruk av karolingisk <r> etter runda bokstavar (også etter <p, b>) der ein kunne venta bruk av <ɹ> (oversynet er ikkje komplett):

etter o: *foro / sóru* (37vA34), *oꝛ noregi* (38rA27), *þor* (42vA34), *inoregi* (43rA22), *noregs* (43rA23, 43rA28). Skrivaren ser ikkje ut til å bruke rund 'r' ved forkorting av variantar av *noreg*.

etter ð: *bændr* (36vA29), *hialðrf / hjaldrs* (36vB14), *aðr / áðr* (37rB14), *pinðr* (37vA35), *fnarlvnðr* (36vB15), *ftvtþellðr* (36vB1), *neþnðr* (38vA15), *aðkenðr* (39rA8/9, 39rA10), *Afmundr* (42vA6), *Andreaf* (42vA7), *iarnrekenðr* (42rA19), *hellðr* (42rB31), *Vinðr* (42vB23), *vinðr* (42vB32), *hendr* (43rA37), *ðrvcnir* (43rB2)

etter ð: *Sigvrðr* (36vA13, 36vB4, 43rB18, 43rB37), *nærðra / nørðra* (36vA14), *fýðra* (36vA15), *figvrðr* (36vB5, 43rB10), *galæiðr* (36vB29), *þagnaþðr* (37rB35/36), *Sigvrðr* (37vB4), *aðr* (38vA11, 39vB35), *norðr* (38vA13), *þýðr / þyðr* (38rB35), *fiðr* (39rA9), *bvnaðr* (39rA12), *allþaftoðr* (39rA16), *verðr / verðr* (39rA21), *lagðr* (39rB9), *callaðr / kallaðr* (39vA29), *þamalogr / fámálugr* (39vA33), *yðr* (41rB21), *goðra* (41vB19, *blinðaðr* (42rB15), *iardaðr* (42rB35), *niðr* (43rA37)

etter þ: goþr (36vA2), harþr (36vA4), Sigvrþr (36vA15, 17, 36vB10), þriðvng (36vA16), aþra (36vB30), vingoþr / vingóðr (38rB35), glaþr / glaðr (38vA2), fiþr / siþr (39rB11), ræiþr / reiþr (39rB14), bræþra / bræðra (39rB15), þriþr / friðr (39rB17), *criftroþr* (41vB25), aþr / áðr (41vB34), vþriþr (42vB21), aþrar (42vB31)

etter g: læiðangrvm (36vA3), fkar þaugr (36vB3), ftigr (36vB9), figr (37rA4,5) figr (37rB29, 38rA11, 39rA32), ðýrligr (37rB35), ðrengr (37vB129), fcytingr (37vB21), opin áýgr / opineygr (38rB26), fpekigr / spekingr (38rB27), fkarroligr (38rB33/34), fkottligr (40rA10), gvllringr (42rB35), grvnaðæ (43rB6)

etter p: griþr (43rB7)

etter b: ibreð: lag (41vA12), brunf fonar (42vA5), abryggio: (42vB21), bryggiom (42vB22,

Det finst dømme på at både <r> og <:> blir nytta i same ordet og distribuerte korrekt etter regelen om runda og urunda bokstavar: fto:ar (37vA7), að:ar (40vA20), men skrivaren er også inkonsekvent: ibreð: lag (41vA12), allþafo:ðr (39rA16).

I transkripsjonen kan det somme tider sjå ut som om grafemet står etter urunda bokstavar, men det kan dreie seg om oppløyste abbreviaturar, skrivne i kursiv:


cō:	com: (39rA20)
-----	---------------

Det er også dømme på det motsette:


cōr	comr (42rA11)
þr	þeir (36vB24)

Gjennomgangen ovanfor viser nesten konsekvent bruk av rund 'r' etter <o>. Bruken etter <ð, ð, þ, g> er mykje mindre, og frekvensen samsvarar med kronologien ifølgje Hreinn Benediktsson (1965:47/48). Det er ikkje bruk av rund 'r' etter <p, b> eller etter rette bokstavar. Alt samsvarar med dateringskriterium for bruk av rund 'r' på slutten av 1200-talet.


Minuskel <f>:

	folar / sólar (36vB14)
---	------------------------

Den høge 's' er teikna med ein rett hovudstav. Staven har overlengd og bøyer mot høgge oppe og lager ein boge. Vanlegvis når ikkje den høge forma under grunnlinja, men ein variant i 39 har underlengd. Staven med underlengd bøyer seg tilbake mot venstre:

	fýni / syni (37vA11)
---	----------------------

Det finst nokre døme på denne varianten i 39: fýni / syni (37vA11), fem / sem (37vB2), fæyrqvif fon / Sørkvisson (38vB12), fa / sá (39vA15), fýnðiz / sýndisk (41rA37)

	fæyrqvif fon / Sørkvisson (38vB12),
---	-------------------------------------

Hreinn Benediktsson (1965:49) skriv at varianten med underlengd er yngst og viser til 3 handskrift:

Namnet på handskriftet	Dateringa til <i>ONP /Registre</i>	Dateringa ifølgje Hreinn Benediktsson (1965)
AM dipl.isl.fasc. LXV no.1	1241-1252 (ONP:DI)	1241-1252 (pl. 34:xxiii)
AM 383 I 4 ^o	c1250 (ONP:452)	Written about or shortly after the middle of the 13th century (pl. 42:xxvii)
AM 655 XXVIII a 4 ^o	c1250-1300	Written in the second half of the 13th century (pl. 69:xlvi)


Haugen (2004:205) skriv at denne varianten førekjem frå midten av 1200-talet, noko som må vere i samsvar med handskriftdateringane ovanfor. Seip har på den andre sida ei minimumsdatering når han flyttar oppkomsten av denne varianten til ca.1300 (1954a:94, 140). Sjølv om denne varianten blir svært lite nytta i 39, tyder det at dateringa av 39 kan flyttast lengre tilbake i tid.

Den høge 's' <f> er i stor majoritet i 39, og han er mykje nytta som ein del av ligaturar og andre samanskrivne bokstavar (sjå 3.4.1 og 3.4.2).


Minuskel <s> og kapitel <s>:

I prinsippet har minuskel <s> og kapitel <s> den same forma: ei lita minuskelform. Hreinn Benediktsson (1965:49) skriv også at "Of 's' there are two variants, the cursive or long 'f' and the capital or round 's'". I 39 er det ikkje mogleg å sjå skilnad på utforminga av minuskel <s> og kapitel <s>, men dei har ulik funksjon. Dersom ein skal differensiere, må ein sjå på funksjonen som dei to døma nedanfor viser.

Hreinn Benediktsson (1965:49) skriv at den runde varianten ofte blei nytta i samband med eit forkortingsteikn, og 39 har mange dømme på denne bruken:


	sva / svá (41rA2)
---	-------------------

Nedanfor er det eit dømme på bruk av den runde varianten med kapitelfunksjon som tyder geminering av konsonanten:


	os / oss (41vB22)
---	-------------------

Hreinn Benediktsson (1965:49) skriv at den runde varianten også blei nytta interlineært, og 39 har nokre dømme på dette, men her er utforminga annleis. Her er minuskelen utstrekt i vertikal retning.

avþlæ` s` tir / auðlestir (37vA23), nicola`s` / Nikólass (39vA4), þes`s` / þess (40rA5, 41rA35), þome`s` fom / formessum (40rA26/27), til no:ðne`s` / til norðness (43rA34).


	me`s`t / mest (41vA11)
--	------------------------

Minuskel <t>:

	allt / alt (41rB28)
---	---------------------

Minuskel <t> held seg i x-høgda. Den nedste delen av hovudstaven bøyer i ein boge mot høgre. Tverrstreken ligg på toppen av staven.

Den venstre delen av tverrstreken kan vere dårleg markert, og <t> liknar <c>:

	lvt / hlut(36vA14)
---	--------------------

Dette kan ikkje vere særskilt for 39 fordi Seip (1954:19) gjev dømme på feil ved avskrift på grunn av feillesing av <c> for <t>.

Både Hreinn Benediktsson(1965:49) og Seip (1954a:18,52) skriv at det finst to variantar av <t>. I den eine varianten endar hovudstaven i tverrstreken. I den andre varianten går hovudstaven opp over tverrstreken. Dei er derimot ikkje samde i kva for ein variant som er eldst og yngst: “Of ‘t’ there are mainly two slightly diffent, chronologically successive, variants. In one the vertical stroke is cut short at the cross-bar; in the other it extends slightly

above (Hreinn 1965:49), men Hreinn Benediktsson seier ikkje eksplisitt kva som er den eldste eller den yngste varianten.


”Av t fins to avvikende former; vanligst kommer hovudstaven ikke opp over tverrstreken; men stundom gjør den det; i AM 655 IX, 4^o fins begge former, oftest den første, som synes å være yngst” (Seip 1954a:18). Så vidt eg har forstått utifrå dei to sitata ovanfor, meiner Hreinn Benediktsson at hovudstaven endar i tversstreken for den eldste varianten, medan Seip meiner at dette gjeld den yngste varianten. Seip viser til AM 655 IX 4^o for å dokumentere begge variantane. Dette handskriftet er heimfesta til Noreg og datert til c1150-1200 (ONP/Registre:459), men Seip tek opp den same konklusjonen om kva form som er eldst og yngst i kapitlet om islandsk paleografi (1954a:52).

Det er freistande å slutte seg til Spehr (1929:101) som lakonisk konkluderer med at <t> gjev ikkje noko haldepunkt korkje for tid- eller heimfesting.

I 39 finst begge variantane, men det er flest av den varianten der hovudstreken endar i tverrstreken.

I samanskiving med <f> kan <t> ha ei avvikande form (sjå 3.4.2).


Minuskel <p>:

	glap̃r / (heipt) glaðr (36vB8)
---	--------------------------------

Hovudstaven er rett og endar i ein liten boge nede mot høgre. Lomma er plassert til høgre for hovudstaven i x-høgda og er litt kanta. I underkant av lomma går det ut ein liten tverrstrek mot høgre. Minuskel <p> er ein av dei få bokstavane som har både over- og underlengd (Haugen 2004:184). Utifrå denne definisjonen finst det ikkje majuskel <P> i 39, og i transkripsjonen nyttar eg minuskel <p> både i minuskel- og majuskelfunksjon.

Denne bokstaven var opphavleg ein del av det fellesgermanske runealfabetet. Han er introdusert i den islandske skrifta med det engelske namnet sitt *þorn*. Dette er eit argument for at den islandske skrifta har motteke han frå England (Hreinn Benediktsson (1965:21).


Minuskel <u>:

	Caupm̃n / kaupmenn (42vB24)
---	-----------------------------


Minuskel <u> er teikna som to parallelle minimar som held seg i x-høgda. Den venstre minimen endar på grunnlinja i ein boge mot høgre som møter den andre minimen. Den høgre minimen

er kraftig markert. Botnen kan vere meir eller mindre runda, men eit viktig kriterium for <u> er den kraftige markeringa av den høgre minimen.

Minuskel <ú>:


	púl / Púl (37vA6)
---	-------------------

Minuskel <v>:

	vetr (36vA1)
---	--------------


Minuskelen held seg i x-høgda og har ein spissare botn enn <u>. Opninga vender svakt mot venstre. Minuskelen er skriven i eit strok, og den høgre sida er kanta og manglar nedstrek.

39 har nokre døme på ein variant der den venstre staven har overlengd:

	vetr (41rA31)
--	---------------


Andre døme er: *var* (36va3), *hvilaz / hvílask* (36vB8), *varð* (37rB12), *ýt þerð / Útferð* (37vA15), *verþa / verða* (40rB28), *vinir / vinir* (43rA20). Denne varianten har både minuskel- og (mest) majuskelfunksjon, men eg har likevel valt å gje han att som minuskel <v>.

Det er svært vanskeleg å skilje <u> og <v>. Eit klårt kriterium for <u> er ein tydeleg nedstrek til høgre: ordet *gullvarta* er eit godt døme på skilnaden mellom <u> og <v>. Her må det bli mykje skjøn.

	gullvarta (37vB31)
---	--------------------


I dei tidlegaste handskrifta blei distribusjonen av 'u' og 'v' styrd av eit ortografisk prinsipp: <u> blei brukt initialt for 'u', <v> initialt for 'v', og i andre posisjonar var det meir variasjon. I løpet av 1200-talet blei anten <v> eller <u> dominerande i kvart einskilt handskrift, og dette var stort sett <v> (Hreinn Benediktsson 1965:49).

Dette samsvarar med bruken i 39: <u> og <v> blir brukt om kvarandre, men med ei klår overvekt av <v> brukt både for vokalisk (<u>) og konsonantisk 'u' (<v>). Nedanfor er eit døme på 'v' brukt vokalisk:


	mvn (41rA16)
---	--------------

Nokre dømme på <u> brukt for konsonantisk 'u' (<v>): Solueig / Solveig (42vA8), quifl / kvísl (42vB10), ðauíð / Dávid (43rA14), fuein / svein (40vA2), huilo / hvilu (40vA2).

Minuskel <v>:

	þús / fúss (40rB27)
---	---------------------

Minuskel <v̇>:

	vþvðr / óþýðr (41rA7)
---	-----------------------

Minuskelen er identisk med <v> med eit punkt over. I 39 representerer dette grafemet fonema /y/ og /y:/. Seip skriv i kapitlet om "Norsk skrifthistorie til omkr.1225" at "Stundom ser det ut som y er skrevet som minuskel-v med prikk over og en tynn strek under til venstre. Senere kunne streken bli borte, og y ser ut som v med prikk over" (1954:20/21). Hreinn Benediktsson (1965:27) skriv at "the tailless 'v' is often used for y", men han gjev ikkje noko dømme på dette.


Teksten har følgjande dømme:

Baðftvrkir / Bøðstyrkir (37rB14/15), þvrrir / fyr (37rB16), þvrrp / þyrft (38rB18), fpvnir⁷ / spyrnir (39rA3), þvrrr / fyrr (39rA5), mvnda / mynda (39rA28), vrðir / yrðir (39rA30), fpvrr / spyrr (40rA37), þvrrri / fyrri (40rB1), þvrrir rými / fyrirými (40rB17), fvðra / syðra (40vB33), vþvðr / úþýðr (41rA7).

Både *þyrft* og *mynda* er alternative, moglege former. Dei kan også bli skrivne med <u,v>. Men i fleirtalet av formene ovanfor kan tolkinga av <v̇> berre representere fonema lang og kort 'y', og av den grunn har eg valt å late <v̇> representere /y/ også i *þvrrp* og *mvnda*.

⁷ Det er berre eit dømme på dette ordet i 39, og det blir skrivne utan <r>.

Minuskel <p> (insulær 'v'):

	fcpaldri / skvaldri (41rB29)
---	------------------------------


Minuskelen liknar <y>, men har ikkje eit punkt over. Seip skriv at minuskelen kan ha både ein "open" og ein "lukka" variant, og i norsk skrift finn vi begge variantane. Etter 1250 blir den islandske varianten mindre "open" som på norsk (1954a:19, 94). 39 nyttar berre den "opne" varianten, og bruken er ikkje stor. Nedanfor er ei oversikt over alle ord med insulær 'v' i 39:

Insulær 'v' <p> i førsteposisjon: pildi (36vB32), perit (38rA28), pi-lða (39rA22/23), piffir (40rB10/11), par (40rB21, 42vB15), paro (40rB22, 42vA22), pera (40vA32, 42vA23), pacnaði (40vB9), petra (40vB18), pinatto (41rA6), pið (41rA33, 41rB21, 43rA17), parm (41rB31), þeljizlo / veizlu (41vA12/13), para (42rB5), pinir (42rB11), þefla / vesla (42rB30), papnoðoz / vápnuðusk (42vB20,24), pilldo (42vB35), þæri (43rA17, 43rB36), pitia (43rB34)

Insulær 'v' <p> i midtposisjon: noþa fvn-ða / Nørvasunda (37rA15/16), fiapar / sjávar (41rB11), fcpaldri / skvaldri (41rB29), iþlo-ro paga / i Flóruvága (42rA16/17).

Insulær 'v' er den av dei tre insulære bokstavane som viste seg tidlegast i islandsk skrift, og vi finn spor av han allereie på byrjinga av 1200-talet i handskrift som ikkje viser spor av korkje insulær <p> eller <ð>. Nokre handskrift nyttar ikkje insulær 'v' i det heile, og i andre handskrift blir insulær og karolingisk 'v' brukt om kvarandre (Hreinn Benediktsson 1965:42). Insulær 'v' forsvinn frå både norsk og islandsk skrift omkring 1300 (Haugen 2004:197).


Minuskel <x>:

	.lx. (41rB15)
---	---------------

Minuskel <x> liknar minuskel 'r', men hovudstaven ligg meir på skrå enn for minuske 'r'. I forlenginga av hovudstaven går det ein strek på skrå nedover mot venstre som igjen bøyer oppover mot venstre. Seip (1954a:94) skriv om "et r-lignende tegn".

Dette grafemet blir helst brukt for å markere tal i 39. Det einaste unnataket er ordet veglixta / vegligsta (38rA33)

Minuskel <y>:

	alþýðo (38rB30)
---	-----------------

Staven til venstre er hovudstaven. Han har underlengd og bøyer til venstre i ein boge. Den høgre sidestaven bøyer svakt mot venstre oppe.


I høve til Hreinn Benediktsson sitt oversyn over dei ulike y-variantane (1965:24, sjå nedanfor) liknar minuskelen i 39 mest på utsjånaden til 'y4', men det finst nokre skilnader. Minuskelen i 39 verkar rettare enn 'y4', og underlengda kan ha ein større boge til venstre enn 'y4' og kan då likne meir på 'y2'.

follows: $\dot{y} = \dot{y}_1$, $\dot{y} = \dot{y}_2$, $\dot{y} = \dot{y}_3$, $\dot{y} = \dot{y}_4$, $\dot{y} = \dot{y}_5$.
--

Hreinn Benediktsson skriv at variantane 'y4' og 'y5' er dei mest brukte på 1200-talet.

Hovudstaven i 'y5' bøyer tilbake mot høgre. For begge variantane viser Hreinn Benediktsson til handskrift med datering gjennom heile 1200-talet, men det ser ut til at 'y4' er den eldste varianten (1965:50/51). Varianten 'y5' finst ikkje i 39.

Minuskel <y>:

	naðfyn (41vB32?)
---	------------------


Hreinn Benediktsson skriv at y4-varianten av og til er svært lik insulær 'v'. Det einaste som skil dei er prikken over 'y'. Nokre gongar blir den "uprikka" y4-varianten brukt for fonemet /y/ (1965:51). Det finst fire døme på denne bruken i 39:

læypt⁸ / leypt (37vA27), ð:ycnir / dryknir⁹ (40rA19), fyndiz / sýndisk (41rA37), naðfyn / nauðsyn (41vB32).

⁸ Dette må vere eit døme på overgang frå konsonantgruppa /ft/ til /pt/. Forma 'pt' er typisk for islandsk språk.


⁹ Drykkinn er alternativ form hos Heggstad, Hødnebo & Simensen (1975:79).

Minuskel <y>: (ý + aksent)¹⁰

	býinn / býinn (42rA35)
---	------------------------


Eg har berre funne dette eine dømet på <y> med aksent

Minuskel <z>:

	lizibonar / Lizibónar (36vB37)
---	--------------------------------

Minuskelen er skriven diagonalt: ein kraftig hovudstav som ligg litt på skrå nedover til høgre innanfor x-høgda. Hovudstaven blir kryssa av ein tynnare, temmeleg rett strek som går på skrå frå høgre nedover mot venstre. Den tynne streken går opp i b-høgda og ned i p-høgda. Denne minuskelen har ei uvanleg form i 39, noko som blir kommentert av Stefán Karlsson (1967:56), og Ólafur Halldórsson (1976:401) som skriv: "Í 39 er stafurinn z sérkennilega dreginn og líkist x" og viser til døme på feillesing av Þórður Jónsson.

Seip skildrar ein tradisjonell 'z' og skriv at tverrstrek blir meir og meir nytta og er det vanlege i islandsk skrift på slutten av 1200-talet (1954a:95). Denne omtala av ein 'z' med tverrstrek, passar ikkje i det heile på utforminga av minuskelen i 39, men passar for det teiknet som blir brukt som forkortingsteikn for konjunksjonen *ok*.


	ocsva / ok svá (41rA3)
---	------------------------

¹⁰ Eg har ikkje eit eige teikn for denne bokstaven

3.3.2 Majusklar


I den karolingiske skrifta blei majusklane nytta til å innleie ei setning eller til å framheve eit eigennamn. Samstundes nytta ein også ofte forstørra minusklar i majuskelfunksjon (Brøndum-Nielsen [1943]:18).

Majuskel <A>:

	Allt / Alt (37vB28)
---	---------------------


Majuskelen er teikna som ein stor minuskel <a> med ein lang hals som går opp i overhøgda. Det er berre den store minuskelen som blir brukt i majuskelfunksjon. Ordet *Allt* startar her ei ny hovudsetning. I transkripsjonen blir den store minuskelen i majuskelfunksjon skriva <A>. Den store minuskelen blir også nytta i minuskelfunksjon, og i den samanhengen blir han attgjeven med <a> i transkripsjonen.

Majuskel :

	Bauð / bauð (37rB14)
---	----------------------

Majuskelen har to lommer til høgre for hovudstaven. Lommene til saman er høgare enn hovudstaven


Majuskel <C>:

	Croffinn / Crossinn (38vA25)
---	------------------------------

Majuskelen er ein forstørra minuskel.


I ein variant svingar den øvre delen tilbake mot venstre i ein boge. Sjå dømet for minuskel 'u' (3.3.1) om minusklar: *Caupmenn* / *kaupmenn* (42vB24).

Majuskel <D>:

	Drot/ning / Dróttning (38rA8/9)
---	---------------------------------


Majuskelen er teikna som ein stor, open 'u' som heller litt mot venstre. Den nedste venstre enden har ein strek som går på skrå ned mot venstre. Resten av ordet *-ning* kjem på lina under. Denne majuskelen har ei rar form, men han er også brukt i eit anna døme: Dvni|mitz / Dúnímiz (42vB7/8).

Majuskel <E>1:

	Ecki / Ekki (40rA21)
---	----------------------


Majuskelen er teikna som ei forstørring av minuskelen.

Majuskel <E>2:

	Einar / Einarr (37vB12)
---	-------------------------


Majuskelen er teikna som ein langstrakt oval med opning mot høgre. Den øvre delen av streken lager ein spiss når han bøyer ned mot høgre, men dannar inga lomme. Den horisontale tverrstreken kryssar hovudstaven på midten.

Majuskel <E>3:


	Einarr / Einarr (42vB14)
---	--------------------------

Majuskelen har uncial form og er teikna som ein oval. Sidestrekane går heilt ned til den kraftige tverrstreken og lagar to lommer.

Majuskel <ƒ>:



	ƒoz / For (36vA36, 38rA15)
---	----------------------------

Majuskelen er teikna som ei forstørring av insulær, minuskel <ƒ>. Armane går her rett ut til sida til høgre for hovudstaven, men den øvste armen kan bøye seg nedover, sjå t.d.:

	ƒecc / Fekk (41rB1)
---	---------------------


I dømet, *toco ƒe allt / tóku ƒé alt* (42vB35), er majuskelen brukt i minuskelfunksjon, og i transkripsjonen har eg valt å skrive minuskelen.

Majuskel <G>:

	Gerðiz / Gerðisk (42rB19)
	Get / Get (37vA25)


Majuskelen er teikna som ein oval med opning mot høgre. Den nedste streken bøyer oppover og tilbake og dannar ei open lomme. Dømet *Get* viser at den øvste delen kan halde fram i ein boge.

Majuskel <H>:

	Húp / Húf (37vA21)
---	--------------------


Bokstaven er teikna som ein forstørra minuskel der underlengda bøyer tilbake i ein boge mot venstre. Skrivaren kjenner den vanlege majuskelforma fordi han nyttar både minuskel- og majuskelforma for dei forstørra initialane (sjå 3.3.3). Dette er første bokstaven i opningsordet i ei skaldestrofe, så eg har valt å skrive majuskel <H> her. Dette er det einaste dømet. Elles skriv eg minuskelforma sjøl om han har majuskelfunksjon.

Minuskel <J>:

	Ingibjörgu / Ingibjörgu (38rB30)
---	----------------------------------


Majuskelen er ei forstørring av minuskel <j> og blir av og til brukt syllabisk som ei majuskelform av <i>; både først i ei setning: J hæiða (38rA22), J þeiri (42vB26), Jvar (42rB18), J þeim (43rA9), men og midt i ei setning: *hann* atti Ingibjörgu (38rB30) som i dømet ovanfor. Den asyllabiske varianten finst også: *Jarli* (43rA13).

Majuskel <L>:

	Loptr (42vA10)
---	----------------


Hovudstreken har ein boge mot høgre nede og ein tverrstrek oppe. Frå den høgre delen av tverrstreken går det ein vertikal strek nedover som kryssar hovudstaven. Dette er det einaste dømet på majuskel <L> i 39.

Majuskel <M>:

	Marg dýrcaðr / Margdýrkaðr (37rB25)
---	-------------------------------------


Bokstaven har eit uncialt preg, men forma er spissare. Den høgre staven går ned i underhøgda og endar i ein boge mot venstre.

Majuskel <N>:

	Noð menn / Norðmenn (37rA29)
---	------------------------------


Majuskelen er teikna som ei forstørring av minuskel <n> med underlengd, men forma er spissare.

Majuskel <O>:


	Oc / Ok (41rB35)
---	------------------

Majuskelen er teikna som ein oval i vertikal lengderetning.

I 39 finst det eit døme på ein uvanleg variant der den høgre rundinga er blitt ein skrå strek:



	Olapr / Olafr (36vA9)
---	-----------------------

Majuskel <R>:

	Ráðþéggz / Ráðþægr (41rA8)
---	----------------------------


Majuskelen er ei forstørring av kapitel 'r' <R>.

Majuskel <S>:

	Sva <i>fegir</i> / Svá <i>segir</i> (36vB12)
	Siðan (37rA19)

Majuskelen er ei forstørring av rund og kapitel <s> som er like. Dei to svingane i majuskelen lager av og til ei oval lomme der dei grip inn i kvarandre som i det nedste biletet ovenfor.


Majuskel <T>:

	Týn (40rB30)
---	--------------

Majuskelen er ei forstørring av minuskelen. Hovudstaven endar i ein boge til høgre.


Tverrstreken er godt markert på både sider av hovudstaven og svingar litt oppover på den høgre sida.

Majuskel <V> 1:

	Vnit / Unnit (37rA12)
---	-----------------------


Denne varianten liknar minuskel 'v' der den venstre staven har overlengd, men den venstre hovudstaven her bøyer meir over til venstre og opnar seg meir. Det er også ein uklår start på ei underlengd. Dette er det einaste dømet på denne varianten som startar opningsordet i ei skaldestrofe. Her blir <V> brukt vokalisk.

Majuskel <V>

	Viðkvnr / Viðkunnr (36vA8) (050601)
---	-------------------------------------

Den venstre hovudstaven har tydeleg underlengd som bøyer mot venstre nede, og overlengd som bøyer tilbake mot høgre i ein boge oppe. På venstre sida av hovudstaven, omtrent i x-høgda, er det ei lomme som ligg til venstre. Det andre dømet er Vandaz / Vandask (42rA4)


Majuskel <V>3:

	Var (40vB36)
---	--------------

Denne bokstaven liknar insulær minuskel 'v', men den venstre hovudstaven har overlengd i motsetnad til minuskelen. Eg har vore usikker på om bokstaven berre er ein variant av insulær minuskel 'v', men han finst berre i majuskelfunksjon. Insulær minuskel 'v' blir berre nytta konsonantisk, medan denne varianten blir nytta både vokalisk og konsonantisk. Det er interessant dersom dette er insulær majuskel <ɰ>, men eg har valt å skrive han som ein vanleg majuskel <V>. Dei andre døma av denne varianten er:

Váf auþlvgr / Vásoflugr (36vB6), Vinðr / Vinðr (42vB23), Vil (42rA3), Vpphap / Uphaf (40vB37), Vera / Vera (39rA13), Varo / váru (43rB24).

Majuskel <V>: ¹¹

	Vt <i>þra</i> ec / Út frá ek (37rA10)
---	---------------------------------------


Majuskelen er identisk med <V>2 og har aksent. Han representerer her /u:/.

¹¹ Majuskel 'V' har aksent, men eg har ikkje eit eige teikn


3.3.3 Forstørra initialar

Brøndum-Nielsen ([1943]:18) skriv at forstørra initialar blei nytta i den karolingiske skrifta for å markere større avsnitt i motsetnad til majusklar som blei nytta for å markere ny setning og utheving av eigennamn. Dette passer godt med praksisen i 39. Store, staselege initialar er alltid plasserte på venstre sida i spalta. Grafiske omsyn gjer at eventuell underlengd og utbroderingar går ned på venstre side og ikkje på høgre side som er vanleg i minuskelskrifta. Til høgre, på den andre sida av spalta, er overskriftene plasserte. Til saman innleier dei eit større avsnitt av teksten.


Forstørra initial : 2 døme

	<p>Balvini (37vA30)</p> <p>Initialen er ei forstørring av majuskel , men initialen er rundare.</p> <p>Eit anna døme er Bendì (38vA15).</p>
--	--


Forstørra initial <E>1: 5 døme

	<p>Eptir (38rA12)</p> <p>Initialen er ei forstørring av majuskel E3. Rundinga lukkar seg og har ein kraftig, horisontal tverrstrek.</p> <p>Andre døme: Einom (36vA32), Eýfsteinn (38rA30, 38rB3, 39rB25)</p>
---	--


Forstørra initial <E>2: 2 dømme

	<p>Eýfstein (38rB25)</p> <p>Her er tverrstreken teikna som to parallelle, horisontale strekar.</p> <p>Andre dømme: Eptir (36vA12)</p>
---	---


Forstørra minuskel <E>3: 2 dømme

	<p>Eptir (36vB37)</p> <p>Her er tverrstreken nesten borte.</p> <p>Andre dømme: Eýfsteinn (38vB13)</p>
---	---


Forstørra initial <F>: 4 dømme

	<p>Frim (40vB29)</p> <p>Andre dømme: Fíorom / fjórum (36v37, Fleiri (39rB15), Fám (42vA2)</p>
---	---


Forstørra initial <H>1: 4 dømme

	<p><i>Haraldr</i> (41rB10, 42rA26)</p> <p>Initialen er ei forstørring av minuskel 'h' utan underlengd som er den tidlege forma av 'h'. 39 nyttar stort sett ei seinare form av minuskel 'h' med underlengd.</p> <p>Andre dømme <i>Haraldr</i> (41vA24), <i>Hallkel</i>[I], (39vB18)</p>
---	---

Forstørra initial <H>2: 1 dømme

	<p><i>Haraldr</i> (42rB12)</p> <p>Initialen er teikna som ein forstørra majuskel med to parallelle, like høge stavar og ein horisontal tverrstrek.</p>
--	--

Forstørra initial <H>3: 2 dømme

	<p><i>Haraldr</i> (40rA8)</p> <p>Her er den venstre staven høgare enn den høgre staven. Tverrstreken er teikna som to parallelle strekar.</p> <p>Eit anna dømme: <i>Haraldr</i> (42rA14)</p>
---	--

Forstørra initial <K>: 1 dømme

	<p>Kolbeinn (40vA33)</p> <p>Initialen er teikna som ein forstørra minuskel.</p>
--	---


Forstørra initial <L>: 1 dømme

	<p>Litlo / Lítlu (42rB7)</p>
--	------------------------------


Forstørra initial <M>1: 1 dømme

	<p>Magnvs (36vA1)</p> <p>Initialen er ei forstørring av majuskel 'M'.</p>
--	---


Forstørra initial <M>2: 4 dømme

	<p>Magnvs (41vB10)</p> <p>Initialen er ei forstørring av uncial 'm', men den venstre staven har underlengd/utbrodering.</p> <p>Andre dømme: Magnvs (38vB3, 41rA1, 41rB32).</p>
---	---


Forstørra initial <N>: 1 dømme

	<p>Nicolas (39vA2)</p> <p>Initialen er ei forstørring av minuskel 'n', men den venstre staven har underlengd/utbrodering.</p>
--	---


Forstørra initial <O>: 2 dømme

	<p>Or (42vA31)</p> <p>Initialen er teikna som ei oval runding der dei to sidene er kraftig markerte.</p> <p>Eit anna dømme: Olapr (38vA6)</p>
---	---


Forstørra initial <R>: 1 dømme

	<p>Rodðgæirr (37vA5)</p> <p>Initialen er ein forstørra kapitel.</p>
---	---


Forstørra initial <S>1: 8 dømme

	<p>Sigvrðr (39vA31)</p> <p>Initialen er teikna som ei forstørring av den runde minuskel 's'.</p> <p>Andre dømme: Sigvrþr (36vB10), Sigvrþr (37rB32), Sigvrðr (43rB18), Sigvrðr (40vB13, 43rB37)</p>
---	---


Forstørra initial <S>2:

	<p>Sigvrþr (38rB33)</p> <p>Her er den kraftige midstreken teikna som to strekar.</p> <p>Eit anna dømme: Sigvrðr (37vB4)</p>
---	---


Forstørra initial <P>: 6 døme

	<p>Pa / Pa (41rA30)</p> <p>Initialen er teikna som ei forstørring av minuskel 'p'.</p> <p>Andre døme : Pa (37rA15, 37rB23, 37vB25, 40rB15, 43rA22)</p>
---	--

Forstørra initial <U>: 1 døme

	<p>Um (37vA16)</p> <p>Initialen har ein kraftig nedstrek til høgre.</p>
---	---

Forstørra initial <V>: 1 døme


	<p>Vm qveldit (40rB37)</p>
---	----------------------------

3.3.4 Kapitlar

Kapitel er ein bokstavtype som har forma som ein majuskel, men storleiken til ein minuskel og er plassert i x-høgda.


Vi har mange døme frå karolingisk minuskelskrift på at nokre kapitlar er ”being used only for graphic convenience or emphasis, and never to denote geminates” (Hreinn Benediktsson 1972:27). Forfattaren av *Den første grammatiske avhandling* foreslo å bruke kapitlar for å markere dobbeltskriving av konsonant, og han får æra for denne nyvinninga som ikkje er kjent utanfor islandsk språk. Rådet hans er derimot ikkje eingong følgt i dei overleverte handskrifa av *Den første grammatiske avhandling* (Hreinn Benediktsson 1972: 26ff). Det er likevel lett å sjå at Den første grammatiker hadde påverkningskraft, fordi kapitlar for å markere geminering av konsonant er mykje brukte i islandsk skrift. Men praksisen slo aldri gjennom i full breidd. 39 har følgjande døme på bruk av kapitlar:

Kapitel <E>:

	Eysteinn (38rB19, 21, 22, 38vA12)
---	-----------------------------------


Kapitel 'e' har uncial form og er teikna som ein open oval mot høgre i x-høgda med ein vassrett midtstrek.

Kapitel <G>:

	fteinvegin / steinvegginn (37rB3)
---	-----------------------------------

Kapitelen held seg i x-høgda og er ein oval med opning mot høgre. Den nedre delen av rundinga vender tilbake mot venstre og dannar nesten ei lomme. Sidene i lomma er kanta.


Kapitel <M>:

	<i>magnvs</i> (41rA11)
---	------------------------

Kapitel 'm' har eit uncialt preg. Den høgre staven har underlengd og bøyer i ein boge til venstre. Hreinn Benediktsson (1965:47) skriv at uncial 'm' ofte blir brukt som del av ein abbreviatur som i dømet nedanfor:


MM	<i>monnm</i> / <i>mønnum</i> (38rB3)
----	--------------------------------------

Kapitel <N>:

	<i>fteinvegin</i> / <i>steinvegginn</i> (37rB3)
---	---


To parallelle strekar som blir bunden saman av ein strek som går frå venstre nedanfrå og oppover mot høgre. Den høgre nedstreken har ein boge mot venstre

Kapitel <R>:

	<i>halldor</i> / <i>Halldorr</i> (36vB26)
---	---

Hreinn Benediktsson skriv at kapitel <R> som regel representerer dobbel 'r' i ordslutt og kan bli nytta i midtposisjon (1965:82/83). Han nemnar ikkje bruk av kapitel 'r' i framlyd, men det gjer Seip (1981:b.8,sp. 265). I 39 blir kapitel 'r' nytta i framlyd og i ordslutt.

Kapitel <S>:

	<i>os</i> / <i>oss</i> (41vB22)
---	---------------------------------

Kapitel 's' har same forma som minuskel 's', men funksjonen som markerer gemining, viser at det dreier seg om ein kapitel.

I 39 har vi kapitelane 'E, G, M, N, R, S', og alle, utanom 'E, M', blir brukte for dobbel konsonant. Her har vi kontaminasjon mellom to tradisjonar og to prinsipp i same handskrift:

- Bruk av kapitel som ornamentikk/pynt utan særskild lydverdi etter praksisen i den karolingiske minuskelskrifta, t.d. i ordet 'magnus'(36vA12).

- Bruk av kapitel for å markere dobbel konsonant etter påverknad av *Den første grammatiske avhandlinga*, t.d. i ordet 'fteinvegiN' / steinvegginn (37rB3).

Nedanfor følgjer døme på bruk av kapitelar i 39:

- Skrivaren nyttar ein kapitel i førsteposisjon for å framheve eit ord. Det gjeld som oftast eit eigennamn som høyrer til ein viktig person, t.d. ein konge, og lydverdien er enkel:

M ⁹	magnvs / Magnus (36vA12)
.t.E.	til Eysteins / til Eystein (38rB21)
R ⁱ	riki / ríki (37vA4)

- Skrivaren følgjer rådet i *Den første grammatiske avhandling* og bruker kapitelar inni eller på slutten av eit ord for å markere geminering. I desse døma fungerer kapitelene klårt som ein abbreviatur. Jørgensen (1985:203) skriv at dette er ein paleografisk variant som er karakteristisk for Island:

ioR ⁴	iorosto / í orrostu (36vA9)
hallðOR	hallðOR / Halldórr (36vB26)
fteinvegiN	fteinvegiN / steinvegginn (37rB3)
gvni þís	gvni þís / Gunni físs (42vA6)

- Skrivaren brukar også kapitelar i ein tredje funksjon

pañiā	panniam / Pannóníam (38rA17)
skap stOR	skap stOR / skapstórr (41rA5)

Han skriv ein prikk (som tyder dobling av konsonanten) over ein kapitel (som i denne posisjonen allereie tyder dobbel konsonant). Kålund kaller det ein "...kapital-bogstav, undertiden forsynet med en da overflødig prik." (1907:viii).

Skrivaren i 39 er ikkje konsekvent i bruken av kapitelar. Han let dei representere både enkel og dobbel lydverdi, og lesaren må sjølv tolke kva som er kva. Lesaren får oppgåva med å vurdere teksten undervegs og må veksle mellom å tolke kapitelane som dekor, eller han må

sjå dei frå ein funksjonell synsstad. Han kan ikkje sjå på utsjånaden åleine for å avgjere dette, men må dra inn konteksten (Svelling 1999:59).

I transkripsjonen har eg har valt å sjå på alle kapitelar som vanlege bokstavar og tolkar dei ikkje.

3.4 Samanskriving av grafem

Samanskriving av grafem har felles trekk med forkortingar, fordi hovudmålet er eit ønskje om å spare tid og pergament. Kålund (1907:x) reknar dei likevel ikkje som forkortingar: ”ved bogstavsammenskrivning opstår forskellige ligaturer, som dog rettest ikke henregnes til forkortelser”.

Ein ligatur er innanfor paleografien omgrepet for ein særskild kategori av samanskrivne grafem. Lars Svensson (1974:166f) definerer ligatur slik:

Med en ligatur avses i allmänhet en sammanskrivning eller sammanbinding av en bokstav med en annan i en medeltida, präntad text. Liksom förkortningen har den tillkommit för att skrivaren skulle spara tid och pergament. I detta arbete avser en ligatur en sådan sammanskrivning eller sammansmältning av två (stundom tre) bokstäver, som har en distinktiv del gemensam. [...]. Två sammanskrivna bokstävar som inte har någon distinktiv del gemensam bildar inte en ligatur.

I 39 finst det ingen ligaturar som er samanskrivne av 3 bokstavar.

I dette kapitlet vil eg først sjå på dei ligaturane som fell innanfor definisjonen ovanfor. Hovudkriteriet er at dei samanskrivne bokstavane har ein sams distinktiv del. Deretter vil eg sjå på andre typar av samanskrivne grafem i 39.

3.4.1 Ligaturar

Det er vanleg å rekne med to ulike kategoriar av ligaturar. Hreinn Benediktsson (1965:51) framstiller skilnaden slik:

From the functional point of view, ligatures are of two kinds, those with an independent phonemic reference, and those without such a reference. These two must be kept strictly apart, since they are fundamentally different. The first have linguistic relevance, while the use of the second is dictated solely by considerations of graphic economy.

Definisjonen femner om to kategoriar av ligaturar som har ulik funksjon. I den første kategorien representerer ligaturen eit fonem, dvs. ein lyd som er tydingsskiljande. Den andre blir brukt for å spare tid og pergament og har derfor fellestrekk med ein abbreviatur. Trass i ulik funksjon, kan dei to kategoriane av ligaturar ha sams form, jmf. ligaturen 'a' nedanfor som både representerer fonemet /ɔ/ og diftongen /au/.

Bruken varierer mykje, og frekvensen aukar utover på 1200-talet sjølv om den karolingiske skrifta i prinsippet ikkje nytta ligaturar (Hreinn Benediktsson 1965:51).

3.4.1.1 Ligaturar med sjølvstendig fonemisk referanse


Under denne overskrifta kan ein plassere det som den ukjende forfattaren av *Den andre grammtiske avhandlinga*, nemner som *limingar*. Seip (1954a:96) refererer kva forfattaren skriv om dette i *AM 242 fol. (Codex Wormianus)*:

Qnnvr er þeira græin fv at þeir heita limingar ok skal þa fva rita æ, ø, a.
þesser þrir stafer eru hvar tveir hlioðstafer saman limðer þviat þessi stafr
hverr hefer hvern lut at hlioði hinna er hann er af gior.

Seip skriv vidare (same staden) at forfattaren tydeleg viser til ligaturane for i-omlydd 'á' og 'ó' og u-omlydd 'a'.


39 har 3 ligaturar som representerer 4 sjølvstendige fonetiske referansar:

1. Ligaturen <æ> er ei samanskiving av <a> og <e>:

	hæipt glaþr / heiptglaðr (36vB8)
---	----------------------------------

Det er minuskelforma av <a> som ligg til grunn for ligaturen (Seip 1954a:97). I 39 blir ligaturen som oftast brukt for resultatet av samanfallet av dei lange vokalene /ø:/ og /æ:/ og for det første segmentet i diftongen /ei/ som i dømet *hæiptglaþr* ovanfor.

2. Ligaturen <œ> er ei samanskiving av <o> og <e>:

	grœnni / grœnni (37rB31)
---	--------------------------

3. Ligaturen <a> er ei samanskiving av <a> og <v>. I 39 representerer han både /ɔ/, som er u-omlydsproduktet av /a/, /ø/ som er i-omlydsproduktet av /o/ og diftongen /au/.

	garnðlar / gǫndlar (37rB17/18)
--	--------------------------------

	aræpi / øræfi (39rB2)
--	-----------------------

3.4.1.2 Ligaturar utan sjølvstendig fonemisk referanse

Dei samanskrivne bokstavane i ligaturane nedanfor held ved lag lydverdiane sine, og dei er mykje nytta i 39. I den grad eg manglar spesialteikn for samanskrivne bokstavar, blir dei markerte med strek under seg.

3.4.1.2.1 Ligaturar der dei samanskrivne bokstavane står ved sida av kvarandre på lina

	þegar / þegar (40vA11))
	fkyllði (36vA30)

39 har følgjande døme på denne typen av ligaturar:




a + þ	h <u>a</u> þði (41rA37/414B1)
a + n	þ <u>a</u> n (36vA8)
a + r	þ <u>e</u> irar (36vA23) fikilej <u>a</u> ir (37rB32), m <u>a</u> rc (39rA16), býrding <u>a</u> r (42vA31)
a + v	l <u>a</u> gar / laugar (39rB19) Denne ligaturen blir mykje brukt for diftongen /au/, men ikkje i dei aller første handskrifa (Hreinn Benediktsson 1965:53).
ð + o	fmi <u>ð</u> ot (39rB31), ba <u>ð</u> o (41rB25)
o + c	o <u>c</u> (37vB8, 38rB33, 38vB35, 40vB6) Som regel blir dette ordet forkorta med ein tironisk note 'ꝛ' (sjå 3.5.2.2.4). Eit av kjenneteikna på framveksten av den gotiske skrifta er samanskriving av bokstavar med bogar som vender frå kvarandre. Ligaturen av 'o + c' er eitt av dei tidlegaste døma på dette (Hreinn Benediktsson 1965:54).

f + k	<p><u>f</u>karpt (36vB19)</p> <p>Ifølge Widding (1981, b.10, sp. 547) er denne ligaturen meir utbreidd i norsk enn i islandsk skrift. Han skriv til og med at einskilde døme i islandsk er etter direkte påverknad frå norsk. Denne fråsegna samsvarar ikkje med bruken i 39 dersom heimfesting til Island er rett. Tvert om er denne ligaturen avært mykje brukt i 39. Det er interessant dersom dette er eit døme på ein paleografisk norvagisme. Skrivaren er ikkje konsekvent. Det finst døme på både '<u>f</u>kipa' (36vB1) og '<u>f</u>cipa' (36vB22), men med klår overvekt for det første alternativet.</p>
-------	---

3.4.1.2.2 Ligaturar der første og siste bokstav i eit ord er samanskrivne


”I forkortede ord kan to konsonanter som ikke står ved siden av hverandre i ordet fullt utskrevet, danne ligatur” (Seip 1954a:100). Denne typen av ligatur har sams hovudstav. Skrivaren nyttar i tillegg ein horisontal strek gjennom hovudstaven som eige forkortingsteikn, og forkortinga er ein kontraksjon.

Denne kategorien av ligaturar er mykje nytta i 39:

	h + f: <u>han</u> f / hans (38vA17)
	k + f: <u>konvng</u> f / konungs (41rA1)
	p + f: <u>þes</u> f / þess (36vB20)

Denne konstruksjonen er altså både ein ligatur og ei forkorting. Ved utskrivning av orda har eg valt å skrive konvngf, hanf og þesf, og ikke *konvnngs*, *hans* og *þess*. Forma på ligaturen viser klårt at to grafem er samanskrivne; <h>, <k>, <p> + <f>. Dei samanskrivne bokstavane blir markerte med strek under. I tillegg kjem forkortinga som blir skriven ut i kursiv.

3.4.2 Andre samanskrivne grafem

	castala / kastala (36vB20)
---	----------------------------

Bogen i <f> bøyer seg nedover og treffer staven i <t> som strekkjer seg oppover i overhøgda. Denne samanskrivinga av <f> og <t> er svært vanleg i 39.

Hreinn Benediktsson (1965:52) karakteriserer denne samanskrivinga som ein ligatur: "By far the most frequent ligature is that of 'ft' ". Hreinn Benediktsson brukar ein vidare definisjon av ligatur enn Lars Svensson: I tillegg til sams strek, kan ein av bokstavane ha ei særskild form. Eg er samd i at <t> har ei særskild form i denne typen av samanskriving, men eg held fast ved definisjonen til Lars Svensson i *Nordisk paleografi* (1974:167). Eit av hovudkrava hans til ein ligatur er at dei samanskrivne bokstavane har "har en distinktiv del gemensam". Denne samanskrivinga av <f> og <t> er altså ingen ligatur, fordi dei ikkje har nokon sams strek.

3.5 Abbreviaturar

Innanfor paleografien er abbreviaturar omgrepet for forkortingar av ord i skrift. Ifølgje *Nynorskordboka* (1986) er opphavet det latinske verbet *abbreviare* som tyder *forkorte, stytte av*.

Rune Kyrkjebø (1994:46) skriv at ”funksjonen til abbreviaturen er altså å representere ein bokstav, ei staving eller fleire bokstavar, endå eit heilt ord, kortare enn om ordet var fullt utskrive.” Både Kålund (1907:vii) og Kroman (1980, b.1, sp.5) peikar på at målet med bruken av abbreviaturar er todelt: ein skal kunne skrive raskare og spare kostbart pergament.

Bruken av forkortingar har ei lang historie og går tilbake til antikken. I romartida laga Ciceros frigjevne slave og sekretær, Marcus Tullius Tiro, eit slag stenografisk system der teikn skulle gje att både heile ord og delar av ord. Desse forkortingane blir kalla *tironiske notar* (Greetham 1994:219). Andre forkortingar hadde opphavet i den juridiske litteraturen frå denne tida.

Bruken av forkortingar minskja då den karolingiske minuskelskrifta blei etablert på slutten av 700-talet, fordi ein ville ha større klårleik i skriftbiletet. Praksisen tok seg opp att i latinsk skrift seinare i middelalderen. (Kromann 1980, b.1, sp.5/6).

Då den latinske skriftkulturen kom til Noreg og Island på 1000-talet saman med kristendommen, var abbreviaturbruken ein integrert del. Elles i Europa var det ikkje vanleg å nytte forkortingar når ein skreiv på morsmålet, men norsk, og særleg islandsk, er eit unntak (Hreinn Benediktsson (1965:86). Det norrøne språket eigna seg godt for forkortingar på grunn av ”sine fulde endelser og rige ordböjning” (Kålund 1907:viii).

Abbreviaturar er nemde allereie i *Den første grammatiske avhandlinga*:

Titvll hefir enn ekki eðli til ftaff enn hann er þo til fkyndigar ritz ok minnkvnar fettr fyrir ymfa stafi aðra. ætvndvm fyrir æinn en ftvndvm fyrir fleiri.


The *tittle* does not have the nature of a letter either, but yet it is used – for the speeding-up and shortening of the writing – for various other letters, sometimes one and sometimes more.

(Hreinn Benediktsson 1972:240/241)

Den ukjende forfattern av *Den første grammatiske avhandlinga* reknar opp mange abbreviaturar som kan nyttast av skrivarar, og han kjem med framlegg om korleis ein kan forkorte ord på den beste måten.

Ein skrifvar i mellomalderen måtte kunne bruke abbreviaturar på lik line med bokstavar, og dette skrifttrekket kravde igjen at lesaren måtte kunne tolke abbreviaturane under lesinga for å få ei fullgod forståing av teksten (Svelling 1999:7). På tydingssida er det stor skilnad på abbreviaturane. Mange har faste, konvensjonelle tydingar som går att i alle handskrifa. Ein kan seie at dei er ”standardiserte”, dvs. at dei er allment kjende og blir nytta av mange skrifvarar i mange handskrift. Det har altså utvikla seg ei norm. Andre abbreviaturar har fleire tydingar og kan i tillegg bli brukte meir fritt av einskilde skrifvarar. Dei fleste abbreviaturane kan i prinsippet berre tolkast gjennom konteksten og nærlesinga av handskriftet.

Avskrivaren/lesaren trong gode kunnskapar i grammatikken: t.d. kasusbruk og bruk av bestemd/ubestemd form innanfor substantivbøyinga. Det islandske samfunnet var på denne tida i høg grad framleis eit munnleg samfunn. Når eg skriv lesaren, må vi tenkje oss at ein person las høgt frå eit manuskript og ikkje at folk flest las for seg sjølve. Det må ha kravt mykje røynsle å lese frå eit islandsk handskrift med alle abbreviaturane, t.d.

	Sva segir halldorr scvaldri (37rB25)
---	---------------------------------------

Feiltolking av abbreviaturar må ha vore årsak til mykje feilskrivning ved seinare avskrivning av eit handskrift.

3.5.1 Systematisering av abbreviaturane

Eit mål ved oppgåva er å lage ein strengt diplomatarisk transkripsjon av 39 (sjå vedlegg). Definisjonen til Odd Einar Haugen (1995a:74) av ei slik utgåve føreset at abbreviaturane blir rett tolka og oppløyse i kursiv. Ein naudsynleg del av oppgåva blir derfor å lage ei oversikt og ei systematisering av abbreviaturane; tydingane av abbreviaturane og bruken av dei i 39.

Eg vil først gå igjennom nokre standardverk og sjå på systematiseringa i desse standardverka. Deretter vil eg gjere framlegg om kva prinsipp eg ønskjer å nytte i systematiseringa mi. På grunnlag av denne systematiseringa vil eg lage ei oversikt over abbreviaturar i 39.

Vi har tre standardverk om norrøne abbreviaturar:

- Kristian Kålund: *Palæografisk atlas. Ny serie : oldnorsk-islandske skriftprøver c. 1300-1700*. 1907.
- Didrik A.Seip: *Palæografi. B: Norge og Island*. 1954.
- Hreinn Benediktsson: *Early Icelandic script*. 1965.

Kålund og Hreinn Benediktsson systematiserer abbreviaturane, medan Seip lagar ei meir deskriptiv framstilling.

Kålund (1907:viii-x) deler inn abbreviaturane i sju hovudavdelingar med mange underavdelingar:

- I. Forkortelsestegn med fast betydning
- II. Forkortelsestegn med ubestemt betydning
- III. Forkortelse med interlineare bogstaver
- IV. Forkortelse ved sammentrækning
- V. Forkortelse ved afstumpning
- VI. Forkortelse ved enkeltbogstav
- VII. Sammenskrevne bogstaver

Hreinn Benediktsson (1965:85) deler inn abbreviaturane i fire hovudavdelingar:

- I. by suspension
- II. by contraction
- III. by superscript letters
- IV. by special signs

Eg finn det vanskeleg å bruke baa desse systematiseringane av abbreviaturar i norrønt språk på grunn av uklår og lite presis terminologi. Ragnhild Svelling har i ei hovudfagsoppgåve frå 1999 sett på bruken av abbreviaturar i norske mellomalderhandskrift ca.1150-1325. På grunn av det nære sambandet mellom norsk og islandsk språk har det stor overføringsverdi for materialet mitt. Ho set spørjeteikn ved systematiseringa til både Kålund og Hreinn Benediktsson. Dei skil ikkje mellom forkortingsmåten, dvs. kvar i ordet forkortinga skjer, sjølve forkortingsteiknet og tydinga av det (Svelling 1999:24-29).

Eg har dei same ankepunkta som Svelling og vil syne dette med døme frå 39:

Plassering	Abbreviaturteikn	Oppløysing	Systematisering etter Kålund	Systematisering etter Hreinn Benediktsson
36vA1	⁹	Magnus	I, V	I, IV
36vA1	interlineær strek	konungr	II, V, VI	I, IV
36vA1	interlineær <r>	var	II, III, V, VI	I, III
36vA1	sikksakkteiknet	ipir	I 2, V	I, IV
36vA1	sikksakkteiknet	noregi	II, V	I, IV
36vA1	interlineær strek	dogom	I 1, V	I, IV
36vA1	interlineær <i>	þriþr	II, III, IV	II, III
36vA2	interlineær prikk	innanlandz	II, III, IV	II, IV
36vA4	punkt	fina	II, V, VI	I, IV
36vA4	interlineær strek	menn	II, V, VI	I, IV
36vA4	interlineær <i>	við	II, III, V, VI	I, III

Tabellen ovanfor syner at korkje Kålund eller Hreinn Benediktsson har laga ei presis og eintydig systematisering av norrøne abbreviaturar når dei einskilde forkortingsteikna kan bli plasserte i fleire grupper.

Det ser ikkje ut til at standardverka har prøvd å bruke eitt prinsipp som grunnlag for systematiseringa. Dei opererer med mange parametarar, t.d. forkortingar med bestemd versus ubestemd tyding, spesialteikn, suspensjon, kontraksjon, forkorting ved einskildbokstav og interlineær bokstav osv. Dei blandar saman kategoriar som ikkje kan jamførast. Både Kålund og Hreinn Benediktsson har suspensjon og kontraksjon som eigne kategoriar av forkortingar. Suspensjon og kontraksjon er etter mitt syn ikkje eigne kategoriar, men dei forklårer kvar i ordet forkortinga skjer. Det interlineære sikksakkteiknet kan vere ein suspensjon i ein samanheng (t.d. *fvmir*, 36vA20) og ein kontraksjon i ein annan (t.d. *gerði*, 36vB16).

Eg vil peike på nyare litteratur som prøver å systematisere abbreviaturane utifrå andre prinsipp enn dei som er brukte av Kålund og Hreinn Benediktsson.

Svellingen (1999:66) rår til å skilje mellom forkortingsprosess, eller –måte og forkortingsteikn, og ho lagar eit system i 9 punkt som i nokon grad kombinerer utsjånad og plassering for å systematisere abbreviaturane:

1. Interlineær bokstav
2. Interlineær strek
3. Strek under grunnlinja
4. Interpunktjonsteikn på grunnlinja
5. Interpunktjonsteikn over grunnlinja
6. Interlineært sikksakkteikn
7. Kapitel
8. Symbol
9. Manglande avstytingsteikn

Karl G. Johansson (1997:150) gjer eit drastisk grep og deler inn abbreviaturane etter utforminga i alfabetiske og ikkje-alfabetiske abbreviaturar.

The Menota handbook (2004) inneheld eit regulativ for elektronisk transkripsjon av nordiske mellomaldertekstar og er resultatet av mellom anna arbeidet ved "Senter for høgere studier" i åra 2000-2001. Det førebuande arbeidet går heilt tilbake til 1994 etter eit sams initiativ av nordiske norrønforskarar. Koding av abbreviaturar blir ein viktig del av det elektroniske transkripsjonsarbeidet. Kapittel 6 som omhandlar dette i handboka, er skriva av Odd Einar Haugen og Rune Kyrkjebø. Dei viser til standardverka av Kålund og Hreinn Benediktsson, men dei byggjer si eiga systematisering først og fremst på grunnlag av den konkrete plasseringa av abbreviaturteikna:

1. Abbreviaturteikn som står på grunnlinja
2. Abbreviaturteikn som står plasserte diakritisk ("diakritisk" tyder her over, under eller gjennom eit grunnlineteikn)
3. Særskilde døme

Odd Einar Haugen (2004:207-210) held fram denne systematiseringa i kapitlet om paleografi i *Handbok i norrøn filologi*:

- A1 Forkortingsteikn på grunnlinja – med nokså fast tyding
- A2 Forkortingsteikn på grunnlinja – med skiftande tyding
- B1 Forkortingsteikn i diakritisk stilling – med nokså fast tyding
- B2 Forkortingsteikn i diakritisk stilling – med skiftande tyding

Som ein kan sjå av døma ovanfor, er det gjort mange freistnader på å systematisere abbreviaturane i norrønt språk, og dei viser at det ikkje er lett å finne eit system som eintydig femner om alt. Det er verdt å merkje seg at omgrepa *suspensjon* og *kontraksjon* ikkje lenger

er nytta som egne kategoriar i den nyaste litteraturen, medan systematisering utifrå plassering seglar opp som ein ny kategori.

Eg har valt å setje eit skilje mellom forkortingsprosessen og forkortingsteiknet.

3.5.1.1 Inndeling av abbreviaturar ut frå forkortingsprosess, eller –måte

Med forkortingsprosessen meiner eg kvar i ordet forkortinga skjer, og her er *suspensjon* og *kontraksjon* nyttige omgrep. Her er det mindre viktig å vite kva for teikn som er nytta. Det sentrale er å sjå at det skjer ei forkorting, og kvar i ordet ho er. Ein kan spørje seg om forkortingsprosessen er interessant. Eg vil svare positivt på det, særleg fordi omgrepa *suspensjon* og *kontraksjon* er mykje nytta i faglitteraturen.

Svellingen (1999:62-65) opererer med fire forkortingprosessar:

1. Revers suspensjon
2. Avers suspensjon
3. Kontraksjon
4. Substitusjon

Avers suspensjon vil seie at eit ord blir forkorta ved at bokstavar blir tekne bort frå byrjinga av ordet. Svellingen har ingen døme frå sitt eige materiale, men viser til Seip som har eit døme på eit ord som blir forkorta på denne måten:

ᵛa = kona

Teiknet 'ᵛ' med opphav i tironiske notar, er lånt frå latin, og det er nytta for same grafemsekvens i norrønt som i latin (Svellingen 1999:63). Eg har heller ingen døme på denne forkortingsmåten i 39 og held derfor på den tradisjonelle tredelinga i *suspensjon*, *kontraksjon* og *substitusjon* for materialet mitt.

Suspensjon vil seie at forkortinga skjer i slutten av ordet. Større eller mindre delar av ordet kan bli forkorta. Den "høgaste" forma for suspensjon er forkorting ved einskildbokstav, dvs. at berre første bokstaven er skriven. Denne forma for suspensjon skjer som regel ved høgfrekvente ord, t.d. <s> som forkorting for ymse former av eigedomspronomenet *sinn*:

Døme	Oppløysing	Plassering
.f.	<i>finni</i>	39vA12
ṡ	<i>menn</i>	37vA24

I andre døme er berre delar av slutten forkorta:

Døme	Oppløysing	Plassering
harʰ	haraldr	40rA13
mɪk̄	mikinn	37vA9
Magn ⁹	Magnus	36vA1

Kontraksjon vil seie at forkortinga skjer midt i ordet:

Døme	Oppløysing	Plassering
þ̄ta	þetta	37rA12
ǵðɪ	gerði	36vB16
beǵɪa	beggia	36vA28

Suspensjon og *kontraksjon* fungerer som regel kvar for seg, men vi finn også døme på både suspensjon og kontraksjon i same ordet:

Døme	Oppløysing	Plassering
éɪ	erlendr	36vA35
añar	annarr	36vA26

39 har også fleire døme på at det same forkortingsteikn kan vere både *suspensjon* og *kontraksjon* i same ordet:

Døme	Tyding	Oppløysing	Plassering
eǵ	i – i	eigi	38vB35, 39rA35
caɪtɪ	a – a	caftala	36vB29
mɪɪ	æ – t	mælti	38vB20

Substitusjon vil seie at eit teikn eller symbol erstattar heile ordet. Tydinga er som regel styrt av faste konvensjonar.

Eg har berre eit døme på substitusjon i materialet mitt, men dette dømet er svært høgfrekvent:

z = ok

3.5.1.2 Inndeling av abbreviaturar ut frå forkortingsteikn

Med forkortingsteikn meiner eg teikn og bokstavar som er nytta for å markere at ord er forkorta, og ei systematisering kan sjå på abbreviaturane utifrå mange prinsipp; plassering i høve til grunnlina, utsjånad, kva for grafem dei representerer. I faglitteraturen har eg sakna ei systematisering som bygger på utsjånaden til det einskilde teiknet. Men eg er uviss på om det er mogleg å lage ei systematisering berre ut frå utsjånaden, dvs. berre ut frå eit prinsipp. Ta t.d. strek og punkt som forkortingsteikn: tolkinga endrar seg i høve til om dei er plasserte over, på eller under grunnlinja. Streken kan tolkast på ulike vis: frå ei fast, konvensjonell tyding til eit generelt forkortingsteikn. Eg har likevel valt å leggje hovudvekta på utsjånaden til forkortingsteiknet. Dette gjer det mogleg med ei sams handsaming av teikn som kan bli plasserte på forskjellige stader, t.d. forkortingsteikna *punkt* og *horisontal strek*.

Eg har valt å dele abbreviaturane i to hovudgrupper etter utforming: alfabetiske og ikkje-alfabetiske. Deretter prøver eg så langt som råd er å gruppere dei ikkje-alfabetiske etter utsjånad. Deretter blir plasseringa av forkortingsteiknet og bestemd/ubestemd tyding viktige underkategoriar.

Eg gjer merksam på at eg ikkje gjev ei generell systematisering av abbreviaturar, men ei systematisering av abbreviaturare i 39. Det finst abbreviaturteikn som eg ikkje finn i 39.

Alfabetiske abbreviaturar

1 Interlineær bokstav

2 Dobbel konsonant

II. Ikkje-alfabetiske abbreviaturar

1 Strek

1.1 Interlineær strek

1.1.1 Nasalstrek

1.1.2 Latinsk forkorting for *-re*

1.1.3 Strek med ubestemd tyding

1.2 Strek under grunnlinja

2 Punkt

2.1 Punkt på grunnlinja

2.2 Punkt over grunnlinja

3 Interlineært sikksakkteikn

3.1 Med fast tyding

3.2 Med skiftande tyding

4 Andre teikn

4.1 us-teiknet

4.2 semikolon

4.3 ra-teiknet

4.4 ur-teiknet

4.5 z-teiknet

3.5.2 Abbreviaturar i 39

39 er eit godt døme på eit handskrift med mykje bruk av forkortingar. Nedanfor følgjer ei systematisk oversikt over abbreviaturane i 39, og eg viser døme innanfor kvar kategori.

3.5.2.1 Alfabetiske abbreviaturar

3.5.2.1.1 Interlineær bokstav

Ein interlineær bokstav (vokal eller konsonant) er ein bokstav som er plassert over andre bokstavar og dermed mellom linene i teksten (Haugen 2004:208). Storleiken er mindre enn ein ordinær bokstav, kan hende for å markere at det er ein abbreviatur. Den interlineære bokstaven må som regel tydst saman med ein eller fleire andre bokstavar. Desse kan stå både framfor og etter den interlineære bokstaven. Eg reknar den interlineære bokstaven som eit forkortingsteikn og kursiverer derfor både han og dei utelatne bokstavane, t.d. blir <ᵛ> (39rB9) utskrive 'var' og ikkje 'var'.

Nedanfor følgjer døme på bokstavar som er plasserte interlineært: <a, aⁿ¹², e, i, m, o, r, R, t, z> og alle tydingane for kvar bokstav. Dei fungerer både som suspensjon og kontraksjon. Det er stor skilnad i frekvens. Interlineær <r> er t.d. mykje brukt i tydinga <ar> i ord som *var* og i bøyingsendingar.

	<i>varp</i> / <i>varð</i> (37rB13)
	<i>manna</i> / <i>manna</i> (37rA28)

Interlineær bokstav	Tyding	Døme	Oppløysing	Plassering
a	anna	m ^a	<i>manna</i>	37rB9
a	ara	ᵛ	<i>para</i>	37vB5
a	va	ᶜ	<i>Sva</i>	36vB26

¹² aⁿ er her ein ligatur. Eg har ikkje eit eige tekn for denne samanskivinga av a+n, så ho blir markert med strek under bokstavane.

Interlineær bokstav	Tyding	Døme	Oppløysing	Plassering
e	re	fiñ ^e	fiñtre	36vB30
i	ið	v̇	við	36vB25
i	igi	ē	eigi	38rB8
i	iki	ī	riki	37vA4
i	ir	ķkio	kirkiō	38rA14
i	it	v̇	vit	38vB23
i	ri	čftna	criftna	36vB31
i	vi	ḣtingf	hvitingf	40vB3
m	onnom	m̄	monnom	37rA31, 39vB33
o	aro	v̇	varo	36vB33
o	roðir	ḡ	broðir	36vA35
o	on	ḣ	hon	40vB20
o	oro	ḡ	þoro	36vB26
o	ro	ḡt	brot	37vB32
r	aðr	m̄	maðr	38rB25
r	ar	viking ^r	vikingar	36vB27
r	arr	eiñ ^r	einarr	36vB6
ṛ	arr	eiñ ^r ¹³	einarr	42rB4
R	AR	eiñ ^R	einAR	40vB2
t	at	heḡ	hegat	40vA9
t	et	ḣ	het	39vB22
z	annz	m̄ ^z	mannz	36vA23

¹³ <r> har ein prikk over seg

Somme gonger representerer den interlineære bokstaven berre seg sjølv, og det er vanskeleg å avgjere om det er ein medviten abbreviatur eller berre ein utelaten bokstav som skrivaren har føyd til over lina. Både Seip (1954a:61) og *The Menota Handbook* (kap.6.6.2) skil mellom interlineær bokstav brukt som ein abbreviatur eller som tilføyning av ein utelaten bokstav. Dersom den interlineære bokstaven berre representerer seg sjølv, har eg valt å sjå på han som ein utelaten bokstav, og han blir markert i transkripsjonen på følgjande vis:

Interlineær bokstav	Tyding	Døme	Oppløysing	Plassering
i	i	hæ ⁱ þin	hæ`i`þin	37rA1
o	o ¹⁴	ong ^o	ong`o´	39rA28

3.5.2.1.2 Dobbel konsonant

Dublering av innleiande bokstav blir ofte brukt for å uttrykke pluralis (Hreinn Benediktsson 1965:87). Somme høgfrekvente ord blir berre skrivne med første bokstav, t.d. <s> for *sonr*. Dersom <s> blir skriva to gonger, blir tydinga pluralis av ordet. 39 har to døme på denne abbreviaturen:

.ff.	fynir / synir (36vA10, 36vA19, 42vA6)
m̄m̄	monnom / monnum (38rB3)

Eg ser på punkta og den horisontale streken her som ei markering av ein abbreviatur og ikkje sjølvve abbreviaturen. Abbreviaturen er samansetjinga av dei to bokstavane, og det er dei som gjev tydinga *pluralis*.

¹⁴ Nokre former av *engi* har v-innskot, men eg har ikkje funne dokumenterte former av *ongvo* og har plassert forma *ongo* her som døme på ein utelaten bokstav og ikkje som døme på ein interlineær bokstav. Eg har gått igjennom følgjande verk: Noreen 1970: § 476.1, Holtsmark 1955:sp.127-129, Larsson 1891:69-70, Beck 1993:70-71, Leeuw van Weenen 1987, b.1:36-37.

3.5.2.2 Ikkje-alfabetiske abbreviaturar


3.5.2.2.1 Horisontal strek

Den horisontale streken er eit av dei mest brukte abbreviaturteikna. Han er historisk sett den tidlegaste forma for abbreviatur og blir brukt både som suspensjon og kontraksjon. Det er stor variasjon både i paleografisk utforming og i ulike tydingar.

3.5.2.2.1.1 Horisontal, interlineær strek

- Nasalstrek

Teiknet er ein horisontal strek som blir brukt over ulike grafem for å markere utelaten <m> og <n>. Allereie forfattaren til *Den første grammatiske avhandling* nemner denne forkortinga (Kålund 1907:viii).

	fvan fvartan / svan svartan (36vB15)
---	--------------------------------------

cō	com / kom (36vB)
v̄	vm / um (36vB4)

I to døme markerer nasalstreken dobbel nasal:


n̄v̄o	nv̄nno / nunnu (42rA36)
Sc̄o	Sc̄omm / sk̄omm (40vA5)

Teiknet kan stå over ein annan nasal for å markere dobbelskriving av nasalen:

vañ	vann / vann (36vB25)
-----	----------------------

- Latinsk forkorting for *-re*

Teiknet, som kjem frå latinsk paleografi, er ein interlineær strek plassert over <p> og tyder *-re* (Kålund 1907:viii). 39 har eit døme på denne forkortinga:

	prestr / prestr (42vA10)
---	--------------------------


Ordet *prestr* er det einaste dømet i 39 på at ein horisontal, interlineær strek tyder –re. Seinare i same avsnittet blir det berre skrivne <ṑ> i tydinga *prestr* (42vA11, 42vA24, 42vA34). Dette er eit døme på ekstra sparing av plass. Skrivaren veit at han blir forstått når han berre skriv <ṑ>; i samanhengen kan det ikkje bli noko anna enn *prestr*.

- Interlineær strek med ubestemd tyding


Den interlineære streken blir også brukt som eit generelt forkortingsteikn og har ei mengd med tydingar i denne funksjonen og fungerer både som suspensjon og kontraksjon. Forma har ulike grafiske variantar: horisontal, bøygd, skrå, men eg har valt å sjå på dei som variasjonar over same tema: ein interlineær strek. Kålund (1907:viii) skildrar også dei ulike utformingane som variantar av same fenomen:

Den lige eller svagt buede streg kan stå over de bevarede bogstaver eller skære skaftet på et eller flere af disse, eller den kan være en opadböjet skråstreg, som skærer bogstavskafterne.






Ein horisontal strek som har same form som nasalstreken:


	<i>haraldr</i> (40vA11)
--	-------------------------

Streken kan skrivast over eit eller fleire grafem:

	<i>ganga</i> (37rA25)
---	-----------------------

Nedanfor følgjer døme på utsjånaden til den horisontale streken når han kryssar skaftet:

	<i>konvng</i> / <i>konung</i> (36vB10)
	<i>konvng</i> / <i>konung</i> (36vB34)
	<i>rapit</i> / <i>rādīt</i> (36vA30)
	<i>þetta</i> / <i>þetta</i> (37rB14)
	<i>þeir</i> / <i>þeir</i> (37rA28)

	þeir / þeir (42rA33)
---	----------------------


Mange av desse forkortingane inneheld eit nasalt element og er ei vidareføring av den konvensjonelle nasalstreken. Teiknet blir også mykje nytta i bøyingsendingar, t.d. *Svæininn / Sveininn* (40vA3).

Dei latinske og angelsaksiske skriftsystema har ikkje noko liknande; det er altså ei sjølvstendig nyvinning innanfor norsk og islandsk skrift (Spehr 1929:144).

3.5.2.2.1.2 Horisontal strek under grunnlinja

Horisontal strek plassert i underhøgda har 2 tydingar i 39:

- Forkorting for *-eim*


	þeim (41vB31)
---	---------------

Dette er den vanlege forkortinga av ordet *þeim* i 39, men skrivaren skriv også ordet på ein annan måte, nemleg ved strek gjennom overlengda.

þ̄m	þeim (36vB16)
-----	---------------


- Forkorting for *-ro*

Forkortingsteiknet 'p' som representerer *-ro* kjem frå latinsk og italiensk paleografi (Cappelli 1967:257). Streken går ikkje gjennom skaftet, men lager ein "krøll" til venstre. Dette forkortingsteiknet er berre brukt ein gong i eit latinsk ord:

	proven-do / próvendu (38rB2)
---	------------------------------

3.5.2.2.2 Punkt

3.5.2.2.2.1 Punkt på grunnlinja

	Sva segir halldorr fkvaldri. Marg... (37rB25)
---	---


Teiknet er eit punkt som er plassert på grunnlinja. Som regel er det einaste markør for ei forkorting, i nokre få døme er det kombinert med andre teikn (sjå 3.5.2.2.4 om us-teiknet).

Som einaste markør er det eit døme på forkorting etter einskildbokstav. Punktet kan stå både framfor og bak bokstaven eller berre bak. Dette er den ”høgaste” forma for suspensjon. Somme gonger fell dette forkortingsteiknet saman med interpunksjonsteiknet, slik at punktet både markerer forkorting og interpunksjon som i dømet ovanfor. Eg let punktet bli ståande føre ein majuskel når det representerer eit interpunksjonsteikn. Tydinga kan vere svært mangfaldig, men denne forkortinga blir ofte brukt ved høgfrequente ord som t.d. ulike former av eigennamnet *Sigvrðr* og eigeomspronomenet *sinn* som i døma nedanfor. Dei viser også korleis oppløysingane av abbreviaturane krev tolking av teksten i grammatiske kategoriar:

<i>Sigvrðr</i> (36vB25) <i>Sigvrðar</i> (37vA15, 39vB24))	<i>Sigvrði</i> (36vB17) <i>Sigvrð</i> 36vB17)
--	--

<i>finn</i> (37vB5, 40rB25, 41rA18) <i>fíns</i> (40rB34) <i>fínom</i> (37vB1, 40vA5) <i>fin</i> (41rB22) <i>fínna</i> (36vB22)	<i>fína</i> (37vA10, 41rA12) <i>fínni</i> (39vA12, 40rA5, 40vB8) <i>fínar</i> (40vA30) <i>fítt</i> (38rA15) <i>fíno</i> (39vA32)
--	--

3.5.2.2.2 Punkt over grunnlinja


	eggjar / eggjar (37rB13)
---	--------------------------

Eit interlineært punkt har fast tyding; det blir brukt for å markere dobbel konsonant, og denne praksisen utvikla seg utover på 1200-talet (Hreinn Benediktsson (1965:84). Stefán Karlsson (1982, b.15, sp. 680) skriv at prikk over konsonant er eit særskild trekk i islandsk språk for å markere dobbel konsonant, og Hreinn Benediktsson (1965:84/85) skriv at dei få døma som finst i norske handskrift, tyder på islandsk førelegg eller islandsk skrivar. Døma nedanfor viser kva for konsonantar som blir forkorta på denne måten i 39:

<cc>	noćot	noccot / nõkkut	39vA21
<gg>	beğ1a	beggia / beggja	36vA28
<nn>	iñan	innan / innan	36vA2
<pp>	vþ	vpp / upp	40vA24


<rr>	hvaṛ	hvarr / hvárr	41rA32
<tt>	iato	iatto / játtu	36vA27

Skrivaren av 39 nyttar både nasalstrek og interlineært punkt for å markere dobbeltskriving av <n>:

kuño	kunno / kunnu (36vA22)
	einn / einn (37vB28)

Minuskel 'y' blir skrive <y>. Den interlineære prikken tyder her inga markering av lengd, men er ein del av den grafiske utforminga av grafemet.

3.5.2.2.3 Sikksakkteiknet: ʹ

	eptir / eptir (36vB10)
---	------------------------

Sikksakkteiknet liknar eit lite 7-tal som er plassert interlineært. Det har eit stort bruksområde innanfor islandsk skrift, og det er også svært vanleg i 39. Det har nokre faste hovudtydingar. I tillegg er det eit generelt forkortingsteikn som har mange ulike tydingar.

3.5.2.2.3.1 Sikksakkteiknet med fast tyding

Dei tre hovudverka innanfor norrøn paleografi er nokonlunde samde om kva for grafem og grafemsekvensar sikksakkteinet med fast tyding representerer (Kålund 1907:viii, Seip 1954a:82, 102¹⁵, Hreinn Benediktsson 1965:92):

Kålund	ar	ei	eir	er	ir	or	r	re		ær
Seip	ar		eir	er	ir		r	re	ri	
Hreinn Benediktsson	ar	ei	eir	er	ir	or	r	re	ri	ær

¹⁵ Seip skriv om sikksakkteiknet i kapitlet om "Norsk skrifthistorie fra omkr. 1225 til omkr. 1300" på side 82 og viser til tydingane i tabellen ovanfor. På side 102 skriv Seip om forkorta skrivemåtar i islandsk skrifthistorie i den same perioden. Han skriv ikkje noko særskilt om sikksakkteiknet her, så det tyder nok at det ikkje er stor skilnad.

Mange av disse tydingane finn vi att i 39:

naccv̇ir	naccvarir ¹⁶	39vB1
roððġ.	roððgeirs ¹⁷	37vA14
ġði	gerði	36vB16
marġ	margir	38rB7
é	er ¹⁸	36vB24
ṗfti	prefti ¹⁹	43rA21
v̇i	væri	42rA22


3.5.2.2.3.2 Sikksakkteiknet med ubestemd tyding

Andre tydingar av forkortingar med sikksakkteiknet er t.d.: *haraldr* (40rA33), *idanmorc* (38vB10), *Eirikr* (42vA36), *eýfteinn* (36vA18), *noregi* (36vA1).

3.5.2.2.4 Andre teikn

Desse teikna har faste, konvensjonelle tydingar.

- us-teiknet: ⁹ (i transkripsjonen blir teiknet løyst opp med -vs)

	<i>magnvs</i> (41rA11)
---	------------------------

¹⁶ Skrivaren nyttar stort sett sikksakkteiknet i samband med skiving av det ubunde pronomenet *nokkur*. Det finst eit unnatak der han nyttar ein interlineær 'r' som har tydinga *-ar*. Eg har sett bort ifrå at skrivaren vil gje uttrykk for ein medveten skilnad mellom former utskrivne med *-er* (mogleg tolking av sikksakkteiknet) eller *-ar* (interlineær 'r'). Former av *nakkuarr* er dokumenterte hos Noreen (1970: § 475.1) og Hreinn Benediktsson (1961/62), så ved utskiving av dette ordet har eg valt å la sikksakkteiknet stå for tydinga *-ar*.

¹⁷ Tydinga *-eir* finst berre i genitivforma av eigennamnet *Rodðgeirr*. Det er interessant at skrivaren nyttar sikksakkteiknet for ei bøyingsform. Han kunne ha nytta den horisontale streken som kan tyde kva som helst, men skrivaren ville kan hende hjelpe lesaren på veg i tolkinga.

¹⁸ Dette er eit svært høgfrekvent døme, men sikksakkteiknet i tydinga *-r* finst elles berre ein gong i ordet 'kæifara' (38rA4)

¹⁹ Dette er det einaste dømet på sikksakkteiknet i tydinga *-re*. Elles blir variantar av ordet *prestr* skrivne med den horisontale streken.

Teiknet liknar eit lite 9-tal som er plassert interlineært, og det fungerer både som ein suspensjon og som ein kontraksjon. Det blir ofte brukt ved forkorting av eigen- og kongsnamnet *Magnus*:

h ⁹ a	hvsa / husa (40vB15)
Magn ⁹	Magnvs (36vA1)
ƿtæinm ⁹ ʀ	ftæinmvsteri / steinmusteri (38rA33)


Dette teiknet blir også nytta slik at det står for både ein fast grafemkombinasjon og som eit forkortingsteikn for ein større del av ordet, gjerne i samband med eit anna forkortingsteikn som her er eit punkt:

m ⁹ .	magnvs (39vB22, 41rA11)
M ⁹ (utan punkt)	Magnvs (40rA30)
b ⁹ .	byscop / byskup (42rB32, 35)

Dette er kan hende eit døme på ekstra sparing av plass. Skrivaren har, heilt korrekt, sett på desse forkortingane som eintydige.

Det greske ordet *episcopus* er opphavet til det norrøne ordet *byskup*. Skrivarane var ofte munkar som kjende den opphavlege tydinga. Kålund (1907:x) skriv at det er ein "hyppig" bruk av us-teiknet for ordet *byskup*.

- semikolon: ; = eð


	með hand oxī / með handøxi (40vA12)
---	-------------------------------------

Teiknet har forma til eit semikolon som er plassert på grunnlinja. Seip (1954:30) skriv at dette teiknet "visstnok" har eit tironisk opphav. Det "tyder i oldnorsk-islandsk palæografi *eð* eller *et*, men har i latinsk sprog en langt mere omfattende anvendelse, kan blandt andet betegne *us*" (Kålund 1907:viii). Teiknet er ein suspensjon, og i 39 blir det berre brukt i forkortinga av ordet *með* som i dømet ovanfor.

Skrivaren er ikkje heilt konsekvent og skriv dette ordet også på ein annan måte:

m̄þ	meþ / með (36vB16)
-----	--------------------


- ra-teiknet: ^w

	<i>þra ec</i> (37rA10)
---	------------------------

Teiknet liknar ein liten, dobbel 'u' som er plassert over lina. Det blir brukt for kombinasjonar med <a> og <r> eller <v>. Tydinga var 'ra' i dei tidlegaste handskrifta. Seinare blei tydinga utvida til 'ar' og 'va'. På slutten av 1200-talet forandra teiknet seg grafisk frå en open til ein meir lukka variant (Hreinn Benediktsson (1965:91). I 39 finn ein berre den opne varianten. Tydinga er 'ra' bortsett frå eit døme der tydinga er 'va':



öþ	<i>ðrap / drap</i> (36vB31)
vet̃	<i>vetra / vetra</i> (36vA17)
g̃mr	<i>gramr / gramr</i> (36vB8)
h̃t	<i>hvat / hvat</i> (41vB21)

- ur-teiknet: (i transkripsjonen blir teiknet løyst opp med *-vr* i trykk tung stillining og *-or* i trykklett stilling).


	<i>moðor / móður</i> (39vB24)
---	-------------------------------

Teiknet har 3 grafiske utformingar; 2-tal, tilde og eit liggjande 8-tal, alle plasserte interlineært (Hreinn Benediktsson 1965:91). I 39 finst berre den siste varianten.

I 39 kan *ur*-teiknet også tyde kombinasjonane *-yr* og *-yrir*:


	<i>þyrft / fyrst</i> (38rA17)
	<i>þyrir / fyrir</i> (41rA17)

- z = ok (i transkripsjonen blir teiknet løyst opp med 'oc')

	<i>ocsva / ok svá</i> (41rA3)
---	-------------------------------


Teiknet er ein tironisk note og tyder opphavleg *et* på latin. Det har hatt ulike grafiske utformingar; eit 7-tal, ein <z> med og utan tverrstrek. Varianten med tverrstrek blei først vanleg frå midten av 1200-talet (Hreinn Benediktsson 1965:91). Dette teiknet er ein substitusjon for konjunksjonen *ok*.

Det finst ein variant i 39 der den øvre sidestrekken til venstre er utelaten, og teiknet ser ut som ein <t>:

	<i>ocamala / ok gekk²⁰ á mála (38rA16)</i>
---	---

Eit anna døme på denne varianten er *oc* i line 36vA9. Dette er eit unnatak, fordi 39 elles brukar den varianten som liknar ein <z> med ein tverrstrek.

- rum-teiknet: *ʒ* (i transkripsjonen blir teiknet løyst opp med -rom)

	<i>ʒtorom / storum (39vA27)</i>
---	---------------------------------


Teiknet er ein ”rund” r <ʒ>, med ein vertikal strek gjennom ”halen” og fungerer som ein suspensjon i ord med endinga –*rum*. Seip (1954a:30) skriv at dette forkortingsteiknet ”visstnok” har eit tironisk opphav. I eit døme blir forkortinga brukt etter <a>. Allografen <ʒ> blir elles i handskriftet berre brukt etter ”runde bokstavar”, serleg etter <o>, og aldri etter <a>. Forkortingsteiknet må ut frå dette tolkast som ein heilskap, og ikkje som rund ’r’ + noko anna.

<i>ʒoʒ</i>	<i>ʒorom</i>	42rA5
<i>noccoʒ</i>	<i>noccorom</i>	41vB33
<i>ʒpoʒ</i>	<i>ʒporom</i>	40rB2
<i>ʒtoʒ</i>	<i>ʒtorom</i>	38vA5, 39vA27
<i>vaʒ</i>	<i>varom</i>	40vB4
<i>vfoʒ</i>	<i>vʒorom</i>	43rB17

Hreinn Benediktsson (1965:92) skriv det finst ein variant av dette forkortingsteiknet med kapitel ’r’ <R> i staden for rund ’r’ <ʒ>. I alle døma han viser til, representerer forkortingsteiknet den tradisjonelle tydinga – *rum*. Varianten med kapitel <R> finst også i 39,

²⁰ 39 har utelate ’gekk’


men alle døma gjeld forkorting av ordet *orrosta* i samband med eit anna forkortingsteikn (39rA31, 39rA36, 41rB31, 41rB32). Her er det ikkje mykje att av den tradisjonelle tydinga:

	OROSTOR / orrostur (39rA31)
---	-----------------------------

3.6 Andre teikn

3.6.1 Aksent

I 39 har det akutte aksentteiknet mange funksjonar. Det blir bl.a. brukt som eit diakritisk teikn for å markere vokallengd og for å skilje ut minimar (sjå 4.1.1 om Aksentbruk). I 39 blir det også nytta i tydinga *bindestrek*, og eg har talt opp omkring 45 døme på denne bruken:

	margf-conar / margskonar (39rA32)
---	-----------------------------------

Dette samsvarer med Seip (1954a:64) som skriv at ”Ved linjeslutt er aksent ofte brukt til bindestrek; ordene kan være delt på linjene uten hensyn til stavelsesgrense”. Gode døme på dette siste er orda: hæ-iþinf / heiðins (37rA13/14) og æ-yiár (39vB9/10).

3.6.2 Punkt

I 39 har eit punkt mange funksjonar. I tillegg til funksjonane som forkortingsteikn (sjå 3.5.2.2.2) og markeringsteikn for tal (sjå 3.6.3) fungerer eit punkt som eit generelt interpunksjonsteikn og som eit retteteikn:

3.6.2.1 Generelt interpunksjonsteikn

Punktum er nytta i dei fleste handskrift. Det tyder kort stans eller større stans når følgjande ord er skriva med ein majuskel (Seip 1954a:63). I 39 førekjem punktum både med og utan etterfølgjande stor bokstav der ein i dag ville brukt punktum eller komma.

Nedanfor følgjer døme på at eit punkt fungerer som eit moderne punktum og markerer større stans, men i den norrøne teksten blir punktet etterfølgt av både stor og liten bokstav:




<i>til vnda. Siðan</i> (37rA19)	<i>til vnda</i> er slutten på ei skaldestrofe. <i>Siðan</i> markerer at saga held fram
Sigvrðr konvngr let eptir þirir vefstan haf ðottor ira <u>konvngf</u> . þa er .ff. (36vA18/19)	Sigurðr konungr lét eptir fyrir vestan haf dóttur Íra-konungs. Þá er synir...

Nedanfor følger d me p  at eit punkt fungerer som eit moderne komma og markerer kort stans:

þa er menn hof�o tekit laugar. þa toc Sigvr�r... (37vA1)	þa er menn hof�u tekit laugar, þa t�k Sigur�r ...
--	---

3.6.2.2 Underprikking

I 39 finn ein d me p  bokstavar og ord som er underprikka. Seip (1954a:34) skriv om dette teiknet: "Til rettelser er brukt s rskilte tegn. En bokstav eller en del av en ligatur kan skrivaren sette prikk under". Nedanfor har eg skanna 3 d me p  underprikking som viser at rettinga kan gjelde einskildbokstavar, men ogs  heile ord der alle bokstavane er underprikka. I det f rste d met har skrivaren f yd til den riktige vokalen over lina. I det siste d met er det skrive ein horisontal strek gjennom heile ordet i tillegg til underprikkinga; skrivaren vil gjere det heilt kl rt at ordet skal bort!

	retta fr� <i>vel�r</i> til <i>vild�r</i> (36vB2)
	retta fr� <i>ilv�r</i> til <i>lv�r</i> (40vA27)
	retta fr� <i>bana l�r</i> til <i>l�r</i> (40vA13)

I 39 finn ein f lgjande andre d me p  bruk av underprikking. F rst st r den opphavlege ordforma, deretter den retta form og til slutt den normaliserte forma: *veftri* < * yfltri* / *eystri* (42vB10), *pio|ni* < *proni* / *fr ni* (37rA6/7), *laugvdomz* < *laugdomz* / *l g umk* (39rB6), *en-gilvntr* < *en-gilvtr* / *engi hlutr* (39vB1/2), *vi ivm* < *vi vm* / *vi um* (42rA20), *oc* < *at*²¹ (40vA6).

²¹ Her er forkortingsteiknet 'z' underprikka og 'at' er f yd til over lina

3.6.3 Tal

Nedanfor følger nokre døme på tal i 39:

.ii. (37rA33)	iiij. (36vA10)	.vii. (37rB37)	.viiij. (37rB28)
.ij. (37rB20)	.iiij. (3vA15)	.vij. (37rB25)	.xiiij. (36vA18)
.ííí.(37vA10)	.xxvii. (40vB35)	.viii. (37rB30)	.xxx. (36vA8)

Teikna i det romerske talsystemet var identiske med dei latinske bokstavane.

39 bruker berre minuskelformene av romerske bokstavar for å lage tal, og dei blir markerte med punkt både føre og etter for å skilje dei frå dei aktuelle bokstavane.


I eit døme: iiij. (36vA10), er punktet berre plassert bak talet. Her står talet heilt i byrjinga av lina og har kan hende ikkje bruk for markering. Men i dømet: .v. (43rA17) er det igjen punkt både framfor og etter, endå talet står først i lina.

Skrivaren er ikkje konsekvent i måten han skriv tala på. Talet 8 blir skrivne såleis:

.viíj.(36vB25), .viii. (37rB30) og .viiij. (37rB28).

Ofte, men ikkje alltid, har skrivaren nytta varianten med underlengd av <i>, dvs. <j> for å markere slutten av talet. Det finst også døme på bruk av aksenteikn både over <i> og <j>.

Bruken av <j> og aksenteiknet er ei ekstra markering av talet:

	.íííj. (41rA31)
---	-----------------

3.7 Oppsummering av paleografien

I denne oppsummeringa vil eg leggje vekt på trekk innanfor paleografien som kan gje haldepunkt for å avkrefte eller stadfeste at tidfestinga til ca.1300 og heimfestinga til Island er rett.

Den eldste islandske og norske skrifta har ulikt opphav og skil seg på fleire punkt. Trass i at mange bokstavar har nesten like grunnformer i karolingisk, insulær og gotisk stil (Haugen 2004:202), har særskilde bokstavar ei anna utviklingshistorie i islandsk enn i norsk når det gjeld grafisk utforming, frekvens og når dei blei tekne i bruk. Det må derfor vere viktig først å etablere om 39 er islandsk eller ikkje. Jørgensen (1985), Rindal (1997) og Kyrkjebø (2003) har skrive om kriterium for å skilje islandsk og norsk, men Rindal og Kyrkjebø skriv ingen ting om paleografien. Rindal (1997:115) skriv diverre til og med: ”Det finst klare paleografiske skilnader mellom islandske og norske handskrifter. [...] Desse felte vil eg la liggje her”.

Skrifta i 39 er i hovudsak ei karolingisk minuskelskrift med både majusklar og forstørra initialar. Skrifta er på overgangen mot gotisk, fordi ho byrjar å bli kanta, men ho har framleis eit rundt preg. Det finst få særskilde gotiske bokstavar. Skrifta har eit lite innslag av unciale bokstavar og eit solid innslag av insulære bokstavar, og for nokre grafem er dei insulære skrifteikna nesten einerådande.

I diskusjonen nedanfor om tid- og heimfesting for einskilde bokstavar, vil eg generelt vise til avsnitt 3.3.1 om minusklar og 3.3.3 om forstørra initialar.

Heimfesting:

Abbreviaturar er mykje nytta i 39, og det finst eit relativt stort tal på forkortingane. I islandske handskrift er abbreviaturar brukte i stort mon, og meir enn i norske, sjølv om forkortingar også var vanlege i norske handskrift (sjå 3.5). Både kapitelar (sjå 3.3.4) og interlineært punkt over grafem (sjå 3.5.2.2.2.2) blir brukte for geminat, og dette er trekk som eintydig peikar mot islandsk opphav. Ligaturen <f> + <k> er meir utbreidd i norsk enn i islandsk (sjå 3.2.1.2.1), og det er interessant dersom vi har ein paleografisk norvagisme. Vanlegvis blir omgrepet norvagisme brukt om språklege trekk innanfor ortografien. Men bruken av denne ligaturen reduserer ikkje argumentet for islandsk heimfesting.

Tidfesting:

39 er datert på overgangen til gotisk skrift omkring 1300, og utifrå eit dateringsperspektiv bør det vere interessant å sjå på eventuelle gotiske bokstavar. Dei spesifikke gotiske bokstavane er få: toetasjes 'a' og lukka 'g'.

Det finst berre nokre få døme på bruk av toetasjes 'a', og eg har vist at det ikkje lenger kan vere nokon markert tidsskilnad mellom norsk og islandsk skrift i bruken av toetasjes 'a', men at grensa for begge går tilbake mot omkring 1250. Elles blir karolingisk 'a' brukt. Den lukka, gotiske 'g' finst side om side med den opne, karolingiske 'g' utover på 1200-talet og gjev heller inga god datering. Det er mogleg at det finst nokre få døme på gotisk 'n' der minimane ser ut som parallelle, vertikale strekar. Den svært låge bruken av desse gotiske bokstavane peikar ikkje mot 1300-talet i det heile, men på slutten av 1200-talet.

39 nyttar stort sett rund 'd' <ð> med nokre få døme på bruk av den eldre, rette karolingiske minuskelen. Det finst ingen bruk av den gotiske varianten av rund 'd'. Dette samsvarar med bruken i dei fleste handskrifter utover på 1200-talet.

Døme på bruk av <ę> peikar mot tidleg islandsk skrift (Hreinn Benediktsson 1965:33), men det er berre eit døme og kan vere ei einskild overlevering frå ein eldre skriftradisjon,

Insulær 'f' <þ> er einerådande etter 1250, noko som samsvarar med bruken i 39. Det er ikkje i motsetnad til eit døme på karolingisk 'f' som kunne opptre sporadisk etter 1250. Insulær 'f' blei også vanleg i den gotisk skrifta, så det er vanskeleg å bruke bokstaven til datering.

Bruken av 'h' der sidestaven har underlengd peikar mot tidfesting på slutten av 1200-talet. Det er interessant at 4 av 9 forstørre initialar er teikna som den tidlege varianten av 'h' utan underlengd, noko som peikar attende mot ein eldre skriftradisjon.

Nesten konsekvent bruk av rund 'r' etter 'o', bruk etter andre runde bokstaver og ingen bruk etter rette bokstavar samsvarar med bruken av denne bokstaven på slutten av 1200-talet. Elles blir den rette, karolingiske 'r' brukt.

Høg 's' er nesten einerådande, men det finst nokre døme på høg 's' med underlengd som kan bli datert til midten av 1200-talet eller yngre.

Den store bruken av <v> brukt både for vokalisk 'u' (<u>) og konsonantisk 'u' (<v>) og fleire innslag av insulær 'v' peikar på ei datering mot slutten av 1200-talet. Den insulære 'v' går ut av bruk både i norsk og islandsk skrift omkring 1300.

Konklusjon:

På eit paleografisk grunnlag vil eg heimfeste 39 til Island. Den tradisjonelle datering til omkring 1300 gjev eit visst spelerom både før og etter 1300, men utifrå punkta ovanfor meiner eg at 39 ikkje høyrer til på 1300-talet. Den bakre grensa må bli trekt lenger tilbake, og 39 må bli datert til slutten av 1200-talet.

4 ORTOGRAFI

”Ortografi er læra om korleis språkeiningane vert representerte skriftleg, altså læra om tilhøvet mellom fonem og grafem. I ein ideell ortografi ville skrifta representere kvart fonem eintydig med eit grafem” (Kyrkjebø 1994:31).

Kristendom og misjonsverksemd førde det latinske alfabetet og latinske handskrift til Island og Noreg på 900-talet. Det latinske alfabetet blei truleg teke i bruk for å skrive tekstar på morsmålet på Island på slutten av 1000-talet (Hreinn Benediktsson 1965:13-18). Tilpassinga av det latinske alfabetet til det norrøne språket skapte særskilde problem. Det latinske alfabetet hadde t.d. berre 5 vokalteikn, medan det norrøne språket hadde ni ulike vokalkvalitetar. Like etter innføringa av det latinske alfabetet på Island er det truleg at systemet blei representert av desse fem vokalteikna utan tilleggssymbol. Det tyder at fleire fonem måtte bli representerte av det same grafemet. Men allereie dei eldste eksisterande handskrifta viser døme på at dei 9 fonema i det islandske språket blei differensierte (Hreinn Benediktsson 1965:56-61).

Endringar i talespråket vil kunne føre med seg endringar i ortografien, anten ved fonemisering av allofonar eller ved samanfall av fonem. Om talet på fonem endrar seg, t.d. ved samanfall, får det konsekvensar for skrifta (Kyrkjebø 1994:31). Og det er nett dette som skjer med det islandske språket på 1100- og 1200-talet. Talespråket var eit viktig grunnlag for ortografien i handskriftet, særleg fordi det ikkje var sentrale institusjonar som laga normer for skriftspråket. Hagland har vist at verdslege skrivarsentra i tilknytning til kongemakta hadde lita eller inga normerande kraft i Noreg (1986:229). På Island var den verdslege sentralmakta enda mindre, men det er sannsynleg at det har danna seg lokale skrifttradisjonar i samband med kloster, andre kyrkjelege sentra og kan hende storgardar. I tillegg til talespråket og skriftvanane til skrivaren må språket i førelegget bli endå eit moment i vurderinga av ortografien i eit handskrift. Rune Kyrkjebø skriv at det er vanskeleg å avgjere om språket i eit handskrift avspeglar språket til avskrivaren eller den opphavlege forfattaren. Ein avskrivar kan endre ortografien temmeleg fritt, men han kan også kopiere førelegget strengt. Forelda språkdrag kan bli overført frå avskrift til avskrift (2003:22).

I avsnitta nedanfor om vokalismen og konsonantismen vil eg kort skissere utviklinga av det islandske språket fram til omkring 1300 og samanlikne denne utviklinga med det eg finn av språklege trekk i 39.

4.1 Vokalismen

Den første grammatiske avhandlinga er tidfest til første halvdel eller kring midten av 1100-talet, og "Den første grammatikar" skildra det islandske vokalsystemet med 9 ulike vokalkvalitetar. Vokalane kunne vere både korte og lange, og dei lange kunne også vere nasale (Hagland 2004:378). Tabellen nedanfor viser vokalsystemet på grunnlag av framstillinga i *Den første grammatiske avhandlinga*. Notasjonane i dette kapitlet vil følgje IPA-systemet:

	fremre		bakre	
	urunda	runda	urunda	runda
høge	i	y		u
mellomhøge	e	ø		o
låge	æ		a	ɔ

Figur 4-1: Hagland (2004:378).

Framstillinga i *Den første grammatiske avhandlinga* blir også stadfesta i andre kjelder med unnatak for motsetninga mellom dei korte fonema /e/ og /æ/. Samanfallet av /e/ og /æ/ skjedde tidleg, allereie på 900-talet, og seinare skjedde det fleire endringar i dette systemet (Hrenn Benediktsson 1981, b.7, sp. 488):

- Samanfall av dei lange orale fonema /a:/ og /ɔ:/.
- Samanfall av dei lange nasale fonema /ɔ:/ og /o:/.
- Nasalering (som berre galdt lange vokalar) fall bort som distinktivt trekk.

Det klassiske norrøne vokalsystemet frå omkring 1200 som ligg til grunn for normalortografien, ser dermed ut som i tabellen nedanfor. Resultatet av samanfallet av /a:/ og /ɔ:/ (<á> i normalortografien) blir her klassifisert som runda i samsvar med Haugen (1995b:38) og Torp og Vikør (1994:39). Det har blitt stilt spørsmålsteikn ved denne klassifiseringa. Sjå Halvorsen (1984) og Spurkland (1991:161-165).

	lange				korte			
	fremre		bakre		fremre		bakre	
	urunda	runda	urunda	runda	urunda	runda	urunda	runda
høge	/i:/	/y:/		/u:/	/i/	/y/		/u/
mellomhøge	/e:/	/ø:/		/o:/	/e/	/ø/		/o/
låge	/æ:/			/ɔ:/			/a/	/ɔ/

Figur 4-2: Vokalsystemet i klassisk norrønt (Haugen 1995b:38).

I løpet av 1200-talet skjer det fleire endringar i det islandske vokalsystemet (Hreinn Benediktsson 1981, b.7, sp. 488). Desse endringane kjem ikkje til syne i normalortografien, men dei er nedfelte i nyare islandsk ortografi.

- Samanfall av dei korte fonema /ɔ/ og /ø/.
- Samanfall av dei lange fonema /ø:/ og /æ:/.

I kapitlet om vokalismen vil eg med utgangspunkt i det klassiske norrøne vokalsystemet dokumentere korleis dei trykkunge og trykklette vokalane blir representerte i 39. Merksemda vil vere retta mot nokre av dei endringane som er nemnde ovanfor, og i kva mon desse endringane kan bli dokumenterte i 39. Døme henta frå 39, vil bli brukte for å jamføre dette handskriftet med ulike steg i utviklinga av vokalismen og konsonantismen. Dei ulike stega vil vere lekkar i tid- og heimfestinga av 39.

4.1.1 Aksentbruk

Før handsaminga av vokalismen vil eg ta til med ein gjennomgang av aksentbruken i handskriftet. Resultatet av denne delen vil vere relevant for vidare undersøkingar, særleg når det gjeld vokalkvantitet.

I motsetnad til svensk og dansk er den store bruken av det akutte aksenteiknet med fleire ulike funksjonar, eit påfallande trekk ved den vestnordisk og særleg den islandske skrifta (Lindblad 1952:7).

Omgrepet *akutt aksent* vil bli brukt om den skrånne streken som av og til kan stå over vokalar i eit handskrift. Utsjånaden på det akutte aksentteiknet i 39 er ein tynn hårstrek som startar nede til venstre og går opp mot høgre.

Eg har hatt tilgang til originalen i København, og det førte til at eg oppdaga fleire aksentteikn enn eg kunne sjå ved berre lesing av den fotografiske kopien. Likevel er det ikkje alltid lett å sjå om strekar er aksentteikn eller berre rifter i pergamentet, særleg fordi pergamentet i 39 har blitt svært mørkt.

Dei ulike funksjonane til det akutte aksentteiknet har dobbelt opphav. Det er både ein arvtakar etter gresk akuttaksent og etter romersk apex (Lindblad 1952:14). Lindblad (1952:7-8) refererer frå tidlegare forskingshistorie på dette området og viser til arbeid av Noreen, Wadstein, Holtsmark og Wimmer. Han lagar ei oversikt over funksjonar for aksentteiknet på grunnlag av følgjande døme henta frå dei fire forfattarane:

- 1) Markering av vokallengd, t.d. *bróðir*.
- 2) Grafisk skiljande funksjon. Det vil seie at aksenten er plassert over <i> for å skilje denne bokstaven frå andre som ligg ved sida av, t.d. *fyrír*.²²
- 3) Trykkmarkering, t.d. *norége*
- 4) Dieresis som tyder at begge vokalane skal uttalast separat, t.d. *gróét*
- 5) Aksentteiknet markerer eit kvalitativt skilje, t.d. når *lqnd* blir skriven *lónnd*.

Eg har undersøkt blad 38 for å få eit oversyn over kva slags funksjonar det akutte aksentteiknet har i 39. Blad 38 har til saman 19 aksentteikn.

- Markering av vokallengd – 10 døme

Allereie ”Den første grammatikar” gjorde framlegg om å bruke aksent over vokal for å markere lang vokal, og mesteparten eller alle manuskripta²³ viser i varierende grad slik bruk (Hreinn Benediktsson 1965:60).

²² Dette dømet er henta frå Wadstein i Lindblads bok, og eg tykkjer at det er eit dårleg døme. Det hadde vore betre om <i> stod blant minimar, t.d. i ordet ’mín’.

²³ Hreinn Benediktsson spesifiserer i teksten ikkje tidsramma for denne utsegna. Eg reknar med at tidsramma er lik undertittelen på boka hans: *Early Icelandic script as illustrated in vernacular texts from the twelfth and thirteenth centuries*.

Utgangspunktet mitt er ord på blad 38 der normalortografien bruker lang vokal. Under *total førekomst* tek eg ikkje med døme der den lange vokalen er representert ved eit forkortingsteikn eller ein interlineær vokal.

Fonem	Total førekomst	Med aksentteikn	Prosent med aksent
/a:/	111	5	4.5
/i:/	68	2	2.9
/o:/	64	2	3.12
/u:/	24	0	0
/y:/	11	0	0
/e:/	30	1	3.3

Lindblad (1952:134) skriv at fram til ca. 1300 er markering av lengd den viktigaste funksjonen til aksentteiknet, men frekvensen er høgare i handskrift føre 1240 enn i seinare handskrift. Frå midten av 1200-talet minkar bruken av aksentteikn for denne funksjonen påfallande, og Lindblad gjev døme på prosenttal frå 6 til 18 prosent, som han karakteriserer som låge, for perioden 1250-1300.

Resultatet for 39 viser derfor særdeles liten bruk av aksent for å markere lengd, og det samsvarer med det Lindblad skriv dersom dateringa for 39 til omkring 1300 er rett.

Blad 38 har ingen døme på aksent brukt over korte vokalar, og eg har berre funne eit døme på aksentteikn over kort vokal på ein annan stad i materialet, t.d. *fpótri / spotti* (40rA13).

Dette tyder på at sjølv om bruken av aksentteikn for å markere lang vokal er svært liten, er han ikkje vilkårleg.

- Grafisk skiljande funksjon

Eitt av døma på bruk av aksentteiknet står i følgjande samanheng:

þv þectt ecki leikit þat er mivclæicr var í / þú fekt ekki²⁴ leikit þat, er mjúkleikr var í (38vB33)

Her er det etter alt å dømme ei markering av lengd, men Hreinn Benediktsson har vist at opposisjonen kort/lang for vokalar er blitt nøytralisert i ”prevocalic and word-final positions,

²⁴ *HkrFJ* III:291, l.23 skriv 'eigi' i staden for 'ekki'.

as well as in unstressed syllables”. Arkefonemet blir i desse posisjonane identifisert med kort vokal (2002:189).

Aksentteiknet blir derfor her brukt for å markere og skilje ut <i> grafisk frå dei nærliggjande bokstavane. Det er elles svært få døme på denne funksjonen i 39, t.d. þótom í / fótum í (39rA3), lín / sín (39rA18). Aksentteiknet kan bli brukt i kombinasjonar med <i> og <j> for å skrive eit tal, t.d. .íj. (40rA1), .ííj. (41rA31), men det vanlege er å skrive <i> i tal utan aksentteikn, t.d. xiiij. (36vA18).

Hreinn Benediktsson (1965:61) skriv om aksentteiknet brukt for å skilje grafemet <i> frå omliggjande grafem, serleg frå minimane i <m, n, u>: ”This use does not become prominent until the early fourteenth century”. Dette kjem av utviklinga av minimane i den gotiske skrifta som etter kvart likna einskilde strekar, og aksent over <i> blei introdusert som ein distinktiv faktor (Haugen 2002:830). Dette samsvarar med praksisen i 39 dersom dateringa til ca.1300 er rett.

- Diftongar – 8 døme

I tillegg til aksentteikna nemnde ovanfor inneheld blad 38 åtte aksentar plasserte over diftongar:

<ei> : bláic hár / bleikhárr (38rB26), æínn / einn (38vB14), fvéin / Svein (38vB10), fváinn / Sveinn (38vA4), væítri / veitti (38rA21)

<ey> : opin áeygr / opineygr (38rB26)

<au> : báð / bauð (38rB4), þáucr / faukr (38vA17)

Døma ovanfor frå blad 38 viser at aksenten av og til blir plassert over den siste bokstaven i ein diftong, men stort sett blir aksenten plassert over den første bokstaven, og denne praksisen gjeld for heile materialet.

Utgangspunktet mitt er ord på blad 38 der normalortografien bruker diftong. Under *total førekomst* tek eg ikkje med døme der diftongen er representert ved eit forkortingsteikn.

Diftong	Total førekomst	Med aksentteikn	Prosent med aksent
/ei/	65	5	8
/ey/	13	1	7
/au/	18	2	11

Lindblad (1952:139ff) drøftar bruken av aksent over diftong og konkluderer med at aksenteiknet markerer lengd på lik line med aksent over lange vokalar. Alle diftongar blir

rekna som lange (Haugen 1995b:39), og det er ingen grunn til å markere ein motsetnad lang/kort, som ikkje finst. Det er derfor interessant at aksentbruken over diftongar er over dobbel så høg som over lange monoftongar.

- Aksent over det lange fonemet /æ:/:

Fonem	Total førekomst	Blir skrive <æ>	Blir skrive <æ̇>
/æ:/:	10 døme	9 døme (90 %)	1 døme (10 %)

Blad 38 har 10 døme med det lange fonemet /æ:/. Eg har ikkje tatt med døme der /æ:/: blir representert av eit forkortingsteikn. Fonemet /æ:/: er i utgangspunktet langt. Det blir skriven med <æ> utan aksentteikn i normalortografien. Vi har ikkje nokon kort /æ/ som den lange /æ:/: skal skiljast frå, og lengdemarkeringa blir overflødig.

Blad 38 har likevel eit døme der lengdemarkering blir nytta for /æ:/: ættar / ættar (38vB30). Andre døme er: kær / kær (42rB25), æ / æ (43rB25).

4.1.1.1 Oppsummering

I innleiinga til dette avsnittet skisserte eg 5 funksjonar for det akutte aksentteiknet. 39 viser berre døme på dei 2 første funksjonane: markering av lengd og grafisk skiljande funksjon. Hovudfunksjonen til aksentteiknet er markering av lengd. Det blir brukt både over lange vokalar og diftongar som i utgangspunktet er lange. Bruksfrekvensen er på den andre sida svært liten. Det finst einskilde døme på bruk av aksentteiknet med grafisk skiljande funksjon, men dette er endå meir marginalt. Bruken av aksent i 39 for desse to funksjonane peikar mot annan halvdel av 1200-talet som datering.

4.1.2 Vokalismen i trykktung stilling - monoftongar

I dette kapitlet om vokalar i trykktung stilling vil eg sjå på korleis fonema blir realiserte ortografisk. Undervegs vil eg kommentere forholdstalet mellom einskilde graftypar og særskilde ordformer.

I oversikta nedanfor blir dei mest frekvente graftypane skrivne først:

Fonemet /a/ blir skrive <a>

a : gramr / gramr (37rB19)

Fonemet /e/ blir skriva <e>, <æ>, <œ>

e : vetr / vetr (37vA1)

æ : væftan / vestan (36vA20)

œ : bæzti / bezti (39rA11), men bæzt (39rB29).

Kommentar til /e/:

1) Eg har undersøkt fordelinga av <e> og <æ> brukt for /e/ på blad 36vAB og 37rAB. Her finst 196 døme der normalortografien krev <e>. Under *total førekomst* tek eg ikkje med døme der <e> og <æ> er representerte ved eit forkortingsteikn.

<e> brukt for /e/	189 døme	97%
<æ> brukt for /e/	7 døme	3%

Bruken av <æ> for /e/ blir sett på som ein imitasjon av norsk skrivetradisjon (Hreinn Benediktsson 1965:58). 39 har liten bruk av <æ> for /e/, noko som tyder på islandsk opphav.

2) 39 har 3 særskilde former av verbet *fá* der <a> blir brukt for klassisk norrønt /e/:

- þangit / fengit (36vA9) - verb
- þangin / fengin (42rB26) -verb
- þangnir / fengnir (43rB4) – adj.

Det korte fonemet /e/ i *fengit*, *fengin* og *fengnir* er danna ved den såkalla palatalomlyden. Det vil seie at ”etter /g/ og /k/ er trykklett urn. /e/ og /ē/ blitt hevet til /i/ på et så tidleg tidspunkt at det nyutviklede /i/ volder i-omlyd. Denne formen for i-omlyd fins vesentlig på vestnordisk område” (Iversen 1990:20). Finnur Jónsson skriv i innleiinga til *HkrFJ* I (1893/1900:xviii) at desse ordformene ”må bero på en særhed hos skriveren”. Ei anna forklåring kan vere at skrivaren har tenkt analogt med andre verb som har oppretthalde <a> i perfektum partisipp, t.d. *farinn*, *grafinn*.

Det finst ei alternativ form *fanginn* for *fenginn* i tydinga ”gefangen” som ikkje er sjeldan (Noreen 1970:339). Det tyske *gefangen* tyder *fang*a (adj.) på norsk. Kan det vere ei samanblanding hos skrivaren i dømet nedanfor:

.ij. <i>menn er til gæzlo varo þangnir með honom...</i> (43rB4)	ii. <i>menn þeir, er til gæzlu váru fengnir með honum, ... (HkrFJ III:343, l.13/14)</i>
---	---

Fonemet /e:/ blir skriva <e>, <æ>, <é>, <æ>

<e> : het / hét (38rB31)

<æ> : Sæ / Sé (38vB27)

<é> : let / lét (37rA6)

<æ> : ráetto / réttu (41vA29)

Fonemet /i/ blir skriva <i>

<i> : liþ / lið (37rB35)

Kommentar til /i/:

39 har 2 dæme der verbet *vilja* blir skriva med <o> i preteritum i staden for <i>

- volði / vildi (37vB20, 38rA4)

Denne forma blir ikkje dokumentert hos Noreen (1970: §513.3, 532.7), Larsson (1891:365-366) og Holtmark (1955, sp.724-726). Finnur Jónsson kommenterer denne forma i innleiinga til *HkrFJ I* (1893/1900:xviii). Det er nok eit dæme på særpreg hos skrivaren: ”Det er vanskeligt at forstå, hvorfra han har sådanne former”.

Fonemet /i:/ blir skriva <i>, <í>

<i> : diki / díki (38vA24)

<í> : títt / títt (43rA11), þín / þín (40vA32)

Fonemet /o/ blir skriva <o>, <ó>

<o> : boꝝg / borg (37vB10)

<ó> : ípótri / spotti (40rA13). Eg har berre funne dette dæmet.

Fonemet /o:/ blir skriva <o>, <ó>, <v>

<o> : goþr / góðr (36vA2)

<ó> : nótt / nótt (42vA12)

<v> : brvconom / brókunum (43rB15). Det finst berre dette dæmet på <v> for /o:/.

Kommentar til /o:/:

39 har 2 dæme der verbet *sverja* blir skriva med <á> i preteritum i staden for <ó>:

...æiþa fina er hann fár aioꝝfalalandi / eiða sína, er han sór á Jórsala-landi (38vA25/26)

...rifiti hann botann aþ þæti ser oc mælti oc fár / hristi hann bótann af foeti sér ok mælti ok sór (42rB33)

Men det finst også former av dette verbet skrivne med <o>: foro / sóru (37vA34), forv / sórv (38rB22) og fór / sór (37vA36).

Fonemet /u/ blir skrive <v>, <u>

<v> : Viðkvnr / Viðkunnr (36vA8)

<u> : ruðu / rufu (39vA18)

Fonemet /u:/ blir skrive <v>, <v̇>, <a>, <ú>

<v> : hvf / hús (38rA37)

<v̇> : v̇t / út (42rB16)

<a> : avt / út (40vA2)²⁵

<ú> : púl / púl (37vA6)

Fonemet /y/ blir skrive <ẏ>, <v>, <v̇>

<ẏ> : fyðra / syðra (36vA15)

<v> : fnarlvnðr / snarlyndr (36vB15)

<v̇> : iþv̇rir ṙv̇mi / i fyriṙrúmi (40rB17)

Kommentar til /y/:

Ordet *fnarlundr* er ikkje dokumentert korkje hos Heggstad, Hødnebo og Simensen (1975:397), Fritzner (1973, b.3:453) eller Larsson (1891:306). Forma kan vere ein rest frå 1100-talet då ein blanda saman 'y' og 'v' (Hreinn Benediktsson 1965:27,57), eller det kan vere ei samanblanding med den dokumenterte forma *snarlundaðr* (Heggstad, Hødnebo og Simensen 1975:397).

Fonemet /y:/ blir skrive <ẏ>, <v̇>

<ẏ> : alþýðo / alþýðu (38rB30)

<v̇> : v̇þv̇ðr / úþv̇ðr (41rA7)

<ẏ> : býinn²⁶ / býinn (42rB35) Dette er det einaste dømet med aksent over <ẏ>

Fonemet /æ:/ blir skrive <æ>, <e>, <æ̇>, <œ>

<æ> : mælto / mæltu (36vA5)

<e> : beði / bæði (36vA29)

<æ̇> : kær / kær (42rB25), ættar / ættar (38vB30), æ / æ (43rB25)

<œ> : mœlta / mæltu (39rB8)

Kommentar til /æ:/:

Det finst berre 2 døme der <œ> blir skrive for /æ:/ i 39:

²⁵ Eg er usikker på lesinga her. Det kan sjå ut som om det er ein prikk under <a>. Dersom det er rett, tyder det at skrivaren har retta frå <a> til <v>, og dette punktet må følgjeleg ut.

²⁶ Her skal det vere ein aksent over <ẏ>, men eg har ikkje eit eige teikn.

- mœlta / mælta (39rB8)
- rœddoz / hræddusk (42vA23).

Fonemet /ø/ blir skrive <o>, <æy>, <av>, <a>, <æ>

<o> : ongan / øngan (37vA10)

<æy> : fæyrqvif fon / Sørkvisson (38vB12)

<a> : aræpi / øræfi (38rA36/37)

<av>: avngan / øngan (38vB37)

<æ>: nærðra / nørðra (36vA14)

Kommentar til /ø/:

Overgangen /ø/ til /e/ (her skrive <æ>) i ordet *nørðra* er eit døme på avrunding. Hreinn Benediktsson (1981, b.7, sp. 488-489) skriv at ein finn sporadisk døme på avrunding allereie før samanfallet av dei korte fonema /ɔ/ og /ø/ som skjeddde omkring 1200 eller noko seinare.

Fonemet /ø:/ blir skrive <æ>, <ǽ>, <e>, <œ>, <ę>

<æ> : ræðo / ræðu (39rA28)

<ǽ> : bætr / bætr (39vB1)

<e> : barnefko / barnæsku (43rA1)

<œ> : Rœððv / Rœððu (40rA18)

<ę> : reþrnar / rœtrnar (39vB8). Det er berre eit døme på denne bruken i heile materialet.

I heile materialet finst det 75 døme, og nedanfor viser eg frekvensen:

<æ> (57 døme)	<ǽ> (7 døme)	<e> (7 døme)	<œ> 3 døme	<ę> (1 døme)
---------------	---------------	--------------	------------	--------------

Fonemet /ɔ/ blir skrive <o>, <a>, <a>, <av>, <á>, <au>, <ò>

<o> : ðogom / døgum (36vA1)

<a> : gavnðlar / gønðlar (37rB17/18)

<av>: avþrom / qðrum (41vB2)

<á>: ár / qrr (41rA8)

<au> : ðaugom / døgum (40rA2)

<ò> : afbiò:n / Ásbjörn (41vB1). Dette er det einast dømet på <ò> for /ɔ/.

Fonemet /ɔ:/ blir skrive <a>, <á>

<a> : þra / frá (36vA5)

<á> : vágf botn / vágðs-botn (42rA30)

4.1.3 Samanfall av fonem

Det skjedde fleire endringar i den islandske vokalismen på 1200-talet. Omlag 1200 fall dei korte fonema /ɔ/ og /ø/ saman i kort /ø/, og omlag 1250 skjedde det same med dei lange fonema /ø:/ og /æ:/ som fall saman i lang /æ:/. Resultatet av desse samanfalla vil i skriftleg materiale sannsynlegvis vere at grafem som tidlegare eintydig representerte anten /ɔ/ eller /ø/, no kunne nyttast for begge. Tilsvarande blir det for /ø:/ og /æ:/. Eg vil undersøke om det finst spor av desse samanfalla i 39. Utgangspunktet mitt er ord som i klassisk norrønt inneheld fonema /ɔ/, /ø/, /ø:/ og /æ:/. Eg har undersøkt delar av materialet for å få ei oversikt over forholdstalet mellom dei einskilde graftypane som blir brukte for å representere desse fonema. Dersom eg finn at fonempara /ɔ, ø/ og /ø:, æ:/ i stor grad blir skrivne med dei same graftypane, peikar det på at samanfalla har funne stad. Nokre fonem har større frekvens enn andre. Det er grunnen til at det undersøkte materialet varierer frå fonem til fonem. Eg gjer greie for kva blad eg har undersøkt for kvart fonem. Når eg viser til *heile materialet* tyder det frå blad 36v til og med blad 43rA. Eg tek ikkje med døme der desse fonema blir representerte med eit forkortingsteikn eller ein interlineær bokstav.

4.1.3.1 Samanfall av dei korte fonema /ɔ/ og /ø/

Fonemet /ɔ/ har 85 døme frå blad 36v til og med 38v. Sjå tabellen nedanfor:

o	aʀ	au	av	aʀ
71 døme (82%)	8 døme (10%)	3 døme (4%)	2 døme (3%)	1 (1%)

I tillegg har eg i heile materialet funne eit døme med graftyten <ò> som representerer fonemet /ɔ/:

afbiò:n / Ásbjörn (41vB1), så i tabellen nedanfor har eg slått <ò> saman med <o>:

o, ò (84 %)	aʀ, au, av, aʀ (16 %)
-------------	-----------------------

Fonemet /ø/ har 22 døme frå heile materialet. Sjå tabellen nedanfor:

o	æý	aʀ	av	æ
15 døme (67%)	3 døme (14%)	2 døme (9%)	1 døme (5%)	1 døme (5%)

Her følgjer eit oversyn over skrivemåtane for /ø/. Dette fonemet har i utgangspunktet låg frekvens, og nesten halvparten av døma er variantar av pronomenet *engi* og eigennamnet *Kristrøðr*:

<o> : *criftrøðr* / *Kristrøðr* (41rB8, 41rB33, *criftrøði* / *Kristrøði* (41rB37), *ðocchárr* / *døkkhárr* (40rA9/10), *goz* / *gør* (41vB30), *onga* / *ønga* (41rB26, 43rA24), *ongan* / *øngan* (37vA10, 41rA18), *ongo* / *øngu* (39rA28), *ongom* / *øngum* (41rA10/11, 41rA16), *o:vg/gir* / *øruggir* (41vB33/34), *oxi* / *øxi* (40vA12), *flogvir*²⁷ / *sløngvir* (36vB24)

<æy> : *fæyrqvif fon* / *Sørkvisson* (38rA36/37, 39rB2), *æyrind[i]* / *ørendi* (39vB25)

<a> : *aræpi* / *øræfi* (38rA36/37, 39rB2)

<av> : *avngan* / *øngan* (38vB37)

<æ> : *nærðra* / *nørðra* (36vA14)

Teikn for /ɔ/ i 39	Teikn for /ø/ i 39
o (83 %)	o (67%)
a (9%)	a (9%)
au (4%)	
av (3%)	av (5%)
av (1%)	
ö	
	æy (14%)
	æ (5%)

Eit eventuelt samanfall av dei to korte fonema /ɔ/ og /ø/ vil sannsynleg vise at grafem som tidlegare eintydig representerte anten /ɔ/ eller /ø/, no kan nyttast for begge. Tabellen ovanfor viser at dei korte fonema /ɔ/ og /ø/ i stor grad blir skrivne med dei same graftypene. For begge fonema blir som regel <o> eller variantar av diftongen <au>, dvs. <au>, <a>, <av> og <av> brukt. Dette tyder på samanfall i talemålet til skrivaren. Hreinn Benediktsson skriv at samanfallet av dei korte fonema /ɔ/ og /ø/ skjer omkring 1200 eller noko seinare (1981, b.7, sp. 488).

²⁷ Skrivefeil i 39. Sjå note 13 i transkripsjonen.

4.1.3.2 Samanfall av dei lange fonema /æ:/ og /ø:/

Dei eldre fonema /ø:/ og /æ:/ har 75 og 119 døme frå heile materialet, og dei blir skrivne med følgjande graftypar. Sjå tabellen nedanfor:

Teikn for /ø:/ i 39 (75 døme)	Teikn for /æ:/ i 39 (119 døme)
<æ> : 57 døme (76%)	<æ> : 80 døme (66%)
<ǣ> : 7 døme (9%)	<ǣ> : 15 døme (13%)
<e> : 7 døme (9%)	<e> : 22 døme (19%)
<ę> : 1 døme (2%)	
<œ> : 3 døme (4%)	<œ> : 2 døme (2%)

Døme på ord i 39 med opphavleg eldre /ø:/: *ðætr* / *dætr* (37vA10), *þæti* / *fæti* (42rB33), *fekir* / *sækir* (41rA33), *reṛtnar* / *rætnar* (39vB8), *grœnni* / *grœnni* (37rB31).

Tabellen viser at /ø:/ og /æ:/ i høg grad blir skrivne med dei same graftypane. Nær 96% av graftypane som blir nytta for eldre /ø:/ i 39, representerer graftypar som også kan stå for eldre /æ:/, dvs. <æ>, <ǣ>, <e> og <ę>. Dette tyder at samanfallet av /ø:/ og /æ:/ til /æ:/ har funne stad.

Tabellen viser 3 døme på at eldre /ø:/ framleis blir attgjeven med <œ>:

grœnni / grœnni (37rB31), Rœððv / Rœddu (40rA18), œrpiz / œrðisk (42vA19)

I tolkinga her vil eg skilje mellom tale og skrift. Det er ein svak tendens til differensiering mellom /ø:/ og /æ:/ i skrift. Det kan tyde på mekanisk avskrift frå eit eldre førelegg eller er kan hende ein skriftradisjon. Men tendensen er for svak til at han tyder på nokon kontrast i talespråket.

39 har på den andre sida 2 døme på ordformer der <œ> blir brukt der ein kunne vente <æ>:

mœlta / mæлта (39rB8) og rœddoz / hræddusk (42vA23).

Eg tolkar dette som hyperkorrekte former og som eit argument for samanfall av /ø:/ og /æ:/.

4.1.3.3 Oppsummering

Omkring midten av 1200-talet byrja islandske skrifvarar å blande saman <æ> og <œ>, fordi desse lydane fall saman i islandsk talespråk (Hreinn Benediktsson 1981, b.7, sp. 488).

Handskrift med sterk samanblanding blir rekna for å vere yngre enn 1250 (Seip 1954a:84).

Kålund (1905:vii) skriv at samanfallet av dei to lydane blei gjennomført raskt etter 1250.

Undersøkjinga har vist at det ikkje finst nokon kontrast mellom eldre /ø:/ og /æ:/. Det tyder at samanfallet av desse to vokalane har funne stad og at 39 må vere skrivne etter 1250.

4.1.4 Vokalismen i trykktung stilling - diftongar

Klassisk norrønt har 3 diftongar: /ei/, /ey/ og /au/. Alle diftongar har kvantitet som lange vokalar. Eg har sett på blad 36v, 37 og 38 for å undersøke korleis diftongane blir skrivne i 39:

Diftongen /ei/ blir skriven <ei>, <æi>, <æi>, <éi>, <eí>, <æí>

Blad 36v, 37 og 38 inneheld til saman 137 dømme:

<æi>	<ei>	<æi>	<æí>	<eí>	<éi>
65 (48%)	59 (43%)	5 (4%)	3 (2%)	3 (2%)	2 (1%)

æi: æign / eign (38vB29)

ei: heim / heim (38rA25)

æi: fvæinn / Sveinn (38vA4)

æí: æinn / einn (38vB14)

æí: æinn / einn (38vB14)

eí: heítir / heitir (37rB28)

éi: fvéin / Svein (38vB10)

Kommentar til /ei/:

39 har ganske jamn fordeling av <æi> og <ei> som blir skriven for /ei/. Skrivning av <æi> for /ei/ er eit trøndsk dialekttrekk (Christiansen [1976]:103).

Bruken av <æi> for /ei/ er ein skrivemåte som er godt kjent frå norske handskrift. Det er påfallande at denne skrivemåten blir brukt av ein islandsk skrivar.

Diftongen /ey/ blir skriven <ey>, <æy> og <éy>

Blad 36v, 37 og 38 inneheld til saman 40 dømme:

ey	æy	éy
28 dømme (70%)	10 dømme (25%)	2 dømme (5%)

eý: eýftein / Eysteinn (36vA13)

æý: æýftein / Eysteinn (36vA14)

éý: þólc þæýf/anði / folkþeysandi (37rA11/12)

Diftongen /au/ blir skriven <a>, <av>, <au>, <aú>, <á>

Blad 36v, 37 og 38 inneheld til saman 33 dømme:

aʀ	av	au	aú	á
13 dømme (39%)	10 dømme (30%)	8 dømme (24%)	1 dømme (3%)	1 dømme (3%)

aʀ: aʀðigr / auðigr (38vA15)

av: cavpa / kaupa (38rA20)

au: þau / þau (38rA14)

aú: þaúcr / faukr (38vA17)

á: báð / bauð (38rB4)

4.1.5 Endingsvokalismen

Klassisk norrønt hadde 3 vokalar i trykklett stilling: fonema /a/, /i/, /u/. Dette samsvarer med stoda i moderne islandsk. Desse endingsvokalane blei realiserte på ymse vis i norrøne handskrift. I store delar av Noreg blei dei distribuerte etter prinsipp som blir kalla vokalharmoni, vokalbalanse eller vokalreduksjon. Dette var prinsipp som ikkje har sett spor etter seg i det islandske språket. Dei eldste islandske handskrifta nyttar <a>, <e> og <o> i dei trykklette endingane, men frå omkring 1300 ser vi mest <a>, <i> og <u> i desse posisjonane (Seip 1954b:12). Endingsvokalen /a/ blir heile tida representert med <a>.

Det er ein klår kronologisk skilnad mellom endringa frå <e> til <i> og frå <o> til <u>.

Overgangen frå <e> til <i> fekk fotfeste nærare eit halvt hundreår tidlegare enn for overgangen frå <o> til <u> (Hreinn Benediktsson 1962:16). Både Seip (1954b) og Hreinn Benediktsson (1962) drøftar årsaka til denne utviklinga av dei trykklette vokalane i det islandske språket. Ifølgje Seip er årsaka påverknad frå Noreg, medan Hreinn Benediktsson forklårer saka med strukturelle endringar i dei trykksterke vokalane. Det er teoriane til Hreinn Benediktsson som har oppslutnad i dag.

39 har i hovudsak <i> og <o> i dei trykklette endingane, men det finst dømme på både <e> og <u>.

4.1.5.1 e og i

I 39 blir endingsvokalen /i/ nesten konsekvent skriven <i>. 39 har 4 unnatak der endingsvokalen blir skriven med <æ>. Endingsvokalen /i/ blir i desse døma representert med <æ>, og i 39 kan <æ> bli brukt istaden for <e>.

þaræt / farit (36vA21) þæræ / færri (39rA23)	hapæ / hafi (39rB35) grvnaðæ / grunaði (43rB6)
---	---

4.1.5.2 o og u

Endingsvokalen /u/ blir stor sett skriven <o>. 39 har følgjande unnatak der endingsvokalen blir skriven <v> eller <u>. Døma er ordna i den rekkjefølgja dei førekjem i 39:

læiðangrvm / leiðongrum (36vA3), þvllfæ-lv / fullsælu (36vA24/25), comvz / kómusk (37rB4), figv / sigu (37rB21), rvðvz / ruðusk (37vB15), feqlum / seglum (37vB21), þvrptv / þurftu (38rA20), fvmvm / sumum (38rB8), konvngum / konungum (38rB14), forv / sóru (38rB22), fcolvm / skulum (39rA13, 41rB23), vrþu / urðu (39rB15), ruþu / rufu (39vA18), átrv / áttu (39vA20), fcýldv / skyldu (39vA21), ræððvz / hræddusk (39vA33), manv / munu (40rA23), motvl / mottull (40rA29, 43rA36), konvng ðominvm / konungdóminum (41rA36), bivggv / bjoggu (40vA16), hivggv / hjoggu (41vA3), þvnnvz / funnusk (41vA11), vnnvm / unnum (41vB22), elþar grimvm / Elfargrímum (42rA7), viðvm / viðum (42rA20), vallflonguna / valslonguna (42rB32), þlutv / flutu (42vB22), matv / máttu (43rB17), toloðvz / töludusk (43rB26), hoþv / hoþum (43rB27), hvgðv / hugðu (43rB35).

I oversikta ovanfor har eg utelate 3 framandord med <v,u> i endinga: ladzarivm / Lózaríúm (38rA18), plenarivm / plénaríús²⁸ (40vB27), paþchum / páskum (42vA19).

4.1.5.3 Oppsummering

Det er ein klár kronologisk skilnad mellom endringa frå <e> til <i> og frå <o> til <u>. Døma ovanfor tyder på at handskriftet er skriven etter at overgangen <e> til <i> er fullført, medan overgangen <o> til <u> er i byrjinga. Overgangen <e> til <i> er gjennomført ca.1250 medan overgangen <o> til <u> er gjennomført eit halvt hundreår seinare. I og med at overgangen <o> til <u> på langt nær er gjennomført, peikar dette på eit eldre trinn i språkutviklinga.

²⁸ Denne forma er kommentert i note 103 i transkripsjonen.

4.1.6 U-omlyd

I 39 blir blir både morfologisk (eldre) og fonologisk (yngre) u-omlyd markert i trykktung stilling, og omlydsproduktet av /a/ blir representert av grafema <o, av, av, av, au, ô>.

Skrivaren er ikkje konsekvent i måten han skriv omlyden på, men han er så godt som alltid markert. Det er ingen tvil om kva som er den meste utbreidde skrivemåten for fonemet /ɔ/. I omtrent 85% av døma nyttar han <o> for å markere u-omlyden. I dei andre døma nyttar han variantar av <av> (sjå 4.1.3.1).

Døme på eldre u-omlyd	Døme på yngre u-omlyd
moꝝg / mɔꝝg (38rB14)	longom / lɔꝝgum (38vA21)
laꝝg / lɔꝝg (36vB3)	ðogom / dɔꝝgum (36vA1)
bavrn / bɔꝝrn (38vA18)	gaꝝtoꝝ / gɔꝝtur (40rA27)
aꝝr / ɔꝝr (41rA8)	hoꝝðo / hoꝝðu (36vA2)
afbiòꝝn / Ásbjɔꝝrn (41vB1)	

Det er grunn til å merkje seg at u-omlyden også blir markert i trestavingsord der opphavleg kort /a/ framfor ståande /u/ står utanom trykktung staving, t.d.: bondonom / bɔꝝndunum (43rB1), colloðo / kɔꝝlluðu (38rB18, 43rA32), connoðo / kɔꝝnnuðu (42vB33), eggioðo / eggjuðu (37rA32), costoðo / kɔꝝstuðu (39vA11), motoðoz / mɔꝝtuðusk (41rB12), þognoðo / þɔꝝgnuðu (39rB13), ætloðo / ætluðu (42vA32)

Den yngre u-omlyden blir normalt markert både i islandske og vestnorske handskrift. Utover på 1200-talet blir u-omlyd ikkje markert i trestavingsord i norske handskrift som i døma ovanfor. Men omlyden er markert i slik stilling i islandske handskrift og er eit sikkert kjenneteikn på islandsk heimfesting (Hagland 2004:389)

Eg har berre funne 2 unnatak når det gjeld markering av u-omlyden:

gialld	gjɔꝝld (37rB30)
læiðangrvm	leiðɔꝝngrum (36vA3)

Det er verdt å merkje seg at 'gialld' finst i ei skaldestrofe og er eit døme på manglande eldre u-omlyd. Det var ikkje uvanleg at skaldedikta kunne bli forvanska med kvar ny avskrift, fordi yngre skrivarar ikkje lenger forstod skaldedikta. Det andre dømet gjeld manglande yngre u-omlyd.

4.1.7 Runding /e/ > /ø/ i former av pronomenet *engi*

Jon Gunnar Jørgensen har undersøkt dette fenomenet i handskriftet Sth. 4 fol. Hand 3 og konkluderer med at vi finn døme på /ø/ for /e/ i særskilde former av pronomenet *engi* allereie i dei eldste islandske handskrifta. Slike former er nesten ukjende i norsk (1985:208).

Eg har undersøkt formene av *engi* hos Holtmark (1955:sp.127-129) og Larsson (1891:69).

Dei har laga oversyn over ordforrådet i dei eldste norske og islandske handskriftene.

Materialet til Holtmark går fram til ca. 1250 og materialet til Larsson fram til 1225, så dei er i eldste laget, men dei viser i alle fall ein tendens. Berre Larsson (det islandske materialet) har former av *engi* skrivne med <ø>. Om dokumenterte former av *engi* som kan få runding, sjå også Noreen (1970: §476.1), Iversen (1990:92-93). Noreen dokumenterer fleire former enn Iversen, og nokre av desse formene med runding finn vi att i 39.

Nedanfor er alle ordformer med *engi* i 39. Tabellen viser at fonemet /ø/ blir representert av <o> og <av>.

	Mask. sing.	Plassering
Nom.	engi heftr / engi hestr engi var þv̄s / engi var fúss engi oþgeða koftr / engi ofgœðakostr var engi ricari / varð ²⁹ engi ríkari	40rA17/18 40rB27 40vA8 40vB14
Dativ	ongom mvn fiþr / engum mun síðr ongom mvn minna / engum mun minna	41rA10/11 41rA16
Akk.	ongan fon / engan son fa hann ongan annan finn / sá hann engan annan sinn avngan viffa ec / engan vissa ek engi mon / engi mun	37vA10 41rA18 38vB37 38vB30
	Mask. plur.	
Akk.	onga oꝛfcvrði / enga órskurði	43rA24
	Fem. sing	
Akk.	broðir hanf hafði onga (brýnio)/ enga	41rA26

²⁹ Det er skilnad på verbet i 39 og *HkrFJ*. 39 skriv <v> + interlineær <r>. I oppløyst form kan det ikkje bli noko anna enn `var`.

	Nøytr. sing.	Plassering
Dativ	ec kvnna her ong`o´ fvara / ek kynna hér engu svara	39rA28

Nokre former av *engi* som kan få runding i islandsk, har fått det same i 39. Former som ikkje får runding i islandsk, har heller ikkje fått det i 39. Ein ser ikkje ut til å kjenne former med runding i norsk. Dette kan tyde på at skrivaren har hatt runding i talespråket sitt, noko som peikar mot heimfesting til Island.

4.1.8 Det ubestemde pronomenet *nøkkur*

Det ubestemde pronomenet *nøkkur* har mange dokumenterte variantar (Noreen 1970: §475.3). Nedanfor har eg laga ein tabell som samlar alle variantane som finst i 39 i staden for å kommentere dei i noteapparatet i transkripsjonen. Det er interessant å sjå alle variantane, særskild alle døma på dobbeltskriving av <k>. Haugen skriv at sjølv i normaliserte tekstar kan det vere variasjon i bøyinga av dette ordet (1995b:155). Som normalisert form har eg valt den forma som finst i *HkrFJ*:

	Mask. sing.	Plassering
Nom. Gen. Dativ Akk.	nacvarrr / nøkkurr nacqvarf / nøkkurs naccvariom / nøkkurum nackvarnn / nøkkurn	43rB25 39vB15 43rB21 37rA22
	Mask. plur.	Plassering
Nom.	nacqvarir / nøkkurir nackvarir / nøkkurir naccvarir / nøkkurir naccvarir / nøkkurir	36vB23 39vA10, 43rB32 39vB1 43rB37
Dativ	noccorom / nøkkurum	41vB33

	Fem. sing	Plassering
Dativ Akk.	nackvarri / nøkkurri nackvaria / nøkkura nacvaria / nøkkura naccvara / nøkkura nacqvaria / nøkkura	39rB18 38vB23, 37vB17/18, 38rA3, 41rA23, 43rA12 43rB14 38vB21 43rA33
	Fem.plur.	Plassering
Akk.	nackvariar / nøkkurar	39rA36
	Nøytr. sing.	Plassering
Nom. Dativ Akk.	naccot / nøkkut nacovat / nøkkut nacqvario / nøkkuru naccot / nøkkut naccot / nøkkut	38rB26 40rB16 37rA25 39vA21 39rB7
	Nøytr. plur.	Plassering
Dativ	naccvariom / nøkkurum	40rA18

4.2 Konsonantismen

Tilpassinga av det latinske alfabetet til det islandske konsonantsystemet var mykje enklare enn tilpassinga til vokalsystemet. “Den første grammatikar” gjorde greie for det norrøne konsonantsystemet i *Den første grammatiske avhandlinga*. Det var 14 konsonantfonem: /p, t, k, b, d, g, f, þ, m, n, l, r, s, h/. I tillegg kom konsonantisk /u/ og /i/. Konsonantsystemet gjekk gjennom små endringar i løpet av 1100- og 1200-talet i motsetnad til vokalsystemet (Hreinn Benediktsson 1965:73).

Nedanfor følgjer ei oversikt over korleis konsonantfonema blir skrivne i 39. Eg tek utgangspunkt i klassisk norrønt på same måten som eg gjorde for dei trykkunge vokalane. Undervegs vil eg kommentere einskilde fenomen og endringar i konsonantismen når dei kan gje informasjon om tid- og heimfesting.

4.2.1 Korte konsonantar

Fonemet /b/ blir skriva

 : *beggia / beggja* (36vA28)

Fonemet /d/ blir skriva <ð>, <d>, <ð>

<ð> : *ðogom / døgum* (36vA1)

<d> : *fkýllði / skyldi* (36vA30). Andre dæmi er: *mildingi* (36vB2), *heldr* (40rA9), *villdi* (42rB23), *helldr* (43rA6), *Haralldr* (39rB254). Det ser ut til at <d> berre blir brukt i bokstavkombinasjonen <ld>.

<ð> : *fenði / sendi* (39vA5), *fkýlði / skyldi* (36vA30)

Fonemet /f/ blir skriva <þ>, <f>

<þ> : *þell / fell* (36vA8)

<f> : *aflat / aflat* (39vA28). Det finst berre eit dæmi på denne allografen

Fonemet /g/ blir skriva <g>

<g> : *girntiz / girntisk* (37vA23)

Fonemet /h/ blir skriva <h>

<h> : *haftið / haustit* (36vB4)

Fonemet /k/ blir skriva <k>, <c>, <ch>, <q>.

<k> : *rikino / ríkinu* (41rA19)

<c> : *callaðr / kallaðr* (42rA15)

<ch> : *patriarcha / patriarka* (37vA34, 40vB28)

<q> : *quifl / kvísl* (42vB10)

Kommentarer til /k/:

1) Fordelinga av <k> og <c> i 39 blir til dels styrt av eit prinsipp som blir kalla *palatalregelen* (sjå 4.2.3).

2) Fonemet /k/ blir av og til skriva <ch> i tidleg islandsk skrift, men også seinare. Det har opphavet sitt i latinsk ortografi, og føremålet var å uttale <ch> som /k/ framfor ein fremre vokal. (Hreinn Benediktsson 1965:32ff). Det finst to dæmi på skriving av <ch> for /k/ i 39, men her blir dei i motsetnad til regelen om bruk framfor fremre vokalar, brukte foran dei bakre vokalanane <u, a>:

<i>paľchum / páskum</i> (42vA19), <i>patriarcha / pátriarka</i> (37vA34, 40vB28)
--

Begge døma er greske lånord i latin, og <ch> for /k/ er i samsvar med skrivemåten innanfor latinsk skrift. Denne skriftradisjonen med rot i latinsk skrift blei også følgd av islandske skrivarar og truleg lært på skrivarskulane.

3) Konsonantsambandet /kv/ blir i 39 skriva på 4 ulike vis: <qu, qv, kv, cv>:

<qu> : *quifl / kvísl* (42vB10). Det finst berre eit døme på denne skrivemåten

<qv>: *fæyrqvif fon / Sørkvisson* (38vB12). Det finst berre eit døme på denne skrivemåten, og Hreinn Benediktsson skriv at han er sjeldan (1965:33).

<kv> : *kvæþit / kveðit* (40vA27)

<cv> : *fcvalðri / skvaldri* (37rB12).

Den første skrivemåten, <qu>, blei brukt for å representere /k/ + konsonantisk /u/. Denne skrivemåten har opphav i latinsk ortografi og var "the simplest and most natural spelling at the beginning wherever the Latin alphabet was adapted to the writing of the vernacular".

Seinare blei <qu> erstatta av <kv> eller <cv> som var meir i samsvar med islandsk skriveskikk. Bruken av begge formene i eit og same manuskript viser eksistensen av to skriftradisjonar; ein bygd på latinsk ortografi, den andre bygd på den fonetiske strukturen i morsmålet (Hreinn Benediktsson 1965:33-34).

4) Konsonantsambandet /ks/ blir skriva <x>

<x> : *grannvaxinn / grannvaxinn* (40rA8), *veglixta / vegligsta* (38rA33). Det siste ordet er eit døme på at motsetnaden mellom /g/ og /k/ er blitt nøytralisert foran ustemt konsonant, dvs. /s/.

Fonemet /j/ blir skriva <i>, <j>

<i> : *iarldom / jarldóm* (36vA34)

<j> : *jarlar / jarlar* (36vA35)

Fonemet /j/, med og utan aksent, <j, j> blir også brukt for å skriva tal (sjå 3.6.3).

Fonemet /l/ blir skriva <l>

<l> : *lengr / lengr* (36vB18)

Fonemet /m/ blir skriva <m>, <M>

<m> : *mat caupa / matkaupa* (36vB17)

<M> : *magnvs / Magnus* (36vA19)

Fonemet /n/ blir skriva <n>

<n> : *veftan / vestan* (36vA19)

Fonemet /p/ blir skriva <p>

<p> : *palf / Páls* (36vA33)

Fonemet /r/ blir skrive <ɾ>, <ʀ>, <R>

<ɾ> : ræiþr / reiðr (39rB14)

<ʀ> : oþom / orðum (36vA5). Rund 'r' finst aldri i førsteosisjon, men berre i kombinasjon med andre runde grafem.

<R> : riki / ríki (37vA4)

Fonemet /s/ blir skrive <ʃ>, <s>

<ʃ> : fina / sína (37vB35))

<s> : kæisari / keisari (37vA12). Det er ikkje mogleg å sjå skilnad på rund 's' og kapitel 's', så eg differensierer ikkje mellom dei.

Fonemet /t/ blir skrive <t>

<t> : torg / torg (36vB17)

Fonemet /θ/ har to allofonar; ein ustemd [p] og ein stemd [ð]

Allofonen [p] blir skrive <þ> :

<þ> : þinf / þíns (39rA27)

Allofonen [ð] blir skrive <ð>, <þ>, <ð>

<ð> : beði / bæði (36vA29)

<þ> : liþino / liðinu (36vB10)

<ð> : baðir / báðir (38vB17)

Om <þ> brukt for <ð> (sjå 4.2.4).

Fonemet /v/ blir skrive <v>, <ʋ>, <u>

<v> : veftr / vestr (36vB10)

<ʋ> : þildi / vildi (36vB32)

<u> : Solueig / Solveig (42vA8)

4.2.2 Lange konsonanter

Korte og lange konsonantar blir som regel differensierte i dei eksisterande manuskripta, men differensieringa er ikkje alltid konsekvent. Lang konsonant blei markert på følgjande vis:

1) Dobbeltskriving av konsonant 2) Bruk av kapitel 3) Interlineært punkt. Bruken av desse framgangsmåtane hadde eit kronologisk perspektiv, men dei eksisterte også side ved side. (Hreinn Benediktsson 1965:80). Alle tre er representerte i 39:

4.2.2.1 Dobbeltskriving av konsonant

Dette var den mest vanlege måten å markere lengd i latinsk skrift og blei truleg direkte overført frå den karolingiske minuskelskrifta til islandsk, og metoden var allereie kjend for "Den første grammatikar" (Hreinn Benediktsson 1965:80-81).

Denne metoden blir ikkje mykje nytta i 39, men nokre døme finst:

<cc> : þaccaði / þakkaði (40vB9), gecc / gekk (37rB2)

<ðð> : cleððr / klæðdr (39vA32)

<ll> : callaðr / kallaðr (39vA29)

4.2.2.2 Bruk av kapitel

"Den første grammatikar" var, så vidt vi veit, den første som gjorde framlegg om å bruke kapitelar for å markere lang konsonant. Den mest vanlege kapitleten brukt for lang konsonant, er <N> (Hreinn Benediktsson 1965:82), men i 39 har <R> større frekvens enn <N>.

39 har døme på bruk av <N, G, R, S> for å markere lang konsonant:

<G, N> : fteinvegin / steinvegginn (37rB3). Dette ordet gjev døme på bruk av både <G> og <N>.

<N> : feqlana / seglanna (37vB24)

<R> : einar / Einarr (36vB12, 42vB16), þýr / fyrr (39vA29), roððgeir / Roðgeirr (37rB36), aúr / qrr (41rA8)

<S> : cros / kross (40vB29)

4.2.2.3 Interlineært punkt

Plassering av eit interlineært punkt over ein konsonant for å markere lang konsonant, var ein framgangsmåte som voks fram på 1200-talet. Vi kjenner ikkje opphavet, men det er svært karakteristisk for den islandske skrifta (Hreinn Benediktsson 1965: 84-85).

Bruken av eit interlineært punkt er den mest vanlege metoden for å markere lang konsonant i 39 og blir brukt for følgjande bokstavar:

<cc> : þecc / fekk (37rB24)

<gg> : beggia / beggja (36vA28)

<nn> : innanlanðz / innanlands (36vA2), eýftein / Eysteinn (36vA13)

<pp> : vpp / upp (40vA24)

<rr> : annarr / annarr (36vA26), roðgeirr / Roðgeirr (37rB34)

<tt> : þotto / þóttu (39rA3)

Døma ovanfor under punkt 1-3 viser tydeleg at skrivaren tar paleografiske omsyn ved val av framgangsmåte for skriving av lang konsonant. På grunn av plassomsyn blir interlineært punkt stort sett nytta over minusklar som held seg i x-høgd. Der var det plass til å skrive eit interlineært punkt i motsetnad til minusklar der hovudstaven har overlengd. Dette gjeld ikkje ved geminering av <c> som nyttar både dobbeltskriving 'þaccaði' og interlineært punkt 'þecc'. Interlineært punkt blir også nytta for <t> som i 39 held seg i x-høgda: <τ>, men i transkripsjonen har eg har valt å bruke graftypen <t>.

4.2.3 Palatalregelen

Palatalregelen forklårer ei veksling mellom <k> og <c> for å gje att konsonanten /k/ i skrift: <k> blei skriven framfor dei fremre vokalane <i, e, y>, medan <c> blei skriven framfor dei bakre vokalane <a, u, o>, framfor konsonant og i utlyd. Denne praksisen kan ein sjå i engelsk skrift allereie på 900-talet, og han blei forsterka av den normanniske invasjonen og innvandringa til England etter 1066. Franske skrivarar uttalte *c* som *ts* framfor dei fremre vokalane og gav t.d. ord som *cepen*, *cyning* gal uttale (Seip 1954a:12). Regelen blei følgt i mange av dei eldste norske og islandske handskrifta heilt fram til midten av 1200-talet (Hreinn Benediktsson 1965:30). Ifølgje Seip (1954:47) er palatalregelen eit viktig indisium på at islandsk og norsk skrift har sams opphav. "Den første grammatikar" tilrår ein annan praksis. Han uttalar <c> på same måten som <k> og <q> og har derfor ikkje lenger bruk for dei to siste teikna, og han tilrår å ta dei ut av det islandske språket (Seip 1954a:36). Dette er vel nok eit døme på at tilrådingane til "Den første grammatikar" ikkje blei følgde.

Eg har undersøkt blad 40 for å sjå om distribusjonen av <c> og <k> er i samsvar med palatalregelen. Under *total førekomst* har eg tatt med ord der <c> eller <k> står framfor eit forkortingsteikn eller ein interlineær bokstav der tolkinga er eintydig, t.d. *croš* / kross (40vB20). Forkortingsteiknet er ein interlineær <o>, og i samanhengen kan det berre bli bokstavkombinasjonen <ro>.

Total førekomst av ord med <c> og <k>, blad 40, i 39:	I samsvar med palatalregelen	Ikkje i samsvar med palatalregelen
<k> foran <i, y, e>	61	
<k> foran <a, o, u>		52
<k> i andre posisjonar (i utlyd, foran konsonant)		6

Total førekomst av ord med <c> og <k>, blad 40, i 39:	I samsvar med palatalregelen	Ikkje i samsvar med palatalregelen
<c> foran <a, o, u>	53	
<c> foran <i, y, e>		17
<c> i andre posisjonar (i utlyd, foran konsonant)	73	
262	187 (71 %)	75 (29%)

Nedanfor følgjer døme som samsvarar med palatalregelen:

<k> framfor fremre vokalar: *kendi* / *kendi* (40vA17), *mikill* / *mikil* (40vA5), *kýlþði* / *kylfði* (40rA12)

<c> framfor bakre vokalar: *calla* / *kalla* (40vA23), *com* / *kom* (40rA28)

<c> framfor konsonantar: *cros* / *kross* (40vB29), *cleððr* / *klæddr* (40rA11)

<c> i utlyd: *ec* / *ek* (40rA20), *þolc* / *folk* (40rA5)

Nedanfor følgjer døme som ikkje samsvarar med palatalregelen:

<c> framfor fremre vokalar: *leicinom* / *leikinum* (40vA1), *fcipom* / *skipum* (40rB15), *fcýllðo* / *skyldu* (40rA6).

<k> framfor bakre vokalar og konsonantar og i utlyd: *hæimfkan* / *heimskan* (40rB9), *kanntv* / *kantu* (40rB10), *knapa* / *knapa* (40vA6), *ek* / *ek* (40rA22), *þolk* / *fólk* (40vA26).

Skrivaren følgjer palatalregelen i over 70% av døma. Han kan vere lite konsekvent og skriv t.d. *fcipom* og *fkipom* i same lina (38rB15). Det er eit påfallande trekk ved unnataka av palatalregelen. Fleirtalet av dei (46 av 76 døme) er ordet *konungr* skrivne med ligaturen <k> og <f> + eit forkortingsteikn:

<ƿ> blir <i>konvngr</i> / <i>konvng</i> og <ƿ> blir <i>konvngrf</i> .

Variantar av ordet *koma* er på den andre sida konsekvent skrivne korrekt etter palatalregelen som *coma* . Variantar av *konungr* er høgfrekvente og etter måten lange ord, og skrivaren har hatt eit ønskje om å forkorte dei for å spare plass. Det er lettare å bruke eit forkortingsteikn i samband med <k> med den høge hovudstaven enn med <c>. Så eg vil konkludere med at skrivaren klårt kjenner prinsippa for palatalregelen og følgjer dei i over 70% av døma, men når det gjeld variantar av ordet *konungr*, er plassomsyn viktigare. Mange av unnataka frå

palatalregelen er først og fremst eit praktisk steg for å lette forkortinga av eit høgfrekvent ord. Hreinn Benediktsson (1965:30) skriv at palatalregelen blei følgt i mange av dei eldste norske og islandske handskrifta heilt fram til midten av 1200-talet. I 39 blir derfor den høge gjennomføringa av palatalregelen eit eldre trekk.

4.2.4 <þ> brukt for <ð>

Den dentale frikativen /θ/ hadde to allofonar [p] og [ð]. I den norrøne normalortografien blir <þ> brukt for den ustemde varianten i framlyd og <ð> for den stemde varianten i alle andre posisjonar (Iversen 1990:12). I norske handskrift blir <ð> og <þ> brukt i samsvar med normalortografien (Jørgensen 1985:216).

Dei eldste, islandske handskrifta brukte derimot <þ> for begge variantane. I første halvdel av 1200-talet blei <ð>, etter norsk skikk, introdusert for den stemde varianten, og han blir meir og meir vanleg i innlyd og utlyd frå omkring 1250 (Hreinn Benediktsson 1965:43/44).

Blad 36v har 89 døme der normalortografien krev <ð> for den stemde varianten, men i 39 blir <þ> i stor grad nytta i denne posisjonen. Sjå tabellen nedanfor:

<þ> brukt for <ð>	<ð> brukt korrekt
38 døme (43%)	51 døme (57%)

Alterneringa mellom <þ> og <ð> hadde ofte opphavet sitt i ei mekanisk kopiering av eldre handskrift. Bruken av <þ> blei ofte styrd av eit grafisk prinsipp; det var lettare å bruke <þ> saman med eit forkortingsteikn enn <ð> (Hreinn Benediktsson 1965:74). Den relativt store bruken av <þ> for den stemde varianten <ð> i innlyd og utlyd er ein ortografisk variasjon som peikar mot Island (Jørgensen 1985:216).

4.2.5 <ð> brukt for <d>

1) I løpet av 1200-talet får vi ein overgang frå <ð> til <d> i verb som hadde kortstava presensstammer på /l, n/, og både kort- og langstava presensstammer på /m/. Det same gjeld for substantiv. I størstedelen av det norske området kan vi sjå i handskrifta at dette har skjedd omkring 1250, medan islandske handskrift viser at overgangen har skjedd etter ca.1300 (Hagland 2004:397). I 39 finst det nokre døme på bruk av eldre former med <ð, þ>:

þramði (38vA27)

vanða (38rA8) av vanði, mask.

ðvalþiz (37rB34, 37vA28/29, 38rA3), men det finst også eit døme på den yngre forma:

ðvalðiz (37vB17)

þiolþa (42vB17)

2) Bruk av <ð> for <d> i ord med opphavleg /d/:

fenði / sendi (39vA5)³⁰

fkýlði / skyldi (36vA30)

fýnðiz / sýndisk (39vB7)

týnðoz / týndusk (42vA3)

Bruk av <ð> for <d> i døma ovanfor har ikkje grunnlag i talemålet. Det er omvendte skrivemåtar eller hyperkorrekte former og tyder at skrivaren er usikker på talemålet. Men det er verdt å merkje seg at det finst 9 variantar av *skyldi* og eit døme på *sendi* skrivne med 'd'.

I arbeidet med dette punktet er det blitt klart at mange ordbøker gjev for dårlig informasjon om eldre former. Både Fritzner (1973) og Heggstad, Hødnebo og Simensen (1975) fører t.d. berre opp preteritumsformene *dvaldi* (av *dvelja*) og *framdi* (av *fremja*). Eg fann til slutt ut at Cleasby og Vigfusson (1957) er den einaste ordboka som konsekvent også fører opp eldre former. *Norrøn ordbog over det norrøne prosasprog* fører også opp eldre form av *dvelja*, men denne ordboka er førebels berre utgjeven i tre band.

4.2.6 <z> brukt for <s>

Grafemet <z> blir mykje nytta for <s> i 39, og i dette kapitlet vil eg sjå om det finst eit system i bruken av grafemet.

I storparten av dei eldste manuskripa står <z> for dental + /s/, og Hreinn Benediktsson gjev fleire døme på at <z> på denne tida må ha hatt den fonemiske verdien til /ts/. <z> kjem også ofte inn i konsonantsambanda *ll og nn + s* (*allz, mannz*), noko som tyder på at det i overgangen mellom desse har utvikla seg ein plosiv som har blitt identifisert som /ts/. På 1200-talet fekk vi overgangen /ts/ til /ss/, noko som førte til ein utvida bruk av <z> som eit alternativ til <s>, først etter dentalane <t, d, þ, ð>, sidan særleg i mediopassiv og superlativ (Hreinn Benediktsson 1965:74-76).

I 39 blir <z> nytta i 3 funksjonar:

³⁰ Hagland skriv ”..., slik at vi i islandske tekstar frå før 1300 ventar å finne former som *vanþi, talþi, senþi, hvelþi, fylgþi*” (2004:380). Eg er samd med utsegna med unntak for forma *senþi*. Tvert om er 'd' i *senda* opphavleg form, og eg vil karakterisere formene *senþi/senði* som hyperkorrekte former.

4.2.6.1 Genitivsmarkering

<z> blir mykje nytta som genitivsmarkering. Nedanfor er døme på dette:

basftarz / bastarðs (36vB5)	crifftzkirkio / Kristskirkju (40vB6/7)
bo:ðz / borðs (43rB3)	landz / (til) lands (40rB33)
bo:z / borðs (43rB8)	manz / manns (38vB28)
knvtz / Knúts (38vB9, 40rB18)	

Døme på ord der <s> blir nytta som genitivsmarkering:

þririkf / Frireks (37vA11)	leicf / leiks (38rA5)
gvtho:mf / Gotthorms (38rB30/31)	petrf / Pétrs (38rA14)
hellis / hellis (37rA34)	fcaphoggf / Skafhöggs (38rB32)
iarnf / járn's (38vA34)	fvæinf / Sveins (39vA2)
<u>k</u> onvng <u>f</u> / konungs (39vA1)	vlþf / Ulfs (38vB9)

Vi ser her at det som kjenneteiknar døma med <z>, er at <z> står etter dental, <nn> eller <ll>.

Det er mest ingen døme på <z> brukt etter andre fonem. Dette samsvarar med det eg siterte frå Hreinn Benediktsson i innleiinga av dette kapitlet, der han skriv at <z> i dei eldste manuskripta representerer dental + /s/ og kjem inn etter konsonantsambanda <ll> og <nn>.

4.2.6.2 Mediopassiv

Refleksivforma eller mediopassiv er ei verbalform som er særmerkt for nordisk, og denne forma blir uttrykt med <z> i handskriftet:

andaðiz / andaðisk (38vA11)	girntiz / girntisk (36vA23)
ðvalþiz / dvalðisk (37rB33)	reððoz / hræddusk (37rA27)
eignoðoz / eignuðusk (37vB8)	criftnaz / kristnask (36vB32)
endiz / endisk (36vB18)	fnvaz / snúask (38rB17)
þinaz / finnask (37vB36)	vonðoz / vönðusk (38rB7)

Mediopassiv form av verbet har utvikla seg over tid. Opphavleg var forma *-sk*, og i dei eldste handskrifta finn vi former som *-sk*, *-sc*, *-zk*, *-zc*, frå det refleksive pronomenet *sik*, språkhistorisk sett (Hagland 2004:396). Kjartan G.Ottósson argumenterer for at den ortografiske endringa frå *-sc* til *-z* representerer overgangen frå */-sk/* til */-st/* ved delvis assimilasjon i løpet av 1200-talet (1992:107, 156). Opphavet til denne lydendringa var fleire:

Det var påverkað frá Noreg. Lydendringa fann grobotn på Island, fordi det allereie var reduksjon i bruken av enklitiske ord. Overgangen frå /-sk/ til /-st/ var ei naturleg endring i samsvar med språkssystemet. Sist, men ikkje minst, det var borgarkrig på Island. Det er ikkje uvanleg at lydendringar skjer i tider med sosialt kaos, fordi språkkonvensjonane blir svekka. (Kjartan G.Ottósson 1992:151-152).

I 39 finst også døme som blir skrivne <z>: *boiðozc* / *boiðusk* (43vB23), *drozc* / *drósk* (41rA16), *ftaðpæftazc* / *staðfestask* (39vB16). Mediopassivformer med *-k* og *-c* peikar attover i tid til første halvdel av 1200-talet (Hagland 2004:396-397).

4.2.6.3 Superlativ

Superlativsendinga blir like ofte skriven med <z> som med <s>. Nedanfor er ordformer som har <z> i endinga:

<i>þriþazti</i> / <i>friðasti</i> (38rB25)	<i>þriþoz</i> / <i>friðust</i> (38vA17)
<i>þriþaztr</i> / <i>friðastr</i> (38vB3)	<i>licaz</i> / <i>líkast</i> (39vB15)
<i>vitroztom</i> / <i>vitrustum</i> (38rB3)	<i>vegligaz</i> / <i>vegligast</i> (38rA35)

I flesteparten av døma representerer <z> berre /s/, andre stader /st/.

Nedanfor følgjer døme på ordformer som har <s> i endinga:

<i>þleft</i> / <i>flest</i> (38vA27)	<i>lengft</i> / <i>lengst</i> (39rB6)
<i>þrægfto</i> / <i>frægstu</i> (36vA22)	<i>mesta</i> / <i>mesta</i> (36vA10)
<i>þyrft</i> / <i>fyrst</i> (39rA19)	<i>þinfælafti</i> / <i>vinsælsti</i> (36vA4)
<i>glaðaftr</i> / <i>glaðastr</i> (38rB29)	

Det er vanskeleg å peike på ei klár årsak til at nokre av døma får <s> medan dei andre får <z>.

4.2.6.4 Oppsummering

Bruk av <z> i 39 viser at handskriftet samsvarar med det Hreinn Benediktsson meiner var stoda etter ulike endringar på 1200-talet. Han trekkjer fram den utvida bruken av <z> for <s>, først etter dentalar og konsonantsambanda /ll, nn/, sidan i mediopassiv og superlativ. Hagland skriv at formene med <z> blei vanlege i islandske handskrift omkring midten av 1200-talet (2004:397).

4.3 Norvagismar i 39

Norvagisme er omgrepet for “norsk ord, form ell. uttrykk i et fremmed sprog” (Norsk riksmålsordbok, b.3, sp. 352). Stefán Karlsson utvidar omgrepet og skriv at “en norvagisme er et uttrykk eller en skrivemåde, der er bedre kendt i norsk end i samtidige islandske håndskrifter”. Denne definisjonen tek omsyn til at islandsk i perioden ca.1200-1400 ikkje er eit “fremmed sprog” for norsk i same grad som dansk og svensk (Stefán Karlsson 1978:88). Gamalnorsk og gamalislandsk er å rekne for dialektar av det norrøne fellesspråket (Kyrkjebø 2003:17).

I dette kapitlet vil eg presentere to døme på norvagismar, eit fenomen frå vokalismen og eit frå konsonantismen: nektingsprefiks og bortfall av <h> i dei eldre konsonantsambanda /hl-, hn-, hr-/.

4.3.1 Nektingsprefiks

I handskriftet er nektingsprefikset for det meste skrivne <v>, men det er einskilde døme på <o>. I heile 39 har eg funne 21 ord med nektingsprefiks. Tre av dei blir skrivne med <o>:

Nektingsprefiks blir skrivne med <v>	Nektingsprefiks blir skrivne med <o>
18 døme (86 %)	3 døme (14%)

I døma nedanfor har eg valt å normalisere til <ó> når dei er skrivne med <o> og til <ú> når dei er skrivne med <v>, sjølv om Heggstad, Hødnebø og Simensen (1975) alltid normaliserer til <ú>.

Nektingsprefiks blir skrivne med <o>:

ovarliga / óvarliga(36vA6)

opocca / ópokka (41rA29).

opoccaðiz / ópokkaðisk (40rA4)

Nektingsprefiks blir skrivne med <v>:vbrvnnir / úbrunnir (40rA3)

vcatr / úkátr (39vA33)

vðæll / údæll (41rA7)

væirar maðr / úeirðar-maðr (43rA5)

vþegra / úfegra (37vB24)

vþlýandi / úflýjandi (42vB21)

vþorom / úfgrum (43rB17)

vþæran / úfæran (40rB12)

vþrið / úfrið (37vA9)

vþriþr / úfriðr (42vB21)

vþriþi / úfriði (42vA29)
iv/lyðni / i úhlýðni (38rB11/12)
vmaki / úmaki (38rB15)
vminntoz / úmintusk (42vB3)
vraði / úráði (38vA30)
Vvinfællt / Úvinsælt (42rA1)
vþýðr / úþýðr (41rA7)
vvitanði / úvitandi (43rB32)

<ó> som nektingsprefiks var vanleg på Island både i den norrøne tida og no. Alle dei normaliserte, norrøne tekstene bruker <ó>, og dette er også korrekt i normativ, islandsk ortografi i dag som samsvarar med fonologien. Men <v> har også vore nytta i islandske handskrift, og Jóhannes L. L. Jóhannsson (1924:39-40) skriv mellom anna:

En um *ú-* fyrir *ó-* er það fljótsagt, að það er stæling eftir norsku máli, því að í elztu íslenzkum handritum er haft *ó-* og sú er myndin nú, enda er hún einnig langalmennust um alla miðöld. Samt kemur *ú-* allmikið fyrir eftir 1250 og er einrátt í sumum ritum, þótt aldrei yrði það föst tízka, sem *-ligur* varð. Það þykir sumum undarlegt, að Íslendingar skyldu fara að rita *ú-* fyrir *ó-* og fleira þess háttar, þvert á móti talmáli sínu, en orsökina er sú, að Íslendingar litu lengi vel svo á (af sögulegum ástæðum), að Norvegur væri höfuðlandið í inu vestnorræna málsvæði og héldu því það réttasta fyrmynd vera, er Norðmenn höfðu í máli sínu

I Noreg blei <u> og <o> nytta i ulike landsdelar: <o> i Trøndelag, både <u> og <o> på Nordvestlandet, mest <u>, men også <o> på Østlandet, <u> på Sørvestlandet (Christiansen [1976]:103f-107). Stefán Karlsson (1978:90) karakteriserer bruken av <u,v> som nektingsprefiks i islandske handskrift, som ein norvagisme, og dette fenomenet har den same problemstillinga som bortfall av <h> foran <l, n, r>.

4.3.2 Konsonantsambanda hl-, hn-, og hr-

Ståande <h> foran <l, n, r > er eit døme på dialektkilje mellom norsk og islandsk språk. I norsk var <h> utan tvil falle bort i desse posisjonane alt i førllitterær tid (Jørgensen 1985:209). Islandsk, både klassisk norrønt og moderne islandsk, har ståande <h> framfor <l, n, r>. I heimfestinga av handskrift blir desse konsonantsambanda brukte som eit viktig målmerke, og <h> framfor <l, n, r> blir rekna som eit sterkt indisium på islandsk.

Eg har undersøkt heile materialet, og nedanfor følgjer ei oversikt over alle ord som har bortfall av <h> framfor <l, r>. Det finst berre eit døme på konsonantsambandet <hn> (hnigo / hnigu), og i dette dømet er det ikkje bortfall av <h>:

Bortfall av <h> framfor <l>:	Bortfall av <h> framfor <r>
latri / hlátri (39rB29)	rað bý[ri] / hraðbyri (37vB19)
laup / hlaup (40rB3)	raʔftazti / hraustasti (41rB26)
laupa / hlaupa (40rA18)	gvllringr / gullhringr (42rB35)
laupom / hlaupom (38rB23)	rið / hríð (38rA3) 9 døme
lavit / hlaut (37vB15)	rið vakit / oddhríð vakið (37rB30)
liop / hljóp (40rB4) 4 døme	rimhillðar fon / Hrímhildarson (40rB18)
lióp / hljóp (40rB29)	ringa brýnio: / hringa-brynjur (41rB25)
liopp / hljóp (40vA24)	rifiti / hristi (42rB33)
liopo / hljópu (42rA31) 3 døme	rockinhár / hrokkinhárr (38rB26/27)
liota / hljóta (43rB33)	rotz / hrótz (36vB26)
lioðir / hljóðir (38vB20) 2 døme	rucco / hrukku (37rB2)
lið / hlið (37vB30) 2 døme	rýggvir / hryggr (39rB36)
borg lið / borgglið (37vB20)	reððoz / hræddusk (37rA27)
logo / hljógu (40rB23)	ræððvz / hræddusk (39vA33)
lóð / hlóð (36vB27)	ræððoz / hræddusk (42vA23)
lvt / hlut (36vA14) 2 døme	
luta / hluta (41rA23)	
lvtir / hlutir (39rB15)	
lvtir / hlutir (39vB1)	
lvtr / hlutr (39vB2)	
þiarlvtom / fjárhlutum (39vA28)	
lýði / hlýði (41vB30)	
lýðni / hlýðni (38rB17)	
vlýðni / úhlýðni (38rB11/12)	
læianði / hlæjandi (43rB31)	
læýpr / hleypr (40rB24)	
læýpt / hleupt (39rA35)	

Nedanfor følgjer ein tabell som viser fordelinga av <h> framfor <l, n, r>: 39 har 73 døme på ord der normalortografien krev <h>, og 61 av dei blir skrivne utan <h>. Tabellen viser også

om orda med og utan <h> er plasserte i skaldestrofer eller i prosadelen:

Konsonantsamband	Totalt	Blir skrive utan <h>	Skalde strofe	Prosa del	Blir skrive med <h>	Skalde strofe	Prosa del
<hl>	40	35	2	33	3	3	0
<hn>	1	0	0	0	1	1	0
<hr>	32	24	2	22	8	6	2
	73	59	4	55	12	10	2

Tabellen syner at <h> stort sett ikkje blir skriven framfor <l, n, r> i prosadelen. Her finst det to døme på ståande <h> og berre framfor <r>, og dei gjeld det same ordet *hringr*:

gvllhring / gullhring (40rA21) og *hring* / hring (40rB13) er skrivne med <h>, men derimot utan <h> i gvllring / gullhring (42rB35).

I det første dømet står <h> midt i ordet. Det er kan hende grunnen til at skrivaren har gløymt å fjerne han. I det andre dømet, *hring* (40rB13), er ordet skriven med ein interlineær <i>. Denne forkortinga kan ikkje stå aleine i framlyd, så <h> blir naudsynleg utifrå eit grafisk omsyn. Det tyder at skrivaren er klår over at ordet kan skrivast med <h>.

Som tabellen ovanfor viser har 10 ord i skaldestrofene ståande <h> framfor <l, n, r>:

<hl> : hlaut / hlaut (36vB28) hlið / hlið (40vB5) hið dýr / hliðdyr (37rB21)

<hn> : hnigo / hnigu (36vB3)

<hr> : *hranbalf* / hrannbáls (41vB8), hreinf / hreins (36vB3), hréino / hreinu (37vA28), hrið / hrið (37vB13), *hriftar* / Hristar (37vB13), hriðða / hrjóða (36vB28)

4 ord i skaldestrofene har bortfall av <h> framfor <l, n, r>:

<l> : lavt / hlaut (37vB15), lóð / hlóð (36vB27),

<r> : rið vakit / oddhríð vakið (37rB30), rotz / hróts (36vB26)

Bortfall av <h> er ikkje planlaust. <h> fell bort i skaldestrofene dersom han ikkje er naudsynleg for alliterasjonen. Eg vil vise dette med døme frå teksten:

hreinf (36vB3) og *hnigo* (36vB3) st ur i f olgjande langline, og <h> er naudsynt p a grunn av alliterasjonen:

<p><i>hreinf gramf heþan</i> <i>hnigo .lx.</i></p>
--

ihriftar (37vB13), *hrið* (37vB13) og *lavt* (37vB15) st ur i den same skaldestrofa:

<p><i>S�ett fra ec d�ela drottinn</i> <i>�rengr minniz þesf uina.</i> <i>toco huaft ihriftar</i> <i>hrið valflong[ur] riða</i></p>	<p><i>ftercr braut ualict uirki</i> <i>ualf [m]unlituðr gunar</i> <i>þogr rvðvz sverþ en figri</i> <i>fnar bragning lavt þagna.</i></p>
--	---

hriftar og *hrið* er begge skrivne med interline er 'i', s a av tekniske grunnar er <h> naudsynt. Ein interline er bokstav kan ikkje st a f orst i ordet. Men det viktigaste er at dei skal allitere med *huaft*. St ande <h> har inga interesse for alliterasjonen i *lavt* i den siste langlina og er derfor fjerna.

rotz (36vB26) og *l d * (36vB27) har begge bortfall av <h>. Dei st ur i 2 ulike langliner og har ikkje noko  a seie for bokstavrimet. Men i tredje langline finn vi *hri da* og *hlaut* (36vB28).

Her er <h> tatt vare p a p a grunn av bokstavrimet:

<p><i>Oc f�adytir þoro</i> <i>þiolnif rotz at moti.</i> <i>v�ig afom l�d� vifi</i> <i>vikingar gramr rikom.</i></p>	<p><i>naði herr at hri�da</i> <i>hlaut d�engia v�nfengi</i> <i>þyrþom hollr en fellat</i> <i>þ�tt lið gal�i�r atta.</i></p>
---	---

Det neste d omet, *hl d * (40vB5), st ur i den siste langlina i ei skaldestrofe. Her blir <h> oppretthalden p a grunn av bokstavrimet:

<p><i>h�dda briot þar er h�itir</i> <i>hl�d� þam vicom fiþar.</i></p>

hr ino (37vA28) st ur i ei langline og skal alliterere med *havca* og *hvatr*:

<p><i>havca þronf ihr�eno</i> <i>hvatr i�danar vatri</i></p>
--

hrannbáls (41vB8) stár i ei langline og skal alliterere med *húsping* og *hengja*:

hvsping gallt hengia hranball glotoðr mala

hið dýr (37rB21), stár i den siste langlina i ei skaldestrofe. Ordet *hið dýr* finst ikke i Lexicon poeticum (Sveinbjörn Egilsson 1931:253, 262) og er tydeleg feilskreven for *hliðdyrr*. Alle andre utgåver har *hliðdyrr*. Skrivaren har skjönt at <h> er naudsynt på grunn av bokstavrimet med *hellis*:

þa er iræipom ramðýr þrama figv firir hellis hið dýr med lið.
--

Det siste ordet med bortfall av <h> i ei skaldestrofe, *rið / oddhrið* (37rB30), gjev ikkje meining.

Det blir berre alliterasjon med *oddhrið*. Men skrivaren har laga ei interlineær hake og bokstav ovanfor *rið*, kan hende for å markere at noko manglar.

Teksten i 39	Normalisert etter <i>HkrFJ</i> III:276
knatti en hin .viii. rið vakit fiðan	Knátti enn en átta oddhrið vakið siðan

Skrivaren fjernar <h> nesten konsekvent framfor <l, n, r> i prosadelen (med unnatak av 2 døme). I skaldestrofene stár døma med <h> i komplementær distribusjon til kvarandre. Vi finn <h> foran <l, n, r> dersom han er naudsynt for alliterasjonen, elles blir han fjerna. Denne differensieringa skjer til og med innanfor same skaldestrofe. Bortfall av <h> er til vanleg eit sikkert målmerke for norsk språk, og er altså ein "norvagisme".

4.3.2.1 Oppsummering

Stefán Karlsson(1978) drøftar 5 moglege alternativ for å tolke kva som skjer nå vi møter former som samsvarar med særnorsk språkutvikling i ei islandsk tekst:

- 1) Formene er overført frå eit norsk førelegg
- 2) Formene har spreidd seg frå norsk til islandsk talespråk

- 3) Formene viser ein tendens hos islandske skrifvarar til å etterlikne norsk
- 4) Formene er overtekne frå eit gamalt islandsk førelegg
- 5) Formene har opphavet sitt i skrivaren sin eigen konservative dialekt

Eg vil leggje vekt på alternativ 1 og 3. Det er svært lite truleg at 39 hadde eit norsk førelegg. 39 er heimfesta til Island og blir ofte rekna for å ha vore på Island gjennom heile mellomalderen (Ugulen 2002:34), og er den einaste Heimskringla-avskrifta som er kjend for å ha vore på Island medan Arngrímur Jónsson levde (Jakob Benediktsson 1957:85). Stefán Karlsson argumenterer for at det var ein regulær bokekspport frå Island til Noreg i tida frå 1260, då Island kom under den norske kongen, og fram til ca. 1380, då Noreg fikk ein sams konge med Danmark. Mykje av denne eksporten var fyrstedikting og kongesoger retta mot kongehuset og adelen (Stefán Karlsson 1979:12-13). Avskrivning blei stort sett gjort av profesjonelle, islandske skrifvarar, og dei skreiv både for eit norsk og eit islandsk publikum. Det var meir naturleg for islandske skrifvarar å tilpasse seg norsk språk enn omvendt, særleg fordi Noreg historisk sett var hovudlandet (Jóhannes L.L.Jóhannsson 1924:40, Halvorsen 1969:6). 39 er ei soge om dei norske kongane, og det må ha vore eit større publikum for denne litteraturen i Noreg enn på Island.

Fjerning av <h> foran <l, n, r > og <v> som nektingsprefiks kan ha blitt sett på som enkle, tekniske grep for å lempe seg etter ein norsk ”marknad”. Konklusjonen min er at skrivaren har vore islandsk, og at han prøver å tilpasse seg eit norsk publikum ved å nytte særnorske skrivemåtar.

4.4 Bøyingsverket

4.4.1 R-bortfall i nominativ

Ugulen skriv at det ofte er bortfall av nominativsuffikset *-r* i 39 (2002: 47). Det gjeld ikkje for den delen av 39 som eg har undersøkt. Eg har berre funne 3 døme på *r*-bortfall i nominativ:

haþði þorkell verit hinn mefta vin haralds konvngf / hafði Torkell verit inn mesti vinr Haraldz konungs (43rA29)

hann var kær vin magnus konvngf / hann var kær vinr Magnús konungs (42rB25)

Ingilboꝛg er atti Knvtr lavarþr fon Eiriks / Ingilborg, er átti Knútr Lávarðr, sonr Eiriks ... (38vB8)

Noreen skriv at *vinr* kan mangle 'r' i nominativ sing. (1970: §388, Anm.).

Det er heller ikkje mogleg å finne spor etter *r*-bortfall i samansette ord med eit personnamn + substantivet *sonr*, også kalla patronymikon, fordi det ikkje finst døme på *utskrivne* former i 39. Sisteledet *sonr* blir alltid berre skrive med <f>. Det var vanleg for islendingar, i motsetnad til nordmenn, å utelate *-r* i patronymikon (Cleasby og Vigfusson 1957:578).

Konklusjonen må bli at døma ovanfor viser lite spor av oppløysing av bøyingsverket på dette punktet.

4.5 Oppsummering av ortografien

I denne oppsummeringa vil eg leggje vekt på trekk innanfor ortografien som kan gje haldepunkt for å avkrefte eller stadfeste at tidfestinga til ca.1300 og heimfestinga til Island er rett.

Islandsk språk er opphavleg eit norsk innvandrarspråk frå 800-900-talet. Trass i at fleirtalet av innvandrarane kom frå Vest-Noreg, har vi skildringar om innvandrarar frå alle delar av Noreg. Av den grunn blei det ei utjamning av eksisterande lokale skilnader som førte til ei uniformering av språket på Island (Hreinn Benediktsson 1982, b.7, sp. 487/488). Etter kvart utvikla det seg tydelege skilnader mellom språket i Noreg og på Island, slik at det har vore vanleg å skilje mellom gamalnorsk og gamalislandsk (Hagland 2004:376). I drøftinga av språket i handskrifa har hovudvekta blitt lagd på fonologiske forhold i islandsk og norsk i mellomalderen som det ikkje finst tilsvarende av i det andre av dei to språka (Rindal 1997:115). Rune Kyrkjebø oppsummerer ein lang debatt om kriterier for islandsk eller norsk heimfesting (2003:28).

Trekk som talar for **islandsk heimfesting**:

1. Samanfall av dei korte fonema /ɔ/ og /ø/ (sjå 4.1.3.1).
2. Samanfall av dei lange fonema /ø:/ og /æ:/ (sjå 4.1.3.2).
3. Endingsvokalane er <a, i, o>, ikkje vokalharmoni (sjå 4.1.5).
4. Konsekvent markering av u-omlyd, også i trestavingsord når opphavleg kort /a/ framfor ståande /u/ står utanom trykktung staving (sjå 4.1.6).
5. Runding av /e/ til /ø/ i former av pronomenet *engi* (sjå 4.1.7).
6. Relativ stor bruk av <þ> for <ð> (sjå 4.2.4).
7. Liten bruk av <æ> for /e/ (sjå 4.1.2).

Trekk som talar for **norsk heimfesting**:

1. Nektingsprefikset blir skriva med <v> og ikke med <o> (sjå 4.3.1)
2. Bortfall av <h> foran <l, n, r> (sjå 4.3.2)

3. Jamn fordeling av <ei> og <æi> som blir skrivne for /ei/ (sjå 4.1.4).

Det finst altså både islandske og norske former i 39, men ikkje alle språklege fenomen er like distinkte. Vi må vege dei ymse trekka mot kvarandre, og ein viktig premiss er norsk påverknad på islandsk. Noreg var hovudlandet, og påverknaden gjekk frå Noreg til Island. Det må også vere viktig å legge stor vekt på ortografiske trekk som viser til novasjonar i islandsk talemål som ikkje har tilsvar i norsk. Det vil være svært vanskeleg for ein islandsk skrivar å skjule t.d. samanfallet mellom eldre /ø:/ og /æ:/. Dette samanfallet har jo opphav i skrivarens talemål. Det same gjeld for samanfallet av dei korte fonema /ø/ og /ɔ/ og og rounding i former av pronomenet *engi*. På den andre sida er det lettare for ein islandsk skrivar å fjerne 'h' framfor 'l, n, r' enn det er for ein norsk skrivar å føre 'h' inn igjen på dei etymologisk rette stadene (Jørgensen 1985).

Trekk som kan seie noko om **tidfesting**:

Handskrift som viser sterkt samanfall av dei eldre fonema /ø:/ og /æ:/ gjev ikkje berre eit godt kriterium for heimfesting, men også for datering, og blir rekna for å vere yngre enn 1250.

Kålund (19095:vii) skriv at samanfallet skjedde temmeleg raskt etter 1250. (sjå 4.1.3.3)

Datering til slutten av 1200-talet stemmer med endingsvokalismen. 39 har i hovudsak <i> og <o> (og <a>) i dei trykklette endingane, men det finst døme på både <e> og <u>. Det tyder at 39 må vere yngre enn 1250, men eldre enn 1300, fordi overgangen frå <o> til <u> berre er i startfasen.

Andre, eldre trekk er tendens til bruk av palatalregelen (4.2.3) og stor bruk av <þ> for <ð> i inn- og utlyd (sjå 4.2.4).

Det er liten bruk av aksent, både for å markere lengd og for å skilje <i> frå omliggjande bokstavar, og dette er trekk som peikar mot slutten av 1200-talet (sjå 4.1.1.1).

Konklusjon:

Trass i nokre norvagismar vil eg heimfeste 39 til Island på eit ortografisk grunnlag. Den tradisjonelle datering til omkring 1300 gjev eit visst spelerom både før og etter 1300, men utifrå punkta ovanfor må den bakre grensa for 39 bli sett før 1300.

5 KONKLUSJON

I innleiingskapitlet la eg fram hovudsiktemålet for denne oppgåva. Eg viste til at 39 er heimfesta til Island og datert til omkring 1300, men det finst inga språkleg grunngeving for tid- og heimfestinga. Målet for oppgåva har vore å granske språklege trekk for å seie noko meir om tid- og heimfestinga. Fleire faktorar er med og avgjer språket i eit handskrift. Språklege trekk kan vere paleografi, ortografi, morfologi, leksikalske og syntaktiske trekk, men i oppgåva har eg valt å avgrense undersøkjinga til paleografi og ortografi.

- Oppsummeringa av paleografien (sjå 3.7) og ortografien (sjå 4.5) har vist at islandsk heimfesting er rett for *AM 39 fol.*

Oppsummeringa av paleografien og ortografien har gjeve haldepunkt for å seie at dateringane kan flyttast noko lenger tilbake i tid. Handskriftet kan ikkje vere yngre enn 1300, og då blir ei datering til "c1300" (*ONP/Registre: 432*) noko for romsleg. Bjarni Aðalbjarnarson har sett opp eit stemma over dei ymse *Heimskringla*-avskriftane (*HkrBA I:xciv*). Det er semje om hovudlinene i stemmaet som viser at 39 ikkje kan vere eldre enn *Kringla*. Stefán Karlsson (1976) daterer *Kringla* utifrå indre kriterium til tida omkring 1260, kan hende 1263-64, så 39 må vere yngre enn dette tidspunktet. Det tyder at 39 i prinsippet kan ha blitt skriven på kva tid som helst mellom 1263-64 og 1300.

Dei nye forslaga til dateringane i *ONP* (*Registre:431*) har "...ofte ret grovt, fortolket og forenklet..." dei dateringane som kjem fram gjennom standardkatalogane. Men mange av dei nye dateringane er blitt meir presise, og det minste spennet er på 10 år, og konklusjonen på tidsfestingsproblematikken blir at

- Ny datering for *AM 39 fol.* kan bli sett til 1270-1300.

Det var truleg ein eksport av bøker frå Island til Noreg på slutten av 1200-talet og fram til omkring 1380. Dette gjeld særleg for bøker som var retta mot kongehuset og adelen som t.d. kongesoger. Bruken av norvagismar blei vanleg hos profesjonelle, islandske skrivarar på denne tida. Dei prøvde å skrive eit slags riksspråk som kunne hevde seg innanfor heile det norske imperiet (Stefán Karlsson 1979). Sjølv om det derfor ikkje er nokon eintydig samanheng mellom bruk av norvagismar og eksport, kan både innhaldet i 39 og dei språklege, norvagiserande trekkane tyde på at det var meint for eksport til Noreg. Av ein eller annan grunn

har *AM 39 fol.* blitt verande på Island der Árni Magnússon samla saman restane på slutten av 1600-talet.

6 PRINSIPP FOR TRANSKRIPSJONEN

Ei ny utgåve av ein norrøn tekst føreset til vanleg at utgjevaren har tatt stilling til to sentrale problem; tekstseleksjon og tekstreproduksjon.

Tekstseleksjon vil seie korleis utgjevaren skal velje og vege dei handskrifa som han vil leggje til grunn for utgåva. Tekstreproduksjon er korleis den valte teksten skal bli presentert. Begge problemstillingane har konservative og intervensjonistiske løysingar. Den konservative posisjonen innanfor tekstseleksjon inneber at ein legg eit einskilt handskrift til grunn.

Utgjevaren vel det beste handskriftet og held seg til det, men gjev på same tid avkall på å restituere ein tekst som kan vere både mangelfull og skadd. Denna løysinga blir kalla ei monotypisk utgåve. Den intervensjonistiske løysinga inneber på den andre sida at ein bygger opp teksten på grunnlag av fleire handskrift. Teksten står då fram som ein syntese av tekstvitna og fell ikkje saman med noko einskilt handskrift. Ei slik løysing blir kalla ei syntetisk utgåve (Haugen 1995a:81-91).

Innanfor norrønfilologien blei omgrepet "new philology" lansert på byrjinga av 1990-talet. Den nye retninga var influert av poststrukturalismen og innebar at fokuset blei flytta frå jakta på den opphavlege teksten og over til dei einskilte handskrifa og variasjonen mellom dei. Dette førte til at det einskilte handskriftet fekk større autoritet og fornya interesse. Yngre handskrift blei ikkje meir sett på som korrumperte og forvanska utgåver av den opphavlege teksten, men som døme på sjølvstendige traderingar av den einskilte skrivar og som viktige og verdfulle kjeldetekstar frå den tida dei blei skrivne ned i.

Eg arbeider berre med eit handskrift og har derfor valt ein konservativ posisjon innanfor problemstillinga tekstseleksjon med ei monotypisk utgåve. Valet er gjort meir av praktiske grunnar enn av noka ideologisk overtving.

Problemstillinga med tekstreproduksjon blir svært viktig. Korleis skal eg gje att teksten?

Haugen (1995a:71-81) drøftar ulike strategiar i arbeidet med å gje ut norrøne tekstar. Han set fram seks alternativ: "frå pinleg detaljerte avskrifter til fullt normaliserte utgåver":

- fotografisk faksimile
- faksimiletrykk
- strengt diplomatarisk utgåve
- diplomatarisk utgåve
- lett normalisert utgåve

- fullt normalisert utgåve

Det er viktig å ha ein medviten tankegang om siktemålet med utgjevinga, og utgåva må leggjast til rette for å nå dette særskilde siktemålet. Målet for oppgåva mi er ei gransking av paleografien og ortografien i 39. Av den grunn blir det viktig å ta mest mogleg vare på dei særskilde paleografiske og ortografiske trekka som kan seie noko om tid- og heimfesting. Eg ønskjer ingen forbetra rekonstruksjon av teksten, og det inneber at eg respekterer ortografien og rettingane til skrivaren, endå om eg kan sjå at han har skrive "feil" i forhold til førelegget sitt. Eg vil vise manuskriptet mest mogleg som det var då skrivaren var ferdig.

Eg har derfor valt ei strengt diplomatarisk attgjeving av handskriftet. Det inneber likevel ei stor tilrettelegging av teksten, og eg vil etter kvart presisere kva eg legg i dette for denne utgåva av 39. Same kva eg gjer, er det viktig å vere merksam på at "Alle moderne trykte utgaver av middelaldertekster er tilrettelegginger av teksten for den moderne leseren eller forskeren. Men samme hvor nøye vi transkriberer en tekst er resultatet et annet enn den teksten middelalderleseren møtte i handskriftet..." (Berg:2001:1).

6.1 Hovudteksten

I 39 er det skrive på framsida og baksida av kvart blad, og kvar side har to spalter. Dei utskrivne abbreviaturane tek så mykje plass at det ikkje er mogleg å gje att teksten i to spalter. Av den grunn skriv eg kvar spalte i tur og orden. Kvar ny line i handskriftet startar med ny line i transkripsjonen, og dei blir skrivne full ut.

I handskriftet er skaldedikta skrivne fortløpande i teksten. I transkripsjonen er dei skrivne i versform for å skilje dei frå prosateksten. Dette er et stort inngrep og bryt med prinsippet mitt om å vere mest mogleg tru mot teksten i manuskriptet. Eg har likevel valt å gjere det, fordi det vil gjere skaldedikta lettare tilgjengelege.

Kapitteloverskriftene er i handskriftet plasserte i sjølve prosateksten, men dei er skrivne med raudt blekk i motsetnad til resten av teksten. I transkripsjonen blir dei skrivne med svart, feit skrift på aktuell plass. Vakre initialar som går over fleire liner, står alltid til venstre for overskriftene i spalta. Det er ikkje mogleg å gje dei att i si naturlege prakt, men dei blir markerte med ein forstørtra majuskel.

Handskriftet er i utgangspunktet ikkje foliert, men det er foliert på fotografia. Eg har følgd denne ordninga i handskriftet og foliert på tradisjonell vis: For kvar spalte har eg sett inn ei overskrift med nummer for blad, tilvising til verso- eller rectoside og kva for spalte. Eit døme

er ”36vA” som vil seie blad 36, versosida og første spalte. Kvar spalte har 36-37 liner, og eg har gjeve kvar line sitt nummer frå 1-37. I venstre marg har eg sett inn linenummer for kvar femte line for å gjere det lettare å finne fram i transkripsjonen.

6.2 Graftypar

Eg har tidlegare skrive at eg har valt ei strengt diplomatarisk attgjeving av handskriftet og prøver derfor å spegle det paleografiske mangfaldet så godt som mogleg.

6.2.1 Følgjande graftypar er nytta i transkripsjonen

- Rund eller uncial 'd' <ð>
- Insulær 'f' <ƒ>³¹
- Insulær 'v' <ƿ>
- Høg 's' <ʃ>
- Rund 'r' <ꝛ>
- <v̇> i nokre døme for fonema /y/ og /y:/
- <ÿ> og <y>
- <ö> for fonemet /ɔ/ (Berre eit døme)
- 't' blir skrive <t>
- Kapitelformene <E, G, M, N, R>. Det er uråd å skilje mellom kapitel 's' og vanleg minuskel 's', så eg brukar berre vanleg 's'. Bruken av kapitelar i 39 er inkonsekvent, fordi einskilde grafem representerer både enkel og dobbel lydverdi, og viser at skrivaren er blitt påverka av fleire tradisjonar og prinsipp. Dette bør komme fram i transkriberinga. Eg har valt å sjå på alle kapitelar som vanlege grafem og tolkar dei ikkje (sjå også 3.3.4).

6.2.2 Følgjande graftypar er ikkje nytta i transkripsjonen

- 'h, m og n' har variantar i handskriftet som blir skrivne med ein boge som går ned i underhøgda, men eg har valt å skrive dei: <h, m, n>. Ugulen (2002:150) brukar <ŋ> i transkripsjonen sin, fordi ”<ŋ> står ofte for geminat”. Eg er ikkje

³¹ I resten av oppgåva brukar eg <ƒ> som notasjon for insulær 'f'.

samd i dette. Det blir alltid brukt forkortingsteikn ved geminering; helst punkt, men også strek. Det er altså ikkje bokstaven som tyder geminering,

- 'i og j' blir skrivne utan prikk i 39, men eg brukar <i, j> med prikk i transkripsjonen.
- Skiljet mellom store og små bokstavar var ikkje systematisk gjennomført i mellomalderkrifta (Haugen 2004:184). Dette samsvarar med praksisen i 39.

Skrivaren er ikkje konsekvent og bruker t.d. den store minuskelforma <a> både i minuskel- og majuskelfunksjon. Eg har valt å bruke <A> i majuskelfunksjon. Men det er mange val å ta også for dei andre bokstavane, og eg viser generelt til gjennomgangen av dei einskilde minusklane (sjå 3.3.1) og majusklane (sjå 3.3.2) der eg skriv meir om dette.

6.2.3 Ligaturar som er nytta i transkripsjonen

39 har stor bruk av ligaturar der dei samanskrivne bokstavane både opprettheld lydverdiane sine og der dei har ein sjølvstendig fonemisk referanse (sjå 3.4). Mange av desse ligaturane manglar spesialteikn, og i samråd med Kjartan Ottosson har eg valt å markere dei i transkripsjonen ved å skrive ein strek under dei bokstavane som er samanskrivne, t.d. fkýllði (39vB32), hinār (38rA1), konvngf (36vA9), hanf (36vA5), þesf (36vB20).

Dersom nokre av ligaturane har spesialteikn, nyttar eg dei. Dette gjeld særleg for ligaturar med sjølvstendig fonemisk referanse: <æ, œ, a>. Den siste tyder både diftongen /au/ og fonema /ɔ/ og /ø/.


6.3 Oppløysingar

Abbreviaturane blir oppløyste, og tolkingane blir skrivne i kursiv.

I utgangspunktet hadde eg to hovudprinsipp for oppløysingane: Dei skal følgje systemet og rettskrivinga i 39, og allografar skal ikkje nyttast. Etter kvart fann eg ut at det ikkje var lett å sameine desse prinsippa og har gjort visse modifikasjonar. Oppløysingane byggjer ofte på fullt utskrivne ord i teksten og analogiar på grunnlag av dei. Eg vel den meste frekvente skrivemåten dersom det same ordet har motstridande ortografi. Mange av dei fullt utskrivne orda er skrivne med allografar, særleg 'c', t.d. *oc, ec, byscop*. Men det er ikkje ei planlaus veksling mellom <c> og <k> 39. Det er ein tendens til at vekslinga skjer i samsvar med palatalregelen. Eg har derfor valt å bruke allografen 'c' i oppløysingane i transkripsjonen.

Nedanfor følgjer ei oppsummering over prinsippa som blir følgde ved oppløysingane:

- Oppløysingane blir skrivne i kursiv
- <i, o, a> blir skrivne i trykklette endingar i staden for normalisert <i, u, a>. Dette samsvarar med praksisen i 39 (sjå 4.1.5).
- <v> blir skriven for <u>
- <i> blir skriven for <j>.
- Både <s> og <z> blir brukte i genitivsendingar i 39. I transkripsjonen nyttar eg berre <s>.
- I genitiv i ord med opphavleg 's' har eg valt å skrive berre ein 's': t.d. *Magnus* og ikkje *Magnuss* (36vA9).
- Allografen <c> blir brukt, og den tironiske noten for 'ok' blir t.d. skreven 'oc'.
- Følgjande allografar blir ikkje nytta: Eg skriv kursivert <s, f, y> og ikkje <f, þ, ý>.
- Eit punkt på grunnlina kan ha dobbel funksjon som interpunksjonteikn og forkortingsteikn. I eit sånt døme let eg punktet bli ståande som interpunksjonsteikn, men her må det bli mykje skjøn. Punktet blir alltid ståande framfor majuskel:

	Sva fegir halldorr fcvaldri. Marg... (37rB25)
---	---

- Punkt som blir brukte for å avgrense tal, blir ståande i teksten.
- Oppløysing av patronymikon blir skriven utan 'r' i nominativ. Eg har ingen døme på utskrivne former med bortfall av 'r'. Det var vanleg for islendingar, i motsetnad til nordmenn, å utelate *-r* i patronymikon (Cleasby og Vigfusson 1957:578) (sjå også 4.4.1). Sidan eg allereie har konkludert med at 39 er islandsk, blir oppløysing av patronymikon skrivi utan 'r' i nominativ:

Andreaf brunf fon var... / Andréas Brúnsson var ... (42vA7)

Nicolaf ðana konvngr fvæinf fon / Níkolás Danakonungr Sveinsson (39vA2)

- Aksenteikn for å markere lange vokalar blir ikkje nytta i oppløysingane (Sjå 4.1.1 om Aksentbruk).
- Oppløysing av faste forkortingsteikn:
ur-teiknet blir attgjeve med *-vr* i trykk tung staving og *-or* i trykklett ending,

t.d. Spvrt / Spurt (39rA35) og þeftor / festur (39vB31).

Forkortingsteiknet 'z' blir attgjeve med *-rom*.

- Ved underprikking, dvs. rettingar, respekterer eg skrivaren, men opplyser i noteapparatet kva ordet er retta frå.

6.4 Samskriving versus særskriving

39 har mykje samskriving i motsetnad til moderne norsk. Dette gjeld ofte for:

- Forkortingsteikn for 'oc' + neste ord: ocattiþar / ok átti þar (37rB24)
- Preposisjonsuttrykk : aiacobf / á Jákóbs (36vB13)

Eg held meg til korleis orda er skrivne i 39 og normaliserer ikkje. Grensa mellom samskriving og særskriving er ikkje absolutt, så mange avgjerder blir tekne etter skjøn.

6.5 Bestemd/ubestemd form av substantiv

Skrivaren er ikkje konsekvent når det gjeld markering av ubestemd/bestemd form av substantiva. Bestemd form av substantivet kjem fram i handskriftet anten ved at den bestemde artikkelen blir markert med forkortingsteikn:

*konvngarnir*³² iatto / konungarnir játtu (36vA27)

eller at den bestemde artikkelen blir skriven fullt ut:

þeir baþo *konungana* / þeir báðu konungana (36vA25).

Like ofte blir bestemd form ikkje eksplisitt markert i handskriftet sjølv om ei normalisert utgåve har bestemd form. I alle døma nedanfor blir ordet *borg* berre skriva med bokstaven 'b', men i *HkrFJ* blir dei tre første døma attgjevne i bestemd form og det siste dømet i ubestemd form:

þa er þeir *konvngarnir* hoþðo litla rið fetið *vm borg* / þá er þeir konungarnir hoþðu lítla hrið setit um borgina (37vB7/8)

oc eignoðoz þa *konvngarnir borg* / ok eignuðusk konungarnir borgina (37vB8/9)

Sigrðr konvngr gaf Baldvina konvngi alla borg / *Sigurðr konungr gaf Baldvina konungi alla*

³² Her er berre siste delen av artikkelen forkorta

borgina (37vB9)

þara til fýrlandz til borgar þeirar er fæt heitir / fara til Sýrlandz til borgar þeirar, er Sæt heiter
(37vB5/6)

Eg har tidlegare nemnt at oppløysing av forkortingane inneber tolking av teksten. I dette dømet krev tolkinga gode kunnskaper i norrønt når det gjeld semantikk, kasus og stemd versus ustemd form av substantivet.

Når det gjeld attgjeving av substantiv utan markering av stemd artikkel, har eg valt å følgje skrivemåten i *HkrFJ*.

6.6 Historisk presens

Handskriftet har mange abbreviaturar av typen .f. som i prinsippet kan løysast opp som både *legir og lagði*. Handskriftet har ikkje døme på utskriven historisk presens. Eg har likevel valt å følgje praksisen i *HkrFJ* som nyttar presens.

6.7 Noteapparatet

Finnur Jónsson nyttar 39 i variantapparatet i den store *Heimskringla*-utgåva si (*HkrFJ*), men han har ikkje nytta 39 fullt ut: Finnur Jónsson utelet mange variantar og gjer sjeldan merksam på paleografisk variasjon. I noteapparatet tek eg ikkje oppatt dei variantane som allereie er nemde i *HkrFJ*, men eg gjer greie for dei variantane som er utelatne eller ukorrekte i *HkrFJ*. Eg tek skrivaren på alvor og rettar i teksten dersom han gjer det, men skriv i noteapparatet kva teksten er retta frå. Dersom skrivaren har utelate ord, gjer eg merksam på det i noteapparatet, men fyller dei ikkje ut i tekstdelen.

6.8 Teiknforkláringar

[...] Dersom teksten i handskriftet ikkje kan lesast på grunn av hol eller annan skade i pergamentet, er teksten henta frá Finnur Jónssons *Heimskringla*-utgåve 1893-1901 (*HkrFJ*). Desse tekstbrokkane er plasserte mellom parentesar og blir altså normaliserte i motsetnad til oppløysingane. Eg gjev tilvising til band, side og line i *HkrFJ* i note.

‘...’ Tilføydd over lina i handskriftet, t.d. þesi minning ‘naliga’ var (42vA19)

fkýllðo Understreking av to bokstavar i eit ord tyder samanskriving

7 BIBLIOGRAFI

AMkat. = Kålund, Kr. 1889-94

Beck, Heinrich 1993: *Wortschatz der altisländischen Grágás (Konungsbók)*. Unter Mitarbeit von Astrid van Nahl [et al.]. Göttingen : Vandenhoeck & Ruprecht.

Berg, Kirsten M. 2001, 25/6 [sitert 31/05 2005, 15.05 norsk tid] Statim invenire – handskriftteksten som mnemonisk landskap. 6 s.

<http://www.cas.uio.no/Groups/EdMa2000/symposium/KB/Kb.html>

Bjarni Aðalbjarnarson (utg.) 1941-1951: *Heimskringla* [av] Snorri Sturluson. 3 b. Reykjavík : Hið íslenska fornritafélag. (Íslensk fornrit, 26-28). [=HkrBA I-III].

Brown, Michelle P. 1990: *A guide to Western historical scripts from Antiquity to 1600*. London : The British Library.

Brøndum-Nielsen, Johs. [1943]: *Palæografi A : Danmark og Sverige*. Stockholm : Bonniers. (Nordisk kultur, 28 A).

Cappelli, Adriano 1967: *Dizionario di abbreviature latine ed italiane*. 6 utg. Milano : Ulrico Hoepli.

Christiansen, Hallfrid [1976]: *Norske dialekter*. [Oslo] : Tanum-Norli.

Cleasby, Richard og Gudbrand Vigfusson 1957: *An Icelandic-English dictionary / initiated by Richard Cleasby; subsequently revised, enlarged and completed by Gudbrand Vigfusson*. 2.ed. with a supplement by Sir William A. Craigie. Oxford : Clarendon [1.utg.1874].

Finnur Jónsson (utg.) 1893-1901. *Heimskringla - Nóregs konunga sögur*. Af Snorri Sturluson. 4 b. København. (STUAGNL, 23). [=HkrFJ I-IV].

Fritzner, Johan 1973: *Ordbog over det gamle norske sprog*. Omarbeidet, forøget og forbedret udgave. 4. utg. 4 b. Oslo : Universitetsforlaget [1.utg.1867].

Greetham, D[avid] C. 1994: *Textual scholarship : an introduction*. New York : Garland.

Gunnes, Erik 2000: *Religioner på marsj*. Oslo : Aschehoug. Red.av Knut Helle ... [et al.]. [Rev. utg.]. (Aschehougs verdenshistorie, 4).

Hagland, Jan Ragnar 1986: *Riksstyring og språkform : spørsmålet om kongskanselliets rolle i norsk språkhistorie på 1200- og første halvdel av 1300-tallet*. Oslo : Novus.

- Hagland, Jan Ragnar 2004: "Gammalislandsk og gammalnorsk språk". I: *Handbok i norrøn filologi*. Red.av Odd Einar Haugen, s. 375-405. Bergen : Fagbokforlaget.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld 1969: "Mattias Tveitane: Den lærde stil". Doktordisputas med Eyvind Fjeld Halvorsen som førsteopponent. I: *Maal og minne*, 1969:1/2, s. 1-18.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld 1984: "Om uttalen av á i gammelnorsk". I: *Festskrift til Einar Lundeby 3.oktober 1984*. Red.av Bernt Fossetøl [et al.], s. 239-251. Oslo : Novus.
- Haugen, Odd Einar 1995a: "Constitutio textus: intervensjonisme og konservatisme i utgjevinga av norrøne tekster". I : *Nordica Bergensia* nr. 7, s. 69-99.
- Haugen, Odd Einar 1995b: *Grunnbok i norrønt språk*. 2.utg. Oslo : Ad Notam/Gyldendal.
- Haugen, Odd Einar 2002: "The development of Latin script I : in Norway". I: *The Nordic languages : an international handbook of the history of the North Germanic languages*. Ed.by Oskar Bandle [et al.]. b.1, s. 824-832. Berlin : de Gruyter. (Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft, 22).
- Haugen, Odd Einar 2004: "Paleografi" I: *Handbok i norrøn filologi*. Red.av Odd Einar Haugen, s. 175-214. Bergen : Fagbokforlaget.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen 1975: *Norrøn ordbok*. 3. utg. av Gamalnorsk ordbok. Oslo : Samlaget.
- HkrBA* = Bjarni Aðalbjarnarson 1941-1951.
- HkrFJ* = Finnur Jónsson 1893-1901.
- Holtmark, Anne 1955: *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca.1250*. Utg.av Gammelnorsk ordboksverk. Oslo : Dybwad.
- Hreinn Benediktsson 1961/62: "Óákv. forn. nokkur, nokkuð". I: *Íslensk tunga : tímarit um íslenska og almenna málfræði* 3(1961/62), s. 7-38. Reykjavík.
- Hreinn Benediktsson 1962: "The Unstressed and the non-syllabic vowels of Old Icelandic". I : *Arkiv för nordisk filologi*. Årg.77, s. 7-31.
- Hreinn Benediktsson 1965. *Early Icelandic script : as illustrated in vernacular texts from the twelfth and thirteenth centuries*. Reykjavík : The Manuscript institute of Iceland. (Íslensk handrit, 2).

- Hreinn Benediktsson 1972: *The First grammatical treatise : introduction, text, notes, translation, vocabulary, facsimiles*. Ed.by Hreinn Benediktsson. Reykjavík : Institute of Nordic linguistics.
- Hreinn Benediktsson 1981: "Íslandsk språk". I : *KLNM*, b.7, sp. 486-493. 2. opl. København: Rosenkild & Bagger.
- Hreinn Benediktsson 2002: "Indirect changes of phonological structure : Nordic vowel quantity". I: *Linguistic studies, historical and comparative*. Ed.[by] Guðrun Þórhallsdóttir [et al], s. 164-189. Reykjavík : Institute of linguistics.
- Iversen, Ragnvald 1990: *Norrøn grammatikk*. 7.utg. revidert ved E. F. Halvorsen. 3. oppl. Oslo : Tano.
- Jakob Benediktsson 1957: *Arngrímur Jónsson and his works*. Copenhagen : Munksgaard.
- Jóhannes L. L. Jóhannsson 1924: *Nokkrar sögulegar athuganir um helztu hljóðbreytingar o.fl. í íslenzku, einkum í miðaldarmálinu (1300-1600)*. Reykjavík : Félagsprentsmiðjan.
- Johansson, Karl G. 1997: *Studier i Code Wormianus : skrifttradition och avskriftsverksamhet vid ett isländskt skriptorium under 1300-talet*. Göteborg: Acta universitatis Gothoburgensis. (Nordistica Gothoburgensia, 20).
- Jørgensen, Jon Gunnar 1985: "Íslandske målmerker i Sth. 4 fol. hand 3". I : *Maal og minne* 1985:3/4, 202-222.
- Jørgensen, Jon Gunnar 2000: *Det tapte håndskriftet KRINGLA*. Universitetet i Oslo : Det historisk-filosofiske fakultet. (Acta humaniora, 80).
- Kjartan G.Ottósson 1992: *The Icelandic middle voice : the morphological and phonological development*. Lund : Department of Scandinavian languages.
- KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til refomationstid*.
- Kromann, Erik 1980: "Abbreviaturer". I: *KLNM*, b.1, sp. 5-7. 2. opl. København : Rosenkilde & Bagger
- Kroman, Erik 1982. "Tironiske noter". I : *KLNM*, b.18, sp. 391-92. 2. opl. København : Rosenkilde & Bagger.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til refomationstid*. 1-[22] b. 2. opl. [Fotografisk opptrykk etter 1. utg. 1956-1978]. København: Rosenkilde & Bagger, 1980-82. [=KLNM].

- Kyrkjebø, Rune 1994: *Ei prøveboring i 'Stjórn' : ei paleografisk, ortografisk og tekstkritisk undersøkning av eit snitt av hovudhandskriftene til eldste delen av verket.*
Hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.
- Kyrkjebø, Rune 2003: "Norsk eller islandsk skrifvar i mellomalderhandskrift – ei kritisk vurdering av bruken av språklege kriterium ved heimfesting". I : *Nordica Bergensia* nr. 29, s. 15-35.
- Kålund, Kristian 1889-1894: *Katalog over Den Arnamagnæanske håndskriftsamling.*
Udg.af Kommissionen for Det Arnamagnæanske legat. 2 b. København : Gyldendal.
- Kålund, Kristian 1900: *Katalog over de oldnorsk-islandske håndskrifter i Det store kongelige bibliotek og i Universitetsbiblioteket (udenfor Den Arnamagnæanske samling), samt Den Arnamagnæanske samlings tilvækst 1894-1900.* København : Gyldendal, 1900.
- Kålund, Kr[istian] 1902: [Anm.av] V.Gödel: *Katalog öfver Kongl. Bibliotekets fornisländska och fornnorska handskrifter. Stockholm 1897-1900.* I : *Arkiv för nordisk filologi.* 18(1902), s.190-191.
- Kålund, Kristian 1905. *Palæografisk atlas : oldnorsk-islandsk afdeling.* Udg.af
Kommissionen for Det Arnamagnæanske legat. København : Gyldendal.
- Kålund, Kristian 1907. *Palæografisk atlas. Ny serie : oldnorsk-islandske skriftprøver c.1300-1700.* Udg.af Kommissionen for Det Arnamagnæanske legat. København : Gyldendal.
- Larsson, Ludvig 1891: *Ordförrådet i de älsta isländska handskrifterna : leksikaliskt ock gramatiskt ordnat.* Lund : Hjalmar Möller.
- Leeuw van Weenen, Andrea de (utg.) 1987: *Möðruvallabók : AM 132 Fol. 2 b.* Leiden : Brill.
- Lind, E.H. 1915: *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden.* Uppsala :
Lundequistska bokhandeln.
- Lindblad, Gustaf 1952: *Det isländska accenttecknet : en historisk-ortografisk studie.* Lund :
Gleerup. (Lundastudier i nordisk språkvitenskap, 8).
- Louis-Jensen, Jonna 1977: *Kongesagastudier : kompilationen Hulda-Hrokkinskinna.*
København : Reitzel. (Bibliotheca Arnamagnæana, 32).
- Louis-Jensen, Jonna 1997: "Heimskringla - Et værk af Snorri Sturluson?". I : *Nordica Bergensia* nr. 14, s. 230-245.

- Lönnroth, Lars 1964: "Tesen om de två kulturerna : kritiska studier i den isländska sagaskrivningens sociale förutsättningar". I : *Scripta Islandica* 15(1964), s. 1-97. Uppsala 1965.
- The Menota handbook: guidelines for the electronic encoding of Medieval Nordic primary sources. 2004, 5/5 [sitert 4/4 2005, 16.15 norsk tid]. Gen.Ed. Odd Einar Haugen. Version 1.1. Bergen : Medieval Nordic Text Archive.
<http://www.hit.uib.no/menota/guidelines>
- Noreen, Adolf 1970: *Altnordische Grammatik I : altisländische und altnorvegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des urnordischen*. 5., unveränderte Auflage. Tübingen : Niemeyer.
- Norsk riksmålsordbok*. Utg.av Det norske akademi for sprog og litteratur. Utarb.av Trygve Knudsen og Alf Sommerfelt. 6 b. Oslo : Kunnskapsforlaget, 1983-1995.
- Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Utarbeidd av Avdeling for nynorsk, ved Norsk leksikografisk institutt, Universitetet i Oslo, i samarbeid med Norsk språkråd. Redaksjon: Marit Hovdenakk [m.fl]. Oslo : Samlaget, 1986.
- Ólafur Halldórsson 1976: "Um Húsafellsbók". I : *Minjar og menntir : afmælisrit helgað Kristjáni Eldjárn 6.desember 1976*, s. 391-406. Reykjavík, Bókaútgáfa menningarsjóðs.
Ogsá trykt i: *Grettisfærsla : safn ritgerða eftir Ólaf Halldórsson, gefið út á sjötugsafmæli hans 18. apríl 1990*, s. 149-166. Reykjavík : Stofnun Árna Magnússonar.
- ONP = Ordbog over det norrøne prosasprog*
- Ordbog over det norrøne prosasprog*. Udg.af Den Arnamagnæanske kommission. [Førebels] 3 b. + Registre. København : Den Arnamagnæanske kommission, 1989-2004.
- Reynolds, L[eighton] D[urham] og N[igel] G[uy] Wilson 1974: *Scribes and scholars : a guide to the transmission of Greek and Latin literature*. 2. ed. Oxford : Clarendon Press.
- Rindal, Magnus 1997: "Norsk eller islandsk : ei drøfting av språkforma i norske og islandske mellomalderhandskrifter". I: *Íslensk málsaga og textafræði*. [Red.av] Úlfar Bragason, s. 113-120. Reykjavík : Stofnun Sigurðar Nordals. (Rit Stofnunar Sigurðar Nordals, 3).
- Seip, Didrik Arup 1954a: *Palæografi. B : Norge og Island*. Stockholm : Bonniers. (Nordisk kultur, 28 B).

- Seip, Didrik Arup 1954b: "Om endelsesvokalene *e, o : i, u* i eldste islandsk og norsk". I: *Nye studier i norsk språkhistorie*, s. 12-23. Oslo : Aschehoug.
- Seip, Didrik Arup 1981: "Kapitaler". I : *KLNM*, b.8, sp. 264-267. 2. opl. København, Rosenkilde & Bagger.
- Spehr, Harald 1929: *Der Ursprung der isländischen Schrift und ihre Weiterbildung bis zur Mitte des 13. Jahrhunderts*. Halle: Max Niemeyer Verlag.
- Spurkland, Terje 1991: *En fonografematisk analyse av runematerialet fra Bryggen i Bergen*. Univ.i Oslo, Inst. for nordistikk og litteraturvitenskap, Inst.for arkelologi, kunsthistorie og numismatikk.
- Stefán Karlsson (utg.) 1967: *Sagas of Icelandic bishops : fragments of eight manuscripts*. Copenhagen : Rosenkilde & Bagger. (Early Icelandic manuscripts in facsimile, 7).
- Stefán Karlsson 1976: "Kringum Kringlu". I: *Árbok Landsbókasafns* , s. 5-25. Reykjavík.
- Stefán Karlsson 1978: "Om norvagismer i islandske håndskrifter". I : *Maal og minne* 1978, s. 87-101.
- Stefán Karlsson 1979: "Islandsk bogeksport til Norge i middelalderen. I: *Maal og minne* 1979, s. 1-17.
- Stefán Karlsson 1982: "Skrift". I: *KLNM*, b.15, sp. 677-681. 2.opl. København : Rosenkilde & Bagger
- Stefán Karlsson 2002: "The development of Latin script II : in Iceland". I: *The Nordic languages : An international handbook of the history of the North Germanic languages*. Ed.by Oskar Bandle [et al.]. b.1, s. 832-340. Berlin : de Gruyter. (Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft, 22).
- Storm, Gustav 1873: *Snorre Sturlassöns historieskrivning: en kritisk undersøgelse*. København.
- Sveinbjörn Egilsson 1931: *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis = Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog*. 2. forøg. udg.ved Finnur Jónsson. København : Lyng & Søn.
- Svellingen, Ragnhild 1999: *Abbreviaturar og abbreviaturbruk i norske mellomalderhandskrifter*. Hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.

- Svensson, Lars 1974. *Nordisk paleografi: handbok med transkriberade och kommenterade skriftprov*. Lund : Studentlitteratur. (Lundastudier i nordisk språkvetenskap. Serie A, 28).
- Torp, Arne og Lars S. Vikør 1994: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 2. utg. Oslo : Ad/Notam.
- Ugulen, Jo Rune 2002: *AM 39 fol., Óláfs saga helga og Heimskringla : komparative analyser til utgreiing av overgangen mellom andre og tredje del av Heimskringla, og tilhøvet mellom nokre av handskriftene*. Hovudfagsavhandling i norrøn filologi. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.
- Widding, Ole 1981: "Ligaturer". I: *KLNM*, b.10, sp. 543-549. 2.opl. København : Rosenkilde & Bagger